



# Prop. 126 LS

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

---

Endringar i skatte- og avgiftsreglane mv.



# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>5</b>	<b>5.6.2.2</b>	Opplysningar som skal bli gitt .....	33
<b>2</b>	<b>Avgift på slutthandsaming av avfall .....</b>	<b>7</b>	<b>5.6.2.3</b>	Mottakande organ og rapporteringsfrist .....	34
<b>3</b>	<b>CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkt .</b>	<b>8</b>	<b>5.6.2.4</b>	Samordning med opplysningsplikt for rettshavarar etter petroleumsforskrifta § 49 .....	34
3.1	Innleiing .....	8	5.6.2.5	Sanksjonar ved brot på opplysningsplikta .....	35
3.2	CO <sub>2</sub> -avgift på naturgass og LPG .....	8	5.7	Økonomiske og administrative følgjer .....	35
<b>4</b>	<b>Reiarlagskatteordninga .....</b>	<b>10</b>	<b>5.8</b>	Iverksetjing .....	36
4.1	Innleiing .....	10	<b>6</b>	<b>Endring av meirverdiavgiftskompensasjonslova</b>	37
4.2	Bakgrunn og gjeldande rett .....	11	6.1	Innleiing .....	37
4.3	Vurderingar og forslag frå departementet .....	13	6.2	Bakgrunn .....	37
4.3.1	Innleiing .....	13	6.3	Gjeldande rett .....	39
4.3.2	Endringar i overgangsreglane for latente skatteskyldnader (basisordninga) .....	14	6.4	HøyTINGSinstansanes syn .....	39
4.3.2.1	Endring av rekkjefølgjereglane .....	14	6.5	Vurderingar og forslag frå departementet .....	40
4.3.2.2	Krav til minste realkapitaldel .....	16	6.6	Iverksetjing .....	41
4.3.2.3	Avvikling av miljøfondsordninga .....	18	6.7	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	41
4.3.2.4	Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit til føremon for nærstående .....	19	<b>7</b>	<b>Skattlegging av attlevande sambuar i uskifte .....</b>	42
4.3.2.5	Lemping i forbodet mot å yte lån i samband med konsernbidrag .....	21	<b>8</b>	<b>Fritak frå grunnavgifta på fyringsolje for tang- og taretrålarar</b>	43
4.3.3	Oppgjersordning for latente skatteskyldnader frå før 2007 .....	22	<b>9</b>	<b>Omtale av fastsetjing av likningsverdi for bustader som blir leigd ut som del av næringsverksemd .....</b>	44
4.4	Høvet til Grunnlova og Högsteretts dom av 12. februar 2010 .....	23	<b>10</b>	<b>Produktavgift på førstehandsomsetning av fisk .....</b>	46
4.5	Økonomiske og administrative konsekvensar .....	24	<b>11</b>	<b>Presiseringar og opprettingar i lovtekst .....</b>	47
<b>5</b>	<b>Opplysningsplikt for oljeselskap om sal av naturgass utvunne frå norsk kontinentalsokkel .....</b>	<b>26</b>	11.1	Endringar i meirverdiavgiftslova .....	47
5.1	Innleiing og samandrag .....	26	11.2	Endringar i tollova .....	48
5.2	Bakgrunn .....	26	11.3	Endringar i havressurslova .....	48
5.3	Sal av norsk tørrgass, inkludert LNG .....	27	11.4	Endringar i meirverdikompensasjonslova .....	48
5.4	Gjeldande rett .....	28	11.5	Endringar i dokumentavgiftslova .....	48
5.5	Merknader frå høyTINGSinstansane ....	29	11.6	Endringar i skattementingslova .....	48
5.6	Vurderingar og forslag frå departementet .....	30			
5.6.1	Generelt .....	30			
5.6.2	Meir om forslaget .....	32			
5.6.2.1	Transaksjonar som skal vere omfatta av opplysningsplikta .....	32			

11.7	Endringar i skattelova .....	50	11.9	Dobbelt heimel til å frita frå teieplikta i samband med vitneprov for retten i sakar som gjeld likning, toll og meirverdiavgift – endringar i ligningslova, tollova og meirverdiavgiftslova .....	51
11.8	Endringar i folketrygdlova .....	51			

# Prop. 126 LS

(2009–2010)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

## Endringar i skatte- og avgiftsreglane mv.

*Tilråding frå Finansdepartementet av 11. mai 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I samanheng med Revidert nasjonalbudsjett 2010 foreslår Regjeringa følgjande skatte- og avgiftsendringar som har provenyverknader for 2010:

- Avgifta på forbrenning av avfall blir fjerna frå 1. oktober 2010. Forslaget vil gi eit provenytap på om lag 24 mill. kroner påløpt og om lag 16 mill. kroner bokført i 2010.
- Det blir innført ei CO<sub>2</sub>-avgift på LPG og naturgass frå 1. juli 2010. Satsen blir sett tilsvarande den generelle satsen for CO<sub>2</sub>-avgift på mineralolje. Forslaget vil gi eit provenytap på om lag 15 mill. kroner påløpt og bokført i 2010, samanlikna med statsbudsjettet for 2010. Provenytapet i 2010 heng saman med at avgifta blir foreslått innført frå 1. juli, og ikkje frå 1. april slik det blei rekna med i saldert budsjett.
- Tang- og taretrålarar blir friteke for grunnavgifta på fyringsolje frå 1. juli 2010. Forslaget vil gi eit provenytap på om lag ½ mill. kroner påløpt og bokført i 2010.

I tillegg har Regjeringa fremma ein særskilt proposisjon om utvida avgiftsplikt på kultur- og idrettsområdet frå 1. juli 2010, sjá Prop. 119 LS (2009–2010) «Endringer i merverdiavgiftsloven mv. og Stortingets vedtak om merverdiavgift (utvidet avgiftsplikt på kultur- og idrettsområdet)». Forslaget i

proposisjonen blir anslått å gi eit årleg provenytap på om lag 335 mill. kroner. Forslaget gir ein auke i provenyet for 2010 på om lag 80 mill. kroner påløpt og om lag 58 mill. kroner bokført, samanlikna med statsbudsjettet for 2010. Auken i provenyet heng hovudsakleg saman med at det ikkje blir foreslått ei frivillig registreringsordning for idrettslag, slik det vart skissert som ei mogeleg løysing i budsjettet for 2010.

Dei foreslåtte endringane i skatte- og avgiftsopplegget inneber ei samla auke i provenyet på om lag 41 mill. kroner påløpt og om lag 27 mill. kroner bokført i 2010, samanlikna med statsbudsjettet for 2010.

Regjeringa foreslår også enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Forslag til endringar i reiarlagskatteordninga – frivillig ordning for oppgjer av dei latente skatteskyldnadene som er opparbeidd innanfor reiarlagskatteordninga før 2007, innføring av nye rekjkjefølgjeregler for utbytte mv., avvikling av miljøfondsordninga, endringar i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit for selskap som har latente skatteskyldnader frå før 2007 og innføring av eit krav om minste andel realkapital for selskap som har latente skatteskyldnader frå før 2007

- Forslag til innføring av ein regel som pålegg oljeselskapa å gi likningsstellet opplysningar om sal av gass utvunne på norsk kontinentalsokkel
- Forslag til oppheving av retten til å levere meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåver på papir
- Forslag til endringar for å skattemessig likestille attlevande sambuar i uskifte med attlevande ektefelle i uskifte
- Forslag til oppjustering av satsen i produktavgifta på førstehandsomsetning av fisk
- Forslag til presiseringar og opprettingar i lovtekst

I denne proposisjonen legg Finansdepartementet fram forslag til:

- lov om endring i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringar i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift
- lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.
- lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)

- lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)
- lov om endring i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)
- lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)

og

- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om energiavgift på naturgass og LPG for budsjettterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkter for budsjettterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om grunnavgift på fyringsolje mv. for budsjettterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om avgift på sluttbehandling av avfall for budsjettterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om avgift på utslipp av NO<sub>x</sub> for budsjettterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2010

## 2 Avgift på slutthandsaming av avfall

Departementet viser til Meld. St. 2 (2009-2010) Revidert nasjonalbudsjett 2010, avsnitt 3.4.2 om vurdering av avgifta på forbrenning av avfall. Som det går fram av vurderinga, er avgifta på forbrenning av avfall på mange vis ei presis miljøavgift. For alle miljøskadelege stoff utanom CO<sub>2</sub>, blir avgifta rekna ut på bakgrunn av direkte utslepp frå pipa. Ein kan likevel stille spørsmål ved om avgifta har stor verknad på utslepp og attvinning av material utover dei gjeldande reguleringane. Utslepp ved avfallsforbrenning blir i dag bl.a. regulert gjennom strenge krav til maksimale mengder utslepp.

Det kan og nemnast at den sjablongbestemte CO<sub>2</sub>-komponenten, som utgjer størstedelen av avgiftsbelastninga, er mindre treffsikker enn dei andre komponentane i avgifta. Dette er fordi avfall er eit lite einsarta produkt, og fordi utslepp kan variere betydelig mellom ulike former for avfall. Avfallsforbrenningbransjen er i ein vanskeleg konkurran-

sesituasjon, som blir forverra med at Sverige fjernar si forbrenningsavgift frå 1. oktober 2010. Etter ei samla vurdering foreslår Regjeringa derfor at slutthandsamingsavgifta for avfall til forbrenning blir avvikla frå 1. oktober 2010. Det vil seinare bli lagt fram ei evaluering av miljøverknadene av fjerninga.

Som ei følgje av forslaget om å fjerne forbrenningsavgifta, foreslår departementet også å oppheve § 1 andre ledd i Stortingets vedtak om utslepp av NO<sub>x</sub>. Etter denne paragrafen skal det ved avgiftsplichtig forbrenning av avfall betalast avgift etter Stortingets vedtak om slutthandsaming av avfall. Som følgje av dette må det i staden betalast avgift etter Stortingets vedtak om utslepp av NO<sub>x</sub>.

Departementet foreslår at endringane i avgifta på slutthandsaming av avfall og avgifta på utslepp av NO<sub>x</sub> tek til å gjelde frå 1. oktober 2010.

## 3 CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkt

### 3.1 Innleiing

CO<sub>2</sub>-avgifta på mineralske produkt blei innført i 1991 og blei i 1999 skild ut i eit eige avgiftsvedtak. Formålet med avgifta er å medverke til at utslepp av klimagassen CO<sub>2</sub> blir redusert på den billegaste måten. Slike avgifter fører til at utsleppa av klimagassar står overfor ein pris.

### 3.2 CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG

I samband med budsjettet for 2007 blei det vedteke CO<sub>2</sub>-avgift på gass til oppvarming av bygg frå 1. juli 2007. Avgifta blei vedteken som ei generell avgift på gass med fritak for gass som blir brukt til andre formål. EFTAs overvakingsorgan (ESA) konkluderte med at fritaket ikkje var i tråd med regelverket for offentleg støtte. ESA uttalte samtidig at fritaket vil vere i tråd med regelverket dersom alle betaler ei avgift som er over minstesatsane i EUs energiskattedirektiv (2003/96/EF).

I samband med budsjettet for 2010 blei CO<sub>2</sub>-avgifta på gass til oppvarming vedteken på nytt, men samtidig blei det vedteke ei energiavgift på gass i samsvar med det departementet oppfatta var meldinga frå ESA. Seinare signal frå ESA har tydd på at det er lite sannsynleg at dei vedtekne avgiftene ville bli godkjende. CO<sub>2</sub>-avgifta blei derfor ikkje sett i kraft frå 1. april.

Departementet legg no fram eit justert forslag til ei generell CO<sub>2</sub>-avgift for gass til oppvarming av bygg mv. og landbasert transport, og med låg sats for industrien. I praksis er derfor skilnaden mellom dette forslaget og vedtaket i budsjettet for 2010 at landbasert transport får den generelle CO<sub>2</sub>-avgifta. Forslaget inneheld inga energiavgift. Det er lagt avgjerande vekt på å leggje fram eit forslag som er i tråd med regelverket for offentleg støtte. Avgifta blir innført frå 1. juli 2010.

Departementet tilrår at den generelle avgifta på LPG og naturgass blir sett til same nivå som for mineralolje, rekna som kroner per tonn CO<sub>2</sub>. For 2010 svarer det til avgiftssatsar på 0,43 kroner per Sm<sup>3</sup> naturgass og 0,65 kroner per kg LPG, det vil seie 218 og 217 kroner per tonn CO<sub>2</sub>. På bakgrunn av

innspel frå bransjen har departementet vore i kontakt med Statistisk sentralbyrå, som i samråd med Klima- og forureiningsdirektoratet har sett ned utslepps faktoren på innanlands bruk av naturgass. Avgifta er derfor sett ned frå 0,51 kroner per Sm<sup>3</sup> til 0,43 kroner per Sm<sup>3</sup>. Avgifta er den same rekna i utslepp per tonn CO<sub>2</sub>.

Departementet legg fram forslag om at industrien – på same måte som i el-avgifta – skal ha låg sats. Store delar av industrien er omfatta av klimakovtelova, og kvotesystemet blir utvida frå 2013. Gass til bruk i kvotepliktige verksemder bør i prinsippet ikkje ha avgift. For at ESA ikkje skal ha innvendingar, tilrår departementet at gass som blir levert til industrien og til verksemder med kvotepliktige utslepp, får ein låg sats i tråd med minstesatsane i energiskattedirektivet. Desse satsane er 0 kroner for LPG og 0,05 kroner per Sm<sup>3</sup> for naturgass. Gass som blir nytta til kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske eller mineralogiske prosessar, får fullt fritak. Det same gjeld gass som blir nytta som råstoff som ikkje gir utslepp av CO<sub>2</sub>. Dette er i tråd med energiskattedirektivet.

Departementet tilrår vidare at fiske og fangst i nære og fjerne farvatn og veksthusverksemda får fritak for avgift då desse næringane ikkje er omfatta av EØS-avtala.

Ein tek også sikte på at gass til bruk i innanriks skipsfart blir friteken for avgifta. Fritaket for innanriks skipsfart er likevel avhengig av at ESA ikkje har innvendingar. Det er enno ikkje avklart om regelverket for offentleg støtte tillet eit slikt fritak og om det i så fall skal meldast eller notifiserast. Departementet vil innføre fritak for gods- og passasjertransport til sjøs så snart desse spørsmåla er avklarte. Departementet viser til forslag til avgiftsvedtak der departementet blir gitt fullmakt til å avgjere når fritaket skal tre i kraft. Dersom fritaket først trer i kraft etter 1. juli 2010, tek departementet sikte på å refundere innbetalt avgift dersom EØS-regelverket tillet det.

Hytan er ei blanding av metan/naturgass og hydrogen, som kan nyttast i kjøretøy. I Noreg blir blandinga kalla naturalhy, og ho inneholder 92 pst. naturgass og 8 pst. hydrogen. Departementet legg

til grunn at naturalhy er avgiftspliktig som naturgass.

Biogass er ikkje omfatta av avgiftsplikta, og del av biogass som blir blanda inn i naturgass og LPG, blir friteke for avgift.

Avgiftsreduksjonar og -fritak skal vanlegvis notifiserast og godkjennast av ESA før dei kan tre i kraft. Etter forordning 800/2008/EU (alminneleg gruppeunntaksforordning) er det tilstrekkeleg at støtta blir meldt til ESA. Vilkåret er at den som får redusert avgift, minst betaler den avgiftssatsen som er fastsett i energiskattedirektivet (direktiv 2003/96/EU). Redusert avgift på gass til område som er utanfor EØS-avtala, trengs verken å notifiserast eller å meldast. Noreg er ansvarleg for at vilkåra for å gi støtte er oppfylde. Dersom det viser seg at vilkåra ikkje er oppfylde, kan støtta måtte betalast tilbake. Departementet har i samråd med Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet vurdert dei reduserte satsane og avgiftsfriftaka til å vere i tråd med gruppeunntaksforordninga.

Framleggget inneber endringar i Stortingets vedtak om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkt. Avgifts-

satsane er fastsette i vedtaket § 1, mens fritak for avgift på gass er fastsette i § 5. Stortingets vedtak om energiavgift på naturgass og LPG kan opphevast. Dei nærmare reglane om berekning av avgifta vil bli fastsette i særavgiftsforskrifta.

Departementet viser til forslaget i budsjettet for 2010 der det blei lagt opp til at selskap som har inngått statlege og fylkeskommunale avtaler om kjøp av transporttenester, vil bli kompenserte for avgiftsauken. Det er noko uvisst om innanriks skipsfart blir friteken frå CO<sub>2</sub>-avgifta. Departementet vil i nysalderinga av 2010-budsjettet kome tilbake med dei budsjettmessige konsekvensane knytte til fylkes- og riksvegferjer av endringane i avgiftene på gass.

Forslaget inneber færre satsar enn vedtaket i Nasjonalbudsjettet 2010. Kostnadene ved å administrere avgifta, spesielt for næringslivet, blir dermed mindre.

Samanlikna med Nasjonalbudsjettet 2010 er forslaget rekna å gi eit provenytap på om lag 15 mill. kroner. På årsbasis er det rekna med at avgifta vil auke inntektene til staten med om lag 55 mill. kroner påløpt og 50 mill. kroner bokført.

## 4 Reiarlagskatteordninga

### 4.1 Innleiing

Ved lov 14. desember 2007 nr. 107 blei det vedteke endringar i reiarlagskatteordninga. Endringane hadde mellom anna til følgje endeleg fritak for skatt på nye inntekter frå skipsfartsverksemd, og fekk verknad frå og med inntektsåret 2007, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) kapittel 3 og Innst. O. nr. 1 (2007–2008) kapittel 3.

Før endringane var reiarlagskatteordninga basert på ein uttaksmodell, det vil seie at skipsfartsinntekter ikkje blei skattlagt etter kvart som dei blei opptente, men når ikkje skattlagt inntekt blei delt ut (som utbytte o.a.) eller selskapet gjekk ut av reiarlagskatteordninga.

Ved omlegginga av reiarlagskatteordninga blei det vedteke overgangsreglar for å handsame dei latente skatteskyldnadene til selskap som blei likna innanfor den særskilte reiarlagskatteordninga fram til 2007, og som valde framleis å bli likna etter ordninga for 2007. Overgangsreglane gjekk ut på eit oppgjer av dei latente skatteskyldnadene per 1. januar 2007, der to tredelar av utrekna, ikkje skattlagd gevinst skulle førast på ein oppgjerskonto som skulle takast til inntekt over 10 år, mens ein tredel av gevinsten ikkje skulle skattleggjast i den grad eit tenkt skatteinløp knytt til denne gevinsten blei brukt til kvalifiserande miljøtiltak.

I ein plenumsdom av 12. februar 2010 tok Høgsterett (under dissens 6-5) avgjerd om at overgangsreglane for oppgjer av dei latente skatteskyldnadene i reiarlagskatteordninga var i strid med forbodet i Grunnlova § 97 mot å gi lover tilbakeverkanke kraft. Grunnlovsstriden gjaldt den obligatoriske betalinga av latente skatteskyldnader over ein 10-årsperiode. Dommen er teke inn i Retstidende 2010 side 143 følgjande.

Konkret gjeld høgsterettsdommen likninga av tre reiarlag for inntektsåret 2007. Dommen får likevel verknad som prejudikat for fleire inntektsår og for ei rekkje andre reiarlag på likt grunnlag. Likningane for selskap i reiarlagskatteordninga for inntektsåra 2007 til 2009 vil bli tilpassa resultatet i dommen, med tilbakebetaling av uriktig likna og betalt skatt for 2007 og 2008. Korleis tilbakebetalin-

ga vert handsama i statsbudsjettet, omtalast i Meld. St. 2 (2009–2010) Revidert nasjonalbudsjett 2010.

Dommen gjer ikkje dei ikkje skattlagde skipsfartsinntektene i reiarlagskatteordninga frå før 2007 endeleg skattefrie, men inntektene må følgje ein uttaksmodell, slik som før endringane i ordninga i 2007. Den basisordninga som dette leier til for dei gamle, ikkje skattlagde inntektene, blei delvis oppheva frå 2007, og blir derfor i stor grad innført att i lovgivinga etter departementet sitt forslag.

Overgangsreglane til endringane i reiarlagskatteordninga i 2007 blei vedteke som ei samla løsing, der dei enkelte elementa heng saman. Når det skjerande elementet i overgangsordninga, det vil seie den pålagte betalinga av to tredelar av skatteskyldnadene over 10 år, er i strid med Grunnlova § 97, er det naudsynt å endre andre element for å rette opp noko av balansen i løsinga.

Departementet held fast ved at skattefritaket for skipsfartsinntekter som blei innført frå og med inntektsåret 2007 skal vidareforast, både for reiarlag med latente skatteskyldnader frå før 2007, og for reiarlag utan slike skyldnader. Endringsforsлага i denne proposisjonen gjeld berre overgangsreglane til endringane i reiarlagskatteordninga frå 2007, og ikkje reglane for skattleggjing av inntekter som blir tent opp framover. Forslaget om endring i rekkjefølgjereglane (sjå nedanfor) vil likevel få nokre verknader for uttak av slike nye, skattefrie inntekter. Endringane vil samla sett oppretthalde eit føremonleg skatteregime for å drive reiarlagsverksemd frå Noreg framover i tid.

Departementet foreslår ei frivillig oppgjersordning som går ut på at reiarlaga i staden for basisordninga kan velje ei endeleg skattleggjing av dei latente skatteskyldnadene som er opparbeidd innanfor reiarlagskatteordninga fram til 2007. Ordninga gir ein nominell skatt på om lag 6,7 prosent av ikkje skattlagt kapital.

Reiarlag som ikkje vel oppgjersordninga, vil halde fram med å ha dei latente skatteskyldnadene ståande i basisordninga. Skatten vil komme ved utdeling av aksjeutbytte o.a. eller dersom selskapet trer ut av reiarlagskatteordninga. Departementet foreslår ein ny rekkjefølgjeregel, slik at utdeling av utbytte o.a. blir skattlagt hos reiarlaget så lenge laget

har att latente skatteskyldnader. Dette betyr berre at dei nye, skattefrie skipsfartsinntektene ikkje kan takast ut av reiarlagselskapa før dei gamle, latente skatteskyldnadene er gjort opp i basisordninga. Når Grunnlova ikkje tillet at desse skatteskyldnadene kan gjerast opp ved ei obligatorisk inntektsføring over 10 år, samstundes som skattefritaket for nye inntekter vil redusere behovet for å ta av dei gamle inntektene til utdeling av utbytte, blir det rimeleg å ha ein rekjkjefølgjeregel som stimulerer til at det er dei eldre inntektene som blir brukt til utdelingar først. Dessutan er det ein naturleg regel at eldre inntekter blir brukt før seinare inntekter.

I tillegg foreslår departementet innføring av krav til minste del realkapital i reiarlag som har att latente skatteskyldnader frå før 2007. Vidare foreslår ein endringar med omsyn til forbodet mot å yte lån til og stille sikkerheit til føremon for nærståande for selskap som har att latente skatteskyldnader frå før 2007. Departementet foreslår likevel eit unntak frå låneforbodet for selskap med latente skatteskylnader frå før 2007, slik at desse selskapa får hove til å ta i mot konsernbidrag.

Departementet foreslår å avvikle miljøfondsordninga, som er ein del av overgangsreglane frå 2007. Endringa skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2009, men slik at det gis frådrag i miljøfondet for kostnader til miljøtiltak som det er oppstått ei ubetinga plikt for skattytar til å dekke eller innfri, eller ingått avtale om som fører med seg ei slik ubetinga plikt, før 26. mars 2010. Gevinst knytt til den attverande saldoen på miljøfondet på tidspunktet då endringa trer i kraft, skal sjåast på som ikkje skattlagt kapital, og dermed førast over til oppgjerskontoen i basisordninga for å handsame latente skatteskyldnader frå før 2007.

Hovudtrekka i denne proposisjonen blei varsla i ei pressemelding frå departementet 26. mars 2010.

Endringane i reiarlagskatteordninga må notifiserast til og godkjennast av EFTA sitt kontrollorgan, EFTA Surveillance Authority (ESA).

## 4.2 Bakgrunn og gjeldande rett

Det blei innført ei særskilt skatteordning for reiarlag med verknad frå og med inntektsåret 1996. Reiarlagskatteordninga gjekk ut på at inntekter fra drift og utleige av nærmare definerte fartøy ikkje skulle skattleggjast før midla blei teke ut av reiarlaget, eller laget gjekk ut av ordninga. Ordninga var dermed skatteutsetjande. Reiarlaga hadde i denne ordninga monalege latente skatteskyldnader. Desse skatteskyldnadene var samansett dels av ikkje skattlagt kapital som, da ordninga blei innført i

1996, kunne overførast til ordninga utan at kapitalen kom til skattleggjing med ein gong, dels av tilbakehaldne, ikkje skattlagde inntekter frå reiarlagsdrifta i åra frå og med 1996, og dels av latente gevinstar på driftsmiddel, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap (norskkontrollerte selskap i lågskattland).

Ved lov 14. desember 2007 nr. 107 blei det vedteke endringar i den særskilte skatteordninga for reiarlagselskap, med verknad frå og med inntektsåret 2007, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) kapittel 3. Endringane gjekk mellom anna ut på innføring av endeleg skattefritak for skipsfartsinntekter, samt ei utviding av kva slag aktivitetar selskap innanfor reiarlagskatteordninga kan drive.

For selskap som blei likna etter reiarlagskatteordninga for inntektsåret 2006, og som valde likning etter reiarlagskatteordninga også for inntektsåret 2007, blei det vedteke overgangsreglar som førte til at det skulle gjennomførast eit inntektsoppgjer av dei opparbeidde latente skatteskyldnadene per 1. januar 2007, med det formål at dei skulle avviklast, jf. overgangsreglar til endringane i skatellova §§ 8-14, 8-15 og 8-17 (overgangsreglane).

Reglar om gjennomføring av gevinstutrekninga ved omlegginga av reiarlagskatteordninga i 2007 følgjer av første ledd i overgangsreglane. Utgangspunktet var at alle driftsmiddel, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap skulle verdsettast til marknadsværdi. Som følgje av det store talet på reiarlag, var det viktig at verdsetjinga var enkel å gjennomføre. Det blei derfor som ei praktisk tilnærming vedteke at verdsetjinga skulle baseast på reiarlaga sine rekneskapsmessige verdiar per 31. desember 2006.

Dersom ein ved inntektsoppgjeren kom fram til ein gevinst, skulle minst to tredeler av gevinstenen førast på ein eigen oppgjerskonto, som skulle komme til inntekt lineært over 10 år frå og med inntektsåret 2007, jf. andre ledd i overgangsreglane. Inntil ein tredel av gevinstenen var friteke for skatteplikt så langt eit beløp lik 28 prosent av denne tredelen blei brukt til kvalifiserande miljøtiltak o.a., jf. tredje ledd i overgangsreglane. Nærmare reglar om fond for miljøtiltak o.a. blei gitt i Finansdepartementets samleforskrift til skatellova (forskrift 19. november 1999 nr. 1158 til utfylling og gjennomføring mv. av skatteloven av 26. mars 1999 nr. 14) § 8-20-1 flg. Dersom ein ved inntektsoppgjeren kom fram til eit tap, kunne tapet framførast til frådrag i framtidig finansinntekt i den mon tapet låg innanfor finansunderskot som kunne framførast per 31. desember 2006, jf. fjerde ledd i overgangsreglane.

Gevinst utrekna ved omlegginga av reiarlagskatteordninga, som ikkje er skattlagt eller endeleg

friteke for skatteplikt som følgje av miljøfondsordninga, skal sjåast som ein mellombels skilnad etter skattelova § 10-5 andre ledd (skattelova § 10-5 gir generelle reglar om korreksjonsinntekt), jf. femte ledd i overgangsreglane. Korreksjonsinntektsreglane skal i denne samanhengen hindre at attverande ikkje skattlagt gevinst i eit selskap innanfor reiarlagskatteordninga kan delast ut til eigarane utan skattlegging. Det skal gjerast frådrag for bokført utsett skatteskyldnad knytt til gevinsten ved utrekninga av eigenkapitaldelen etter skattelova § 10-5 andre ledd tredje punktum, jf. fjerde punktum.

Ein kan la vere å inntektsføre etter skattelova § 10-5 andre ledd innanfor eit beløp lik samla netto rekneskapsmessig resultat før skatt for inntektsåra frå og med 2007, jf. sjunde ledd i overgangsreglane.

Ved utsteg frå reiarlagskatteordninga skal eventuell attverande, ikkje skattlagt gevinst tas til inntekt i året for utsteg, jf. sjette ledd i overgangsreglane.

Selskap med attverande, ikkje skattlagt gevinst etter andre og tredje ledd, jf. første ledd, i overgangsreglane, kan ikkje yte lån til eller stille sikkerheit til føremon for skattytarar utanfor ordninga med direkte eller indirekte eigarinteresser i selskapet, jf. tiande ledd i overgangsreglane. Det same gjeld for lån til eller sikkerheit til føremon for selskap som slik skattytar har direkte eller indirekte eigarinteresser i, eller til skattytarens nærmiljø. Skattytarens foreldre, ektefelle, ektefellen sine foreldre, barn, barnebarn, sambuar eller sambuars foreldre blir haldne for å vere nærmiljø. Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit skal hindre at aksjonærar utanfor reiarlagskatteordninga i røynda disponerer over ikkje skattlagde skipsfartsinntekter. Det skal motverke tilpassingar og problem med omsyn til misleghald av skatteskyldnadene i samband med omlegginga av reiarlagskatteordninga, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) avsnitt 7.2.2.

Reiarlagselskap med attverande, ikkje skattlagt gevinst frå før 2007 kan likevel stille sikkerheit til selskap utanfor ordninga, når sikkerheita stillast overfor ein finansinstitusjon med konsesjon til å yte kredit etter finansieringsverksemderova eller tilsvarande finansinstitusjon med konsesjon til å yte kredit i ein annan stat. I slike høve er risikoen for tilpassingar lågare enn elles, jf. Ot.prp. nr. 95 (2008–2009) avsnitt 2.3.

Selskap som bryt forbodet mot å yte lån til eller stille sikkerheit til føremon for nærmiljø, må tre ut av ordninga frå og med det inntektsåret da vilkåra brytast, jf. tiande ledd, femte og sjette punktum, i overgangsreglane og skattelova § 8-17 andre og tredje ledd.

Ved plenumsdommen av 12. februar 2010 tok Högsterett (under düssens 6-5) avgjerd om at overgangsreglane for oppgjer av latente skatteskyldnader frå før 2007 var i strid med forbodet i Grunnlova § 97 mot å gi lover tilbakeverkande kraft. Grunnlovsstriden gjaldt den obligatoriske betalinga av latente skatteskyldnader over ein 10-årsperiode.

Konkret gjeld dommen likninga av tre reiarlag for inntektsåret 2007. Dommen får likevel verknad som prejudikat for fleire inntektsår og for ei rekke andre reiarlag. Likninga for selskap i reiarlagskatteordninga for inntektsåra 2007 til 2009 vil bli tilpassa resultatet i dommen, og uriktig likna og betalt skatt for 2007 og 2008 må betalast attende.

Førstvoterande gjer som talmann for fleirtalet i Högsterett inga forklaring på korleis likningane for dei aktuelle selskapa må gjennomførast for at ny likning ikkje skal vere i strid med Grunnlova § 97, jf. avsnitt 175 og 176 i dommen, der det heiter at:

«(175) Likningane for reiarlaga for 2007 kviler på feil lovgrunnlag og må opphevest. Eg kan ikkje sjå at det er grunnlag for å gi tilvisning på kva ny likning må gå ut på eller kva framgangsmåte det må skje etter, for at ny likning ikkje skal vere i motstrid til Grunnlova § 97.

(176) Eg er såleis komen til at anken fører fram, likevel slik at det ikkje er grunnlag for å ta reiarlaga sin påstand til følgje vidare enn til at likningane for 2007 må opphevest.»

Grunngivinga i dommen er ikkje eintydig med omsyn til kva for handlingsrom Stortinget har til å utforme ei ny, grunnlovsmessig betalingsordning for dei latente skatteskyldnadene. Det er likevel klart at dommen ikkje gjer dei ikkje skattlagte skipsfartsinntektena frå før 2007 endeleg skattefrie. Departementet viser til drøftinga under avsnitt 4.4 nedanfor.

I utgangspunktet tyder dommen, dersom ein ikkje gjer endringar i reglane som no står att, at ein er attende i ei ordning med utsatt skattlegging for skipsfartsinntekter opptent før 2007. Utdeling av ikkje skattlagde skipsfartsinntekter frå før 2007 vil vere skattepliktig hos selskapet etter dei alminnelege reglane om korreksjonsinntekt, jf. skattelova § 10-5 og presiseringa i femte ledd i overgangsreglane. Men fordi utbyttebehovet i stor grad kan dekkjast av nye, skattefrie inntekter i staden, vil uendra reglar elles ikkje leie til noko serleg utdeling med skatteplikt for reiarlaga. Sjå nedanfor under avsnitt 4.3.2.1 om dette.

Korreksjonsinntektsreglane går generelt ut på skattlegging av selskap som deler ut inntekter som er skattepliktige på selskapa sine hender, men der tidfestingsreglane medfører at inntekta enno ikkje er skattlagt. Ein skilnad mellom rekneskapsmessig

tal og skattemessige tal (fråtrukke utsatt skatt) vil vere fri eigenkapital og kan dermed delast ut som utbytte. Korreksjonsinntektsreglane skal hindre at utbytte kan delast ut på grunnlag av ein slik skilnad, utan at skatten kjem på. Etter desse reglane skal det gjerast ei inntektsføring når eigenkapitalen i selskapet i samsvar med balansen i årsoppgjeren er lågare enn summen av innskoten aksjekapital, medrekna overkurs, og ein utrekna eigenkapitaldel av netto positive, mellombels skilnader mellom dei verdiane som kjem fram i balansen i årsoppgjeren og dei skattemessige verdiane i selskapet. Foreslått utbytte etter aksjelova § 8-2 eller allmennaksjelova § 8-2 skal redusere selskapets eigenkapital i høve til denne utrekninga. Inntektsføring skal likevel berre gjerast så langt underdekninga skyldast at det ved avlegginga av årsoppgjeren for selskapet er foreslått utdeling av utbytte etter aksjelova § 8-2 eller allmennaksjelova § 8-2, eller det blir gitt konsernbidrag som overstig den alminnelege inntekta for året, eller det i inntektsåret er utdelt utbytte, jf. skattelova § 10-11, som overstig forslaget til styret frå i fjar om utdeling av utbytte, eller det er utdelt meir enn aksjens relative del av innskoten aksjekapital, medrekna overkurs, ved nedsetjing av aksjekapitalen ved innløysing av enkeltaksje, jf. skattelova § 10-37 andre ledd.

Ved den opphavlege likninga for 2007 og 2008 blei det ikkje gjort inntektsføring etter korreksjonsinntektsreglane ved slike utdelingar, dersom utdelingane låg innanfor inntekt som var skattlagt etter føresegna i andre ledd i overgangsreglane om obligatorisk inntektsføring av to tredeler av oppgjerskontoen over 10 år. Ettersom den sist nemnte føresegna no er satt til side av Högsterett, må ein sjå det slik at det i slike tilfelle er delt ut ikkje skattlagt inntekt, og dermed vil reglane om korreksjonsinntekt få verknad. Dette må ein ta omsyn til ved dei nye likningane for inntektsåra 2007 og 2008. Den skattlegginga som opphavleg blei lagt på selskapa etter andre ledd i overgangsreglane fell bort, men i staden kjem skattlegging etter reglane om korreksjonsinntekt.

Etter at dei serlege uttaksskattereglane for reiarlag blei oppheva frå 2007, har korreksjonsskattereglane i seg sjølvé danna heimel for skattlegging av utdelingar som berre kunne finansierast av inntektene frå før 2007. Ved revisjonen no av overgangsreglane legg departementet opp til at serlege uttaksskattereglar blir teke inn at.

## 4.3 Vurderingar og forslag frå departementet

### 4.3.1 Innleiing

Overgangsreglane av 2007 førte for mange reiarlag med seg ei skatteskjerping ved at tidspunktet for betaling av dei latente skatteskyldnadene blei framskynda. På den andre sida innehold overgangsreglane også ei rekke element som medførte skattelette. Desse elementa gjekk for det første ut på at det blei gitt gunstige rekkjefølgjeregler, slik at nye, skattefrie skipsfartsinntekter kunne delast ut skattefritt utan omsyn til dei latente skatteskyldnadene frå før 2007. For det andre blei det ved utrekninga av latente skatteskyldnadene per 1. januar 2007 (gevinstoppgjeren) nytta rekneskapsmessige verdiar framfor dei truleg jamt over høgare, reelle marknadsvardiane. For det tredje blei det gitt høve til endeleg fritak for ein tredel av dei latente skatteskyldnadene gjennom miljøfondsordninga.

Som følgje av at Högsterett ved plenumsdommen av 12. februar 2010 satte til side det skjerpende elementet i overgangsordninga, det vil seie den obligatoriske betalinga av latente skatteskyldnadene over 10 år, er det rimeleg å gjere visse endringar i dei lempande elementa i overgangsreglane. Føresetnaden er at slike endringar må ligge innanfor den tolkinga av Grunnlova § 97 som er lagt til grunn av Högsterett, jf. avsnitt 4.4 nedanfor.

Handsaminga av dei latente skatteskyldnadene frå før 2007 må også vere i samsvar med ESA sine statsstøtteretningslinjer for skipsfart. Ei meir lempelag handsaming av dei latente skatteskyldnadene frå før 2007, enn handsaminga i reiarlagskattetordninga før endringane i 2007, vil føre til uvisse med omsyn til om grensa for lovleg statsstøtte er overskrid. Det følgjer av ESA sine statsstøtteretningslinjer for skipsfart avsnitt 11 (2) at:

«... a reduction of corporate taxation of shipping activities such as is described in Section 3.1 (18) is the maximum level of aid which may be permitted. To avoid distortion of competition, other systems of aid may not provide any greater benefit than this.»

(Section 3.1 (18) dreier seg om omfanget på tonnasjeskatten.) Vidare følgjer det av ESA sitt vedtak av 3. desember 2008 om å godkjenne omlegginga av reiarlagskattetordninga i 2007 mellom anna:

«The transitional measures which have been notified with the new Tonnage Tax scheme impose stricter financial burden on the undertakings than the scheme that was approved by the Authority. (...) The transitional measures

impose upon the undertakings subject to the prior Tonnage Tax that they pay standard corporate tax on at least two thirds of the deferred tax over ten years. Having approved the prior Tonnage Tax scheme as an acceptable derogation from the general prohibition of state aid prescribed by Article 61 (1) of the EEA Agreement, the Authority considers that it can also approve the transitional measures which impose higher constraints upon the eligible undertakings.»

Departementet legg til grunn at det gjeldande skattefritaket for nye skipsfartsinntekter bør vidareførast. Slik vidareføring er viktig for å bidra til gode rammevilkår for næringa, slik at reiarlaga blir verande i det norske, maritime miljøet.

Delar av basisordninga for gamle, skattelatente inntekter blei oppheva i samband med overgangsreglane frå 2007. For å få ei tydeleg basisordning attende på plass i skattelovgivinga, foreslår departementet eit nytt lovvedtak om dette.

Konsekvensane av høgsterettsdomen er at skattlegging i denne basisordninga i hovudsak må knyttast til utdeling og utsteg. Dette gjer grunn til nokre endringar, samanlikna med basisordninga som gjaldt fram til og med 2006. Departementet går nærmare inn på dette nedanfor. Fordi desse endringane gjeld dei gamle inntektene, vil dei ikkje svekke reiarlaga sin konkurranseevne ved å halde fram i den norske skatteordninga. Dei som har vore i Noreg under reiarlagskatteordninga i åra 1996–2006, har generelt akseptert den skatteutsetjande ordninga som gjaldt for desse åra, og står derfor i ei anna stilling enn selskap som har flytta til eller er nyestablerte i Noreg frå og med 2007, under den nye skattefritaksregimet.

Endringsforsлага har ikkje verknad for selskap som gjekk ut av reiarlagskatteordninga i 2007 eller seinare. Selskap som valde å tre ut av reiarlagskatteordninga per 1. januar 2007, framfor å bli med vidare i den reviderte ordninga, følgjer reglane om utsteg som gjaldt før endringane i 2007 (og som ikkje blei oppheva for reiarlagselskap som gjekk ut per 1. januar 2007, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) avsnitt 3.6). Når det gjeld selskap som har trede ut seinare, gjeld føresegna i sjette ledd i overgangsreglane om at attverande, ikkje skattlagt gevinst skal skattleggjast fullt ut i året for utsteget.

### **4.3.2 Endringar i overgangsreglane for latente skatteskyldnader (basisordninga)**

#### *4.3.2.1 Endring av rekkjefølgjereglane*

Slik overgangsreglane no er utforma, kan selskap som har att ikkje skattlagt gevinst utrekna per 1. januar 2007 etter første ledd i overgangsreglane, unnlate inntektsføring etter reglane om korreksjonsinntekt i skattelova § 10-5 andre ledd, innanfor ein sum lik samla netto rekneskapsmessig resultat før skatt for inntektsåra frå og med 2007. Denne gunstige rekkjefølgjeregelen må sjåast i samanheng med at dei latente skatteskyldnadene over tid ville blitt redusert som følgje av inntektsføringa av oppgjerskontoen og investeringar i kvalifiserande miljøtiltak o.a., jf. andre og tredje ledd i overgangsreglane.

På bakgrunn av at Høgsterett avgjorde at overgangsreglane for oppgjør av dei latente skatteskyldnadene i reiarlagskatteordninga i strid med Grunnlova § 97, ville denne gunstige rekkjefølgjeregelen føre til at dei latente skatteskyldnadene reelt sett får karakter av å vere ettergitt. Grunnen til dette er at selskapa sitt utbyttebehov framover i stor grad kan stettast med nye skattefrie inntekter. Ei slik løysing reiser òg spørsmål med omsyn til statsstøttereglane etter EØS-avtala, fordi maksimalt stønadsnivå etter ESA sine retningslinjer for statsstøtte til skipsfart kan vere overskridd, jf. avsnitt 4.3.1 ovanfor.

For å sikre at dei latente skatteskyldnadene i det heile skal bli skattlagt på eit framtidig tidspunkt, er det derfor naudsynt å endre den noverande, gunstige rekkjefølgjeregelen. Departementet foreslår at ein i den justerte basisordninga for å handsame latente skatteskyldnader skal sjå det slik at utdelingar frå selskapet først blir teke frå attverande, ikkje skattlagd kapital utrekna per 1. januar 2007. Attverande, ikkje skattlagt kapital vil komme fram på selskapets justerte oppgjerskonto, som skal vere sett saman av den utrekna gevinsten per 1. januar 2007, med frådrag for eventuelle kostnader til miljøtiltak som er gjennomførte før 26. mars 2010 (sjå avsnitt 4.3.2.3 om avviklinga av miljøfondssordninga). Oppgjerskontoen i den justerte basisordninga skil seg med andre ord frå oppgjerskontoen slik den var utrekna ved utgangen av 2009.

I den justerte basisordninga vil utdelingar frå selskapet føre med seg skatteplikt, og redusere oppgjerskontoen, inntil oppgjerskontoen kan setjast til null. Dette gjeld ved alle slag utdelingar, også utdelingar til konsern forbundne selskap innanfor reiarlagskatteordninga. Regelen gjeld også ved utdeling av skattlagt opptent kapital frå før

2007. Det vil seie at ikkje skattlagde skipsfartsinntekter frå før 2007 skal haldast for å vere teke ut av reiarlagselskapa før all annan opptent kapital. Når eit selskap betalar attende innbetalt kapital gjeld regelen likevel ikkje, det vil seie at slik attendebetaling kan gjerast skattefritt utan omsyn til om selskapet har att ikkje skattlagde inntekter frå før 2007. Reiarlagselskap som har høve til å betale attende innbetalt kapital, framfor å dele ut utbytte, blir derfor ikkje skattlagt før dei tek til å dele ut utbytte.

Den nye rekkjefølgjeregelen skal ha verknad for utdelingar som det er teke avgjerd om på generalforsamling frå og med 26. mars 2010. Grunnen til dette verknadstidspunktet er at endringsforsлага blei gjort offentleg kjende 26. mars 2010. Den nye rekkjefølgjeregelen skal likevel ikkje verke inn på likninga for inntektsåret 2009. Ved likninga for 2010 skal utdelingar som det er teke avgjerd om etter 25. mars 2010 føre til skatt etter regelen som er foreslått i femte ledd i overgangsreglane.

Etter reglane om korreksjonsinntekt, jf. skattelova § 10-5, skal det gjerast ei inntektsføring når egenkapitalen i selskapet i samsvar med balansen i årsoppgjeret er lågare enn summen av innskoten aksjekapital, medrekna overkurs, og ein utrekna egenkapitalandel av netto positive mellombels skilnader mellom dei verdiane som kjem fram i balansen i årsoppgjeret og dei skattemessige verdiane i selskapet. Foreslått utbytte etter aksjelova § 8-2 eller allmennaksjelova § 8-2 skal redusere selskapets egenkapital i høve til denne utrekninga. Inntektsføring skal likevel berre gjerast så langt underdeknin ga skyldast at det ved avlegginga av årsoppgjeret for selskapet er foreslått utdeling av utbytte etter aksjelova § 8-2 eller allmennaksjelova § 8-2, eller det blir gitt konsernbidrag som overstig den alminnelege inntekta for året, eller det i inntektsåret er utdelt utbytte, jf. skattelova § 10-11, som overstig forslaget til styret frå i fjar om utdeling av utbytte, eller det er utdelt meir enn aksjens relative del av innskoten aksjekapital, medrekna overkurs, ved nedsetjing av aksjekapitalen ved innløsing av enkeltaksje, jf. skattelova § 10-37 andre ledd.

Den serlege skattlegginga ved utdeling etter forslaget til femte ledd i overgangsreglane kjem i staden for dei ordinære reglane om korreksjonsinntekt. For utdelingar ut over oppgjerskontoen, vil dei ordinære korreksjonsinntektsreglane i skattelova § 10-5 gjelde. Dei ordinære korreksjonsinntektsreglane vil likevel ikkje få stor verknad i selskap innanfor reiarlagskatteordninga. Dette gjeld fordi skipsfartsinntekter er endeleg friteke for ordinær selskapsskatt, og derfor ikkje kan gi opphav til mellombels skilnader.

For å unngå at utdelingar av ikkje skattlagd inn-

tekts frå før 2007 skal føre med seg både skatt etter femte ledd i overgangsreglane og ordinær korreksjonsskatt etter skattelova § 10-5, foreslår departementet at attverande del av oppgjerskontoen ikkje skal haldast for ein mellombels skilnad i høve til dei alminnelege reglane om korreksjonsinntekt.

Departementet vil presisere at endringa i rekkjefølgjeregelen ikkje fører til at dei reiarlaga som endringa gjeld, mister føremonen ved skattefritaket for nye skipsfartsinntekter. Endringa betyr berre at dei nye, skattefrie skipsfartsinntektene ikkje kan ta-kast ut av reiarlagselskapa før dei gamle, latente skatteskyldnadene er gjort opp. Det er ein rimeleg konsekvens av at basisordninga for desse latente skatteskyldnadene skal gjelde side om side med skattefritaket for nye inntekter.

Slik overgangsreglane er utforma no, kan reiarlag som har att ikkje skattlagt gevinst utrekna per 1. januar 2007 etter første ledd i overgangsreglane, unnlate inntektsføring etter reglane om korreksjonsinntekt i skattelova § 10-5 andre ledd, innanfor ein sum lik samla netto rekneskapsmessig resultat før skatt for inntektsåra frå og med 2007, jf. sjuande ledd i overgangsreglane. Departementet foreslår å føre vidare regelen om at skattefrie skipsfartsinntekter som er opptent i inntektsåra 2007 og 2008 skal kunne delast ut til aksjonærane utan skattlegging. Slike inntekter skal kunne delast ut til aksjonærane utan korreksjonsinntekt, og utan omsyn til rekkjefølgjereglane. Dette gir lik handsaming med dei selskapa som alt har delt ut slike inntekter. Regelen vil vere eit unntak frå hovudregelen om skattlegging ved utdeling frå oppgjerskontoen. Det må derfor gjerast ei endring i sjuande ledd i overgangsreglane.

Unntaket skal òg gjelde for inntekter opptent i 2009, der det er teke avgjerd på generalforsamling om utdeling før 26. mars 2010. Avgjerala om å dele ut må vere teke av generalforsamlinga etter føresgna i aksjelova § 8-2 eller allmennaksjelova § 8-2. Dersom det ikkje er teke slik avgjerd, vil inntekte ne følgje dei normale rekkjefølgjereglane i basisordninga. Det vil seie at utbytte og konsernbidrag som er avsett i årsoppgjeret for 2009, og vedteke på generalforsamlinga etter 25. mars 2010, skal skattleggjast i inntektsåret 2010, så langt utdelinga ikkje har ført med seg korreksjonsinntekt for inntektsåret 2009. Overgangsregelen i sjuande ledd vil likevel gjelde slik at rekneskapsmessig resultat før skatt for 2007 og 2008, fråtrukke utdeling som er gjort skattefritt etter dette unntaket, kan delast ut utan skattlegging. Regelen i sjuande ledd vil òg gjelde for seinare inntektsår.

For reiarlagselskap som har delt ut ikkje skattlagde inntekter frå før 2007 som ikkje er omfatta av

unntaket i sjuande ledd i overgangsreglane, vil dei alminnelege reglane om korreksjonsinntekt ha ført til skatt for inntektsåra 2007, 2008 og 2009, jf. skattelova § 10-5 og presiseringa i femte ledd i overgangsreglane. For at denne inntekta ikkje skal komme til skattlegging to gonger, må korreksjonsinntekta komme til frådrag i oppgjerskontoen som etablerast i 2010, så langt ho ikkje alt er reversert etter skattelova § 10-5 sjette ledd.

Etter dei noverande overgangsreglane, jf. femte ledd, vil korreksjonsinntekta som er komme på reverserast når selskapet ikkje lenger har underbalanse etter skattelova § 10-5 andre ledd. Dersom slik reversering framleis skal skje, vil den foreslalte særskilde regelen om skattlegging ved utdeling i femte ledd i overgangsreglane ikkje få verknad fullt ut. Ved utdeling av ikkje skattlagde inntekter frå før 2007 vil det komme på skatt etter femte ledd, men denne skatten vil kunne samordnast med reverseringa av korreksjonsinntekt som er komme på ved utdeling av ikkje skattlagde inntekter for 2007, 2008 og 2009. Ein må derfor syte for at korreksjonsinntekta for 2007, 2008 og 2009, som ikkje alt er reversert, ikkje blir reversert til dømes som følgje av at oppgjerskontoen ikkje lenger skal haldast for ein mellombels skilnad.

Den korreksjonsinntekta som er komme på for inntektsåra 2007, 2008 og 2009 fordi det er utdelt ikkje skattlagt kapital frå før 2007, og som ikkje alt er reversert, vil altså ikkje på noko tidspunkt komme til reversering. Dette fører likevel berre til at prinsippa i reiarlagskatteordninga som gjaldt før 2007 får verknad for desse utdelingane. (Rett nok slik at skatten kjem på også ved utdeling til anna selskap innanfor reiarlagskatteordninga.) Det melder seg derfor ikkje grunnlovsspørsmål i samband med dette, jf. avsnitt 4.4 nedanfor.

Ved endringane i reiarlagskatteordninga i 2007 blei oppgjeret av dei latente skatteskyldnadene frå før 2007 basert på rekneskapsmessige verdiar, i staden for faktisk verdi. Sjølv om rekneskapsmessige verdiar for driftsmiddel, partar i deltakarlikna selskap og aksjar i NOKUS-selskap blei haldne for å gi eit eigna mål på marknadsverdien av slike eigedeler, er det truleg at rekneskapsmessige verdiar jamt over var monaleg lågare enn marknadsverdiane. Departementet vil likevel ikkje foreslå endringar i verdsetjingsreglane for oppgjer av dei latente skatteskyldnadene i reiarlagskatteordninga per 1. januar 2007, det vil seie at allereie utrekna gevinst etter første ledd i overgangsreglane skal leggjast til grunn i høve til dei endringane i overgangsreglane som blir foreslått i denne proposisjonen.

Departementet viser til forslag til endringar i andre, femte og sjuande ledd i overgangsreglar til

endringar i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Endringane skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010. Den nye rekkjefølgjeregelen i femte ledd i overgangsreglane får verknad slik at utbytte og konsernbidrag som er avsett i årsoppgjaret for 2009, og vedteke på generalforsamlinga etter 25. mars 2010, skal skattleggjast i inntektsåret 2010 så langt utdelinga ikkje har ført med seg korreksjonsinntekt for inntektsåret 2009.

#### 4.3.2.2 Krav til minste realkapitaldel

Enkelte reiarlag kan freiste å tilpasse seg dei foreslalte endringane i overgangsreglane mellom anna ved at eigarane legg skipsfartsverksemdu i nyetablerte konsernforbundne selskap innanfor den norske reiarlagskatteordninga, eller i andre land med låg skattlegging. I desse nyetablerte selskapene kan nye skipsfartsinntekter delast ut til aksjonærane, utan at dei ikkje skattlagde inntektene kjem til skattlegging.

For å hindre omgåing med siktet på å flytte skipsfartsverksemdu til reiarlagselskap utan latente skatteskyldnadene, foreslår departementet eit krav til minste realkapitaldel. Med selskapets realkapital meiner ein den delen av totalkapitalen som ikkje er finanskapital, typisk skip og skipspartar. Krav til minste realkapitaldel fører til at reiarlagselskapet må oppfylle fastsette vilkår om fordelinga av selskapet sin kapital på realkapital og finanskapital, for å unngå at dei attverande, latente skatteskyldnadene heilt eller delvis skal skattleggjast. Dei vanlege reglane om rettefrist i skattelova § 8-17 andre og tredje ledd gjeld såleis ikkje for brot på vilkåret om minste realkapitaldel, og brot på vilkåret skal ikkje føre til at selskapet må tre ut av reiarlagskatteordninga.

Krav til minste realkapitaldel vil vere med på å ivareta formålet om at reiarlagskatteordninga skal gjelde reell skipsfart. For selskap som ikkje har latente skatteskyldnader frå før 2007, gjer det likevel ikkje mening å ha eit krav om minste realkapitaldel. Dette fordi finanskapitalen lett og utan skattekonsekvensar kan flyttast til andre selskap i same konsern, også til holdingselskap som ikkje sjølv eig skip og som står utanfor reiarlagskatteordninga. Dessutan er det etter endringane i reiarlagskatteordninga i 2007 ikkje noko å vinne på å ha ein låg realkapitaldel i reiarlagselskapet, dersom selskapet ikkje har latente skatteskyldnader frå før 2007. Skattefrie skipsfartsinntekter opptent etter 2007 kan då stort sett alltid delast ut utan skattlegging av utdelaren.

Departementet foreslår at reiarlagselskap med latente skatteskyldnader frå før 2007 ikkje kan ha

ein lågare realkapitalandel enn gjennomsnittet av selskapet sin realkapitalandel for inntektsåra 2007 til 2009, utrekna på bakgrunn av verdien av egedelane ved avslutninga av det enkelte inntektsåret.

Realkapitaldelen skal målast per 31. desember i inntektsåret. Dersom realkapitaldelen er lågare enn gjennomsnittleg realkapitalandel for inntektsåra 2007 til 2009 kan selskapet rette opp dette innan 31. desember i det påfølgjande inntektsåret. Dersom realkapitaldelen ikkje er retta då, må selskapet inntektsføre ein del av oppgjerskontoen tilsvarende den forholdsmessige reduksjonen av realkapitaldelen. Selskapet må dermed betale ein skatt lik den delen av dei attverande, latente skatteskyldnadene som svarar til den relative endringa i realkapitaldelen, jf. døme 1 nedanfor. Ein skal ta utgangspunkt i saldoen på oppgjerskontoen 31. desember i det året inntektsføringa skal gjennomførast. Ein slik forholdsmessig inntektsføring av oppgjerskontoen skal gjennomførast kvart år fram til det året då selskapet ikkje lenger bryt vilkåret om minste realkapitalandel.

#### Døme 1

Selskap A sin gjennomsnittlege realkapitalandel for inntektsåra 2007 til 2009 var 80 prosent. Per 31. desember 2010 er realkapitaldelen redusert til 60 prosent, og det er den framleis per 31. desember 2011. Reduksjonen tilsvarer ein forholdsmessig reduksjon av realkapitaldelen på 25 prosent. Selskapet må derfor inntektsføre 25 prosent av oppgjerskontoen (saldoen per 31. desember 2011) i inntektsåret 2011. Per 31. desember 2012 er realkapitaldelen 72 prosent, det vil seie ein forholdsmessig reduksjon på 10 prosent målt i høve til gjennomsnittleg realkapitalandel for inntektsåra 2007 til 2009. Selskapet må derfor inntektsføre ytterlegare 10 prosent av oppgjerskontoen (saldoen per 31. desember 2012) i inntektsåret 2012.

Reiarlaga kan føre rekneskapet både etter norske rekneskapsreglar og internasjonale rekneskapsreglar (IFRS). Skilnader i regelsetta kan verke inn på rekneskapsmessige balansetal. For å sikre lik skattemessig handsaming i høve til regelen om minste del realkapital, uavhengig av kva for slag rekneskapsreglar reiarlaga brukar, foreslår departementet at det skal gjerast ei justering for skilnade ne for dei selskapa som nyttar IFRS. Dette skal gjerast ved at ein ved utrekninga av realkapitaldelen skal korrigere for element i fond for urealiserte gevinstar etter aksjelova § 3-3a eller allmennaksjelova § 3-3a for reiarlag som fører rekneskapet etter IFRS. Ein tilsvarande metode for å nøytraliser skattemessige effektar av skilnader mellom IFRS og rekneskapslova er nytta i andre høve der slike

effektar oppstår i samband med reiarlagskatteordninga, jf. skattelova § 8-15 åttande ledd og Ot.prp. nr 29 (2004-2005) avsnitt 6.10.1.

Dei særlege reglane om utrekning av realkapitaldelen for reiarlagselskap som fører rekneskap etter IFRS skal gjelde også ved utrekninga av gjennomsnittleg realkapitalandel for 2007 til 2009.

I tilfelle der reiarlagselskap eig aksjar eller partar i underliggende selskap med reiarlagsverksamhet, kan den bokførte verdien av desse aksjane eller partane reflektere både realkapital og finanskapital i det underliggende selskapet. Bokført verdi av aksjar og partar som nemnt i skattelova § 8-11 første ledd bokstav e til g skal derfor fordelast mellom realkapitalen og finanskapitalen, tilsvarande høvet mellom finanskapital og realkapital i det underliggende selskapet. Ved utrekninga skal verdien av egedelane fastsetjast til verdien ved utgangen av inntektsåret. Bokført verdi av aksjar og partar i poolsamarbeid som nemnt i skattelova § 8-11 første ledd bokstav d skal inngå i finanskapitalen, ettersom poolsamarbeidet berre kan eige finansaktiva som nemnt i skattelova § 8-11 første ledd bokstav c.

For reiarlag som har inngått kontrakt om levering av skip (nybyggingskontrakt eller andrehandskjøp), foreslår departementet eit unntak frå regelen om minste realkapitalandel. Ettersom det kan ta tid før eit tinga skip kan leverast, kan tingaren lett komme i brot med vilkåret om minste realkapitalandel, til dømes dersom selskapet før leveringstidspunktet har selt alle sine gamle skip. Ein foreslår derfor at resterande kontraktssummar for skip som skal leverast seinare skal takast med ved utrekning av realkapitaldelen. Vidare foreslår ein at det skal gjerast frådrag for resterande kontraktssummar ved utrekning av finanskapitaldelen, men slik at den utrekna finanskapitaldelen skal setjast til 0 der som den blir negativ. Regelen skal gjelde tilsvarande for reiarlagselskap som nemnt i skattelova § 8-11 bokstav e til g.

Unntaket byggjer på ein føresetnad om at resterande kontraktssummar for skip som skal leverast seinare skal finansierast fullt ut med eigenkapital. Ein motsett regel, det vil seie at ein gjer føresetnad om at skipa skal finansierast fullt ut med lån, vil kunne føre til urimelege resultat for mange selskap i form av ein høg, utrekna finanskapitalandel. Departementet har også vurdert ein regel der ein gjer føresetnad om at skipa skal finansierast med både lån og eigenkapital, men har komme til at ein slik regel vil vere administrativt svært krevjande for både skatteetaten og selskapa, og ein vil derfor ikkje foreslå den.

To døme kan illustrere unntaket:

**Døme 2**

(Finanskapital fratrukke attverande kontraktssum er positiv:)

Gjennomsnittleg realkapitalandel for selskap B for inntektsåra 2007 til 2009 er 70 prosent. Per 31. desember 2010 har selskapet ein realkapital på 100, ein finanskapital på 50 og ein byggjekontrakt for skip med ein attverande kontraktssum på 20. Etter hovudregelen om utrekning av minste realkapitalandel er realkapitaldelen lik 100 delt på 150, det vil seie 66,7 prosent, og vilkåret om minste realkapitalandel er derfor i utgangspunktet ikkje oppfylt. Men ettersom selskapet har ein byggjekontrakt for skip, med ein attverande kontraktssum på 20, må det gjerast ei justering av finanskapitalen og realkapitalen. Realkapitalen er lik realkapitalen pluss attverande kontraktssum (100+20), medan finanskapitalen er lik finanskapitalen fratrukke attverande kontraktssum (50-20), og totalkapitalen er lik realkapitalen pluss finanskapitalen, det vil seie 150. Realkapitaldelen blir derfor 120 delt på 150, det vil seie 80 prosent. Vilkåret om minste realkapitalandel er såleis likevel oppfylt.

**Døme 3**

(Finanskapital fratrukke attverande kontraktssum er negativ:)

Gjennomsnittleg realkapitalandel for selskap C for inntektsåra 2007 til 2009 er 80 prosent. Per 31. desember 2010 har selskapet ein realkapital på 100, ein finanskapital på 30 og ein byggjekontrakt for skip med ein attverande kontraktssum på 40. Finanskapitalen er lik finanskapitalen fratrukke attverande kontraktssum (30-40), det vil seie at ein skal rekne med 0, medan realkapitalen er lik realkapitalen pluss attverande kontraktssum (100+40), det vil seie 140. Totalkapitalen er lik 140. Realkapitaldelen blir derfor 140 delt på 140, det vil seie 100 prosent. Vilkåret om minste realkapitalandel er derfor oppfylt.

Reiarlag kan freiste å omgå kravet om minste realkapitalandel ved å leige ut skip til konsernforbundne selskap innanfor reiarlagskatteordninga utan latente skatteskyldnader frå før 2007, eller konsernforbundne selskap innanfor eit lågskattregime for reiarlag i eit anna land. Ein monaleg del av overskotet frå drifta av skipet vil då bli tent opp på det konsernforbundne selskapet si hand, som kan dele ut dette overskotet til eigarane utan skattleggjing av utdelaren. Dette gjeld særleg ved avtale om totalfrakting (bareboat-charter), det vil seie at leigetakaren er ansvarleg for bemanning, drift o.a. På den andre sida kan utleige av skip til konsernforbundne selskap ofte vere kommersielt grunna. Dette gjeld til dømes ved avtale om tidsfrakting som er

inngått med konsernforbunde selskap (time-charter), ettersom det kan vere ønskjeleg i eit konsern at eigne selskap står for den kommersielle drifta av skipa. Vidare kan drift av entreprenørskip på utanlandske kontinentalsokkel vere skattepliktig til det andre landet. For å unngå at heile overskotet frå drifta blir skattlagt i det andre landet, kan reiarlagselskapet som eig skipet, inngå avtale om totalfrakting med eit konsernforbundne selskap som står for sjølve drifta på sokkelen. Ein del av overskotet frå drifta av skipet vil såleis bli tent opp på eigarselskapet si hand.

For å hindre ikkje ønskete tilpassingar foreslår departementet at skip som inngår i avtale om totalfrakting med eit konsernforbundne selskap, ikkje skal inngå i utrekninga av realkapitaldelen, dersom overskotet frå drifta av skipet er skattlagt lågt på leigaren si hand i det landet (dei landa) som har høve til å skattleggje overskotet, og avtale om utleige av skipet er inngått 11. mai 2010 eller seinare. Med låg skattleggjing meiner ein at skatten på selskapet er lågare enn ein tredel av skatten selskapet hadde blitt ilikna dersom det hadde vore ordinært skatta i Noreg.

Ein foreslår at departementet gis heimel til å fastsetje nærmare føresegner om utrekning av realkapitaldelen.

Departementet viser til forslag til nytt tolvt ledd i overgangsreglar til endringar i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Endringa skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010.

#### *4.3.2.3 Avvikling av miljøfondsordninga*

Inntil ein tredel av gevinsten utrekna ved oppgjeret av dei latente skatteskyldnadene i reiarlagskatteordninga per 1. januar 2007 er friteke for skatteplikt så langt eit beløp lik 28 prosent av gevinsten blir brukt til kvalifiserande miljøtiltak o.a., jf. tredje ledd i overgangsreglane. Nærmore reglar om fond for miljøtiltak o.a. blei gitt i Finansdepartementets samleforskrift til skattelova (fsfin.) § 8-20-1 flg. Formålet med miljøfondsordninga var å gagne miljøtiltak innanfor skipsfartsnæringa som reduserer skadeleg miljøpåverknad frå næringa, jf. fsfin. § 8-20-1.

I føresegna om fond for miljøtiltak mv. er det gitt vide rammer for kva slags tiltak som kvalifiserer til frådrag i fondet. Miljøfondsordninga representerte derfor ei monaleg lette i oppgjeret av dei latente skatteskyldnadene frå før 2007. Det blei først fastsett at selskapa måtte bruke avsetjinga på fond for miljøtiltak mv. til kvalifiserande miljøtiltak innan 15 år, men denne tidsfristen blei oppheva ved

forskrift 14. april 2009 nr. 423, med verknad frå og med inntektsåret 2008. Opphevinga skulle sikre at avsetjinga på fond for miljøtiltak mv. kunne førast som eigenkapital i selskapa sine rekneskap, men førte også i realiteten til at ein tredel av dei latente skatteskyldnadene på det nærmaste var å rekne som ettergitt.

Som følgje av at Högsterett har sett til side det skjerpende elementet i overgangsordninga som grunnlovsstridig, er det ikkje lenger grunnlag for den skattelette som miljøfondsordninga representerer. Dommen i Högsterett rører ikkje miljødelen direkte, fordi denne i seg sjølv var ei innskrenking i skatteplikta for skipsfartsinntekter frå før 2007. Det er såleis god grunn til å stramme inn eller gjere om denne innskrenkinga, så langt miljødelen for det enkelte reiarlaget ikkje alt er nytt til miljøtiltak etter regelverket frå 2007.

I tillegg legg departementet til grunn at ei vidareføring av miljøfondsordninga, utan ei inntektsføring over ti år av to tredeler av dei ikkje skattlagde inntektene frå før 2007, reiser spørsmål med omsyn til EØS-avtala, fordi grensa for lovleg statsstøtte kan vere overskridd. Det visast til avsnitt 4.3.1 ovanfor.

Departementet foreslår at ordninga med fond for miljøtiltak o.a. avviklast. Avviklinga skal ikkje få verknad for kostnader som alt er frådragsført fond for miljøtiltak o.a. på tidspunktet då endringa trer i kraft. Det vil seie at det berre er gevinst knytt til den attverande saldoen på miljøfondet på tidspunktet då endringa trer i kraft som skal sjåast på som ikkje skattlagt kapital og dermed førast over til oppgjerskontoen i basisordninga.

Det følgjer av ffsin. § 8-20-5 andre ledd at ein kostnad kan førast til frådrag i fond for miljøtiltak o.a. i det året det oppstår ei ubetinga plikt for skattytaren til å dekkje eller innfri kostnaden. Departementet foreslår at endringa i hovudregelen skal tre i kraft med verknad frå og med 26. mars 2010, som er dato da Finansdepartementet sendte ut ei pressemelding der ein varsle forslaga som leggjast fram i denne proposisjonen. Denne datoan for iverksetjing er valt for å hindre tilpassingar. Dette fører til at det gis frådrag i fond for miljøtiltak o.a. for kostnader til miljøtiltak som det er oppstått ei ubetinga plikt for skattytaren til å dekkje eller innfri før 26. mars 2010.

Departementet foreslår likevel at det gis frådrag for kostnader til miljøtiltak i høve der det er inngått bindande avtale før 26. mars 2010, og den vilkårlause dekningsplikta blir kalla fram av medkontrahentens seinare levering.

Det visast til forslag til endringar i tredje ledd i overgangsreglar til endringar i skattelova §§ 8-14,

8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

I tillegg vil departementet gjennomføre nauðsynte forskriftsendringar i ffsin. § 8-20-1 flg.

Endringane skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010, men slik at det gis frådrag i miljøfondet for kostnader til miljøtiltak som det er oppstått ei vilkårlaus plikt for skattytaren til å dekkje eller innfri, eller som det er inngått bindande avtale om som fører med seg slik vilkårlaus plikt, før 26. mars 2010.

#### **4.3.2.4 Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit til føremon for nærståande**

Reiarlagselskap med attverande, ikkje skattlagt gevinst utrekna per 1. januar 2007, jf. første, andre og tredje ledd i overgangsreglane, kan ikkje yte lån til eller stille sikkerheit til føremon for skattytarar utanfor ordninga med direkte eller indirekte eigarinteresser i selskapet, jf. tiande ledd i overgangsreglane. Det same gjeld for lån til eller sikkerheit til føremon for selskap som slik skattytar har direkte eller indirekte eigarinteresser i, eller til skattytrens nærståande. Som nærståande held ein skattytarens foreldre, ektefelle, ektefellen sine foreldre, barn, barnebarn, sambuar eller sambuar sine foreldre. Selskap som bryt forbodet mot å yte lån til eller stille sikkerheit til føremon for nærstående, må tre ut av ordninga frå og med det inntektsåret da vilkåra brytast, jf. tiande ledd, femte og sjette punktum, i overgangsreglane og skattelova § 8-17 andre og tredje ledd.

Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit blei ført vidare i reiarlagskatteordninga ved endringane i 2007. Før endringane i 2007 var reiarlagskatteordninga basert på ein uttaksmodell, det vil seie at skipsfartsinntekter blei skattlagt når ikkje skattlagt kapital blei teken ut frå reiarlagselskapet. Dette førte med seg at selskapa bygde opp ein monaleg latent skatteskyldnad, noko som kunne gi selskapa incentiv til å gjere indirekte uttak utan skattlegging. For at uttaksmodellen skulle fungere etter formålet, var det derfor viktig at regelverket fanga opp alle former for uttak. Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit skulle hindre at aksjonærar utanfor reiarlagskatteordninga i realiteten disponerte over ikkje skattlagde skipsfartsinntekter i selskapet, til dømes gjennom pantsetting og opplåning utanfor ordninga, jf. Ot.prp. nr. 11 (1996–1997) side 27. Som følgje av forbodet fekk aksjonærane berre tilgang til ikkje skattlagt kapital i selskapet ved uttak, som til dømes utbytteutdelingar. Uttak førte (i motsetning til lån og sikkerheit) til at ikkje skattlagt kapital blei skattlagt på reiarlagselskapet si hand. I til-

legg er det ikkje lett for likningsstellet å kontrollere om ei låneavtale eller ei sikkerheit er reell, og inn-ått på marknadsvilkår.

Det var ein klar føresetnad ved omlegginga av reiarlagskatteordninga i 2007 at det ikkje skulle vere mogeleg å dele ut dei skattelatente inntektene, eller at det skulle vere mogeleg for eigarane å disponere dei, utan skattlegging. Det blei vurdert om forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit skulle avviklast, med det blei konkludert med at forbodet skulle førast vidare, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) avsnitt 3.4.3.4 der det heiter at:

«Innenfor den nye rederiskatteordningen vil ubeskattet kapital, som ikke er endelig fritatt for skatt, bli redusert over tid som følge av inntektsføring av gevinst- og tapskontoen. Det samme gjelder skattekreditter som er ført på en egen oppgjørskonto ved overgang fra gjeldende til ny rederiskatteordning. Det kan derfor anførast at behovet for regelen vil bli gradvis redusert. På den annen side synes en avvikling av forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse å åpne for tilpasninger i forbindelse med overgang fra gjeldende til ny rederiskatteordning. Slike tilpasninger kan for eksempel gjøres ved at det meste av innmaten i et selskap innenfor rederiskatteordningen selges til et beslektet selskap, mot vederlag i form av en usikret fordring på det kjøpende selskapet. I slike tilfeller kan det også tenkes å oppstå problemer med hensyn til mislighold av skatteforpliktelser knyttet til oppgjøret ved overgang til den nye rederiskatteordningen.»

Ved lov 12. desember 2008 nr. 99 blei det likevel vedteke å oppheve forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit for reiarlagselskap som ikkje har latente skatteskyldnader frå før 2007, det vil seie selskap som tro inn i reiarlagskatteordninga frå ordinær skattlegging i 2007 eller seinare inntektsår, samt selskap utan latente skatteskyldnader som blei likna innanfor reiarlagskatteordninga før 2007. Vidareføringa av forbodet for reiarlagselskap med latente skatteskyldnader blei i Ot.prp. nr. 1 (2008–2009) avsnitt 7.2.2 grunngitt på følgjande vis:

«Hensyn som taler mot å avvikle forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse knytter seg til at aksjonærane kan disponere over skattekreditter fra den tidligere rederiskatteordningen gjennom lån og sikkerhetsstilleller. (...) For selskaper med skattekreditter fra den tidligere ordningen vil forbudet mot lån og sikkerhetsstillelse fortsatt ha relevans, da det foreligger et incitament for aksjonærane mv. til å disponere over den ubeskattede kapitalen ved lån og sikkerhetsstilleller fremfor å ta den ut som utbytte. Behovet for regelen vil imidlertid bli gradvis redusert

frem mot utgangen av inntektsåret 2021. Det var en klar forutsetning ved omleggingen av rederiskatteordningen at skattekredittene ikke skulle kunne deles ut eller disponeres av eierne uten beskatning. I tillegg vil en avvikling av låneforbudet føre til at ligningsmyndighetene må sette inn ressurser for å kontrollere om lån og sikkerhetsstilleller er reelle, eller om det i realiteten dreier seg om utbytte (for eksempel lån aksjonæren ikke har til hensikt å betale tilbake).»

Ved lov 19. juni 2009 nr. 56 blei det vedteke ei lemping i forbodet mot å stille sikkerheit, med verknad frå og med inntektsåret 2009, slik at selskap med latente skatteskyldnader kan stille sikkerheit til føremon for selskap utanfor ordninga når sikkerheta blir stilt overfor ein finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt etter finansieringsverksemndslova eller tilsvarande finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt i annan stat. Avviklinga hadde samanheng med den gunstige rekjkjefølgjeregelen, jf. avsnitt 4.3.2.1 ovanfor, som fører til at nye, skattefrie skipsfartsinntekter og finansinntekter kan delast ut med ein gong og utan skattlegging, samt at dei latente skatteskyldnadene ville bli redusert over tid som følge av inntektsføringa av oppgjørskontoen og gjennomføring av miljøtiltak.

Som følgje av at Högsterett i plenumsdommen av 12. februar 2010 avgjorde at overgangsreglane for inntektsføring av dei latente skatteskyldnadene er i strid med Grunnlova § 97, vil dei latente skatteskyldnadene som er ført på oppgjørskontoen i utgangspunktet bli ståande der. Det same gjeld for den delen av dei latente skatteskyldnadene som knyter seg til avsetjing på fond for miljøtiltak o.a., jf. forslaget om avvikling av fond for miljøtiltak o.a. som er omtalt i avsnitt 4.3.2.3 ovanfor. Føresetnade ne for regelen om at reiarlagselskap med latente skatteskyldnader kan stille sikkerheit til føremon for nærståande er dermed endra.

Departementet meiner derfor at ein bør reversere den tidlegare vedtekne lempinga i forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit til føremon for nærstående, det vil seie at forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit som gjaldt før 2007 førast inn att for reiarlag som har latente skatteskyldnader frå før 2007.

Ei slik endring vil kunne føre til redusert fleksibilitet for reiarlaga med omsyn til finansiering og likviditetsstyring. Til dømes kan eit selskap innanfor reiarlagskatteordninga med latente skatteskyldnader ikkje lenger stille sikkerheit overfor ein finansinstitusjon ved lån som eit nærståande selskap tek opp. Departementet meiner likevel at reiarlaga sine

behov for å stille sikkerheit må ha mindre vekt enn behovet for å redusere risikoen for tilpassingar i form av indirekte uttak av ikkje skattlagt kapital.

Forbodet mot å yte lån og stille sikkerheit må gjelde generelt, det vil seie også overfor nærståande selskap innanfor reiarlagskatteordninga. Utan dette vil selskap med oppgjerskonto kunne yte lån eller stille sikkerheit til føremon for eit nystifta søsterselskap innanfor ordninga, som deretter yter lån eller stiller sikkerheit til føremon for eit nærståande selskap utanfor ordninga.

Tankegangen er den same som for konsernbidrag. For reiarlagselskap som har oppgjerskonto, skal konsernbidrag føre med seg skattlegging uansett kven det blir ytt til, jf. avsnitt 4.3.2.1. For at basisordninga for å handsame latente skatteskyldnader frå før 2007 skal verke etter hensikta, må det same prinsippet gjelde med omsyn til forboda mot lån og sikkerheit.

Departementet foreslår derfor at reiarlagselskap med latente skatteskyldnader frå før 2007 ikkje i noko tilfelle skal kunne yte lån eller stille sikkerheit til føremon for nærståande selskap. Forbodet skal gjelde for lån og sikkerheit til føremon for alle nærståande, ikkje berre for lån og sikkerheit til føremon for selskap utanfor reiarlagskatteordninga.

Når det gjeld sikkerheit skal endringsforslaget berre gjelde nye avtaler om sikkerheit etablert frå og med 26. mars 2010. Dette er datoén då Finansdepartementet sendte ut ei pressemelding der ein varsla forslaga som leggjast fram i denne proposisjonen. Når det gjeld lån skal endringsforslaget berre gjelde nye låneavtaler (inkludert ytterlegare lån knytt til tidlegare inngåtte avtaler) som er inngått frå og med 11. mai 2010, som er datoén for framleget av denne proposisjonen. Grunnen er at utvidinga av forbodet mot lån ikkje blei varsla i pressemeldinga. Datoane for ikraftsetjing er valt for å hindre tilpassingar.

Som ein sikkerheitsventil knytt til utilsikta verknamer som kan oppstå i praksis foreslår ein at departementet gis heimel til å fastsetje unntak frå forbodet mot lån når det gjeld ytterlegare lån knytt til låneavtaler inngått før 11. mai 2010.

Departementet viser til forslag til endringar i tiande ledd i overgangsreglar til endringar i skatellova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Endringane skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010, men får ikkje verknad for avtaler om sikkerheit som er inngått før 26. mars 2010 eller for avtaler om lån som er inngått før 11. mai 2010.

#### 4.3.2.5 Lemping i forbodet mot å yte lån i samband med konsernbidrag

I reiarlagskatteordninga var det før endringane i 2007 berre høve til å yte og ta imot konsernbidrag til og frå andre selskap innanfor reiarlagskattordninga. I samband med omlegginga av reiarlagskatteordninga i 2007 blei det vedteke at høvet til å yte og ta imot konsernbidrag skulle utvidast til å også omfatte selskap utanfor reiarlagskatteordninga, jf. skatellova § 8-18 første ledd. Det er ein føresetnad at øvrige vilkår for rett til å yte eller ta imot konsernbidrag er oppfylt. Konsernbidrag der ytaren og/eller mottakaren er likna innanfor reiarlagskatteordninga skal likevel ikkje ha skattemessige konsekvensar, det vil seie at konsernbidraget ikkje skal gi ytaren eit skattemessig frådrag eller vere skattekpliktig for mottakaren. Høvet til å yte og ta imot konsernbidrag for selskap innanfor reiarlagskatteordninga (utan skattemessige effektar) har samanheng med at slike bidrag kan vere viktige for å styrke delar av eit konsern økonomisk, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) avsnitt 3.4.3.6 der det heiter at:

«Departementet legger til grunn at selskap innanfor rederiskatteordningen skal ha adgang til å yte og motta konsernbidrag, fordi slike bidrag kan være viktig for å styrke deler av et konsern. Som følge av at inntekter innanfor den nye rederiskatteordningen er endelig fritt skattlegging, er det ikke nødvendig å begrense adgangen til å yte og motta konsernbidrag til selskaper som er innanfor rederiskatteordningen. Departementet foreslår derfor at adgangen til å yte og motta konsernbidrag utvides til å gjelde også selskaper utenfor rederiskatteordningen.»

Før endringane i reiarlagskatteordninga i 2007 var det ikkje høve til å yte lån til nærståande. Forbodet blei i utgangspunktet ført vidare uendra ved omlegginga av reiarlagskatteordninga, det vil seie at det skulle gjelde for alle selskap, men som følgje av seinare lovendringar gjeld forbodet nå berre for selskap med latente skatteskyldnader frå den tidlegare ordninga, jf. Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) avsnitt 3.4.3.4 og Ot.prp. nr. 1 (2008–2009) kapittel 7. Låneforbodet skal hindre at selskapet sine eigalar i realiteten disponerer over dei ikkje skattlagde skipsfartsinntektene ved skjulte uttak, jf. Ot.prp. nr. 1 (2008–2009) kapittel 7.

Avgjerd om å yte konsernbidrag skal takast av generalforsamlinga i selskapet, etter forslag frå styret, jf. aksjelova § 8-5, jf. § 8-2. Departementet legg til grunn at krav på konsernbidrag skal haldast som ei fordring (lån) frå og med tidspunktet for generalforsamlinga si avgjerd, og at ei slik fordring i utgangspunktet blir råka av forbodet mot å yte lån til

nærståande. Eit selskap innanfor reiarlagskatteteordninga med latente skatteskyldnader som *tek imot* eit konsernbidrag vil derfor bryte låneforbodet frå og med tidspunktet for generalforsamlinga si avgjerd. For slike selskap vil det utvida høvet til å *ta imot* konsernbidrag ved omlegginga av reiarlagskatteteordninga i 2007 i dei fleste tilfella ikkje ha noko realitet i praksis. Eit konsernbidrag vil truleg ikkje vere omfatta av låneforbodet dersom det gjerast opp ved motrekning mot anna fordring, under føresetnad av at avgjerd om å motrekne skjer samtidig med avgjerd om å yte konsernbidrag.

Når det ligg føre eit brot på låneforbodet, skal selskapet i utgangspunktet tre ut av reiarlagskatteteordninga. Selskapet må likevel ikkje tre ut dersom feilen blir retta innan to månader etter at brotet oppstod (rettefrist). Rettingshøvet gjeld ikkje ved brot som tar seg opp att, det vil seie at ved det andre brotet mot låneforbodet må selskapet tre ut av reiarlagskatteteordninga, sjølv om fordringa/konsernbidraget til dømes gjerast opp dagen etter generalforsamlinga si avgjerd.

Departementet legg til grunn at selskap innanfor ordninga med latente skatteskyldnader kan ha eit behov for å nytte konsernbidrag til å overføre kapital, jf. drøftinga i Ot.prp. nr. 1 (2007–2008) avsnitt 3.4.3.6 som er sitert ovanfor, og at alternative overføringsmetodar, som til dømes lån, kan ha andre, negative konsekvensar for selskapet. At det er mogeleg for selskapet å tilpasse seg, kan i alle høve ikkje i seg sjølv gi grunnlag for ei vidareføring av forbodet mot å ta imot konsernbidrag.

Vidare vil departementet peike på at det er avgjerande skilnader mellom det å ta imot eit konsernbidrag og det å yte eit lån, sjølv om begge transaksjonane i utgangspunktet blir råka av forbodet mot å yte lån til nærståande.

Ein kan mellom anna vise til at ei fordring (eit lån) i hovudregelen vil ha årsak i ein tidlegare transaksjon mellom selskapet, som til dømes overføring av kapital (lån) frå kreditor til debitor. Det er denne forutgåande overføringa, som kan vere eit indirekte uttak, og som ein har ønskt at skal vere omfatta av låneforbodet. Som følgje av den forutgåande overføringa vil debitor si tilbakebetaling av lånet berre medføre at kreditor får tilbakebetalt tidlegare utlånt kapital. Kreditor vil ikkje bli tilført ny kapital som følgje av innløysinga/tilbakebetalinga.

Eit konsernbidrag er likevel ei overføring av kapital mellom to selskap, det vil seie at mottakar av konsernbidraget vil bli tilført ny kapital. Dette skuldast at konsernbidraget ikkje har årsak i ein forutgåande overføring av kapital mellom selskapet, men i generalforsamlinga si avgjerd for det ytande selskapet. Eit konsernbidrag vil derfor ikkje føre til, el-

ler skape risiko for, at det mottakande selskapet i realiteten disponerer over reiarlagselskapet sine skattelatente skipsfartsinntekter.

Vidare vil høvet for reiarlagselskap med latente skatteskyldnader til å ta imot konsernbidrag medføre ei lik handsaming med selskap innanfor ordninga utan latente skatteskyldnader. Det bør vere eit mål at selskapet innanfor reiarlagskatteteordninga i stor grad skal vere underlagt dei same reglane.

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor meiner departementet at overgangsreglane til reiarlagskatteteordninga bør endrast slik at reiarlagselskap med latente skatteskyldnader i praksis kan motta konsernbidrag utan å bli råka av forbodet mot å yte lån til nærståande.

Departementet foreslår derfor at det presiserast i overgangsreglane at forbodet mot å yte lån til nærståande ikkje gjeld fordring som oppstår i samband med konsernbidrag.

Departementet viser til forslag til endringar i tiande ledd i overgangsreglar til endringar i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-17, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Endringa skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010.

#### **4.3.3 Oppgjersordning for latente skatteskyldnader frå før 2007**

Endringsforsлага i basisordninga for å handsame latente skatteskyldnader frå før 2007, som er omtalt ovanfor under avsnitt 4.3.2, er slik departementet ser det naudsynte justeringar i overgangsreglane for oppgjér av latente skatteskyldnadar frå før 2007, etter at Högsterett ved plenumsdommen av 12. februar 2010 avgjorde at det skjerande elementet i overgangsreglane, det vil seie den pålagte betalinga av to tredelar av dei latente skatteskyldnadene over 10 år, er i strid med Grunnlova § 97.

Högsterett sin dom fører ikkje til at dei ikkje skattlagde inntektene frå før 2007 er fritekne for skatt, men dei inngår i basisordninga som nemnt. Dei vil bli skattlagt ved uttak frå reiarlagselskapet eller dersom selskapet trer ut av ordninga. Dette vil gjelde også ved utdeling til konsernforbunde selskap innanfor reiarlagskatteteordninga. Utan noko alternativ til dette ville basisordninga truleg få ei sers lang levetid for mange av reiarlagene. Sidan inntening frå reiarlagverksemder vil være skattefri framover, ser departementet det som sterkt ønskjeleg å få gjort opp mest mogeleg av dei gamle skatteskyldnadene på eit rimeleg vis, innanfor ein oversiktleg tidshorisont.

Departementet foreslår derfor ei frivillig oppgjersordning der reiarlagsselskapet kan velje ei en-

deleg skattleggjing med 10 prosent av to tredelar (det vil seie om lag 6,7 prosent) av gevinsten utrekna per 1. januar 2007. Det etablerast ein ny oppgjerskonto ved likninga for 2010. Oppgjerskontoen skal i denne samanhengen tyde oppgjerskontoen slik den blei fastlagt per 1. januar 2007. Det vil seie med bruk av rekneskapsmessige verdiar ved verdssettinga av eignedelane i selskapa, og med frådrag for tredelen som etter tredje ledd i overgangsreglane skulle vere knytt til miljøfondsordninga (jf. avsnitt 4.3.2.3 om miljøfondsordninga). Det har ingen verknad i denne samanhengen om det er komme på korreksjonsskatt som følgje av at det er utdelt kapital frå oppgjerskontoen i 2007 eller seinare. Korreksjonsskatten vil normalt reverserast i 2010, jf. nedanfor om dette.

Den tredelen av dei latente skatteskyldnadene som er knytt til miljøfondsordninga, blir då ettergitt med endeleg verknad. For selskap som vel oppgjersordninga, får det dermed ingen innverknad at det alt er gjort miljøtiltak som gir rett til skattefritak etter miljøfondsordninga. Miljøtiltak som alt er gjennomført får likevel innverknad for selskap som ikkje vel oppgjersordninga, men i staden vel å halde fram med å stå i basisordninga, jf. avsnitt 4.3.2.3 om dette.

Etter § 8-20-7 i Finansdepartementets samleforskrift til skattelova, kan det krevjast frådrag i miljøfondet for kostnader som gjennomførast i underliggende selskap, poolsamarbeid og konsernforbunde selskap. Det gis likevel ikkje frådrag i miljøfondet for kostnader som det krevjast frådrag for i eigen eller annan skattyrs inntekt eller skatt ved likninga i Noreg, jf. samleforskrifta § 8-20-4 fjerde ledd. Dette kan ha ført til at enkelte reiarlag har valt å gjere frådrag for kostnader i miljøfondet framfor å gjere frådrag i inntekt eller skatt ved inntektskattelikninga. I slike høve kan skattekontoret etter omstenda ta opp likninga til endring, dersom vilkåra for dette er til stades, jf. likningslova § 9-5.

Opgjersordninga fører til at dei totale, ikkje skattlagde inntektene i reiarlaga per 1. januar 2007, basert på rekneskapsmessige verdiar, blir skattlagt med ein nominell sats på om lag 6,7 pst. Skatten skal inntektsførast med like delar for inntektsåra 2010, 2011 og 2012. Målt i 2007-kroner vil dette tilsvare ei skatteinbørs på om lag 5,5 prosent av den ikkje skattlagde kapitalen. Det er då brukt ei svært moderat diskonteringsrente på 4 prosent. Ein kan samanlikne dette med børa som låg i overgangsreglane som blei vedteke i 2007, og som blei utrekna til om lag 15,1 prosent av ikkje skattlagt kapital, med den same svært moderate diskonteringsrenta, jf. finansministeren sitt svar av 8. november 2007 på

budsjettspørsmål nr. 2 frå Arbeidarpartiet vedkommande statsbudsjettet for 2008.

Dersom alle dei aktuelle reiarlaga vel oppgjersordninga, blir samla skatt på vel 4 milliardar kroner fordelt likt på inntektsåra 2010, 2011 og 2012.

Ved gjennomføringa av oppgjersordninga skal ein ta utgangspunkt i ein sum lik to tredelar av gevinsten utrekna per 1. januar 2007 etter første ledd i overgangsreglane. Denne summen skal ein divide i 2,8. Med andre ord skal ein fram til om lag 23,8 prosent av gevinsten utrekna per 1. januar 2007. Resultatet skal så fordelast til inntekt med like delar for inntektsåra 2010, 2011 og 2012. Inntekta skattleggjast med den ordinære skattesatsen for alminneleg inntekt.

Departementet foreslår at attverande, ikkje skattlagt gevinst utrekna på denne måten skal haldest for ein mellombels skilnad etter skattelova § 10-5 andre ledd. For reiarlagselskap som vel oppgjersordninga vil korreksjonsinntekt for inntektsåra 2007, 2008 og 2009, jf. ovanfor under punkt 4.3.2.1, normalt reverserast alt i 2010, dersom ho ikkje alt er reversert på anna grunnlag. Underskot som følgje av denne reverseringa kan førast til frådrag i inntektsføring etter oppgjersordninga. Dette fører til at reiarlagselskap som har delt ut frå oppgjerskontoen i 2007 eller seinare ikkje kjem monaleg därlegare ut enn reiarlagselskap som ikkje har gjort slike utdelingar.

For selskap som vel den frivillige oppgjersordninga vil utsteg før utgangen av treårsperioden 2010-2012 (det vil i praksis seie i 2011) føre til at den attverande delen av inntektsføringa etter oppgjersordninga må gjerast i året for utsteget.

For å komme inn under denne oppgjersordninga, og gjennom det komme ut av basisordninga, må det enkelte reiarlag erklære bindande tilslutning til oppgjersordninga i samband med sjølvmeldinga for 2010. Det blir ikkje høve til å endre seg på eit seinare tidspunkt.

Departementet viser til forslag til nytt elleve ledd i overgangsreglar til endringar i skattelova §§ 8-14, 8-15 og 8-16, vedteke ved lov 14. desember 2007 nr. 107.

Endringa skal tre i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010.

#### **4.4 Høvet til Grunnlova og Høgsteretts dom av 12. februar 2010**

Høgsterett sin dom i plenumssaka om reiarlagskatteteordninga og Grunnlova, jf. avsnitt 4.1 ovanfor, blei avsagt 12. februar 2010. Dommen er teke inn i Rets-

tidende 2010, jf. side 143 følgjande. Under dissens (6-5) tok Høgsterett avgjerd om at overgangsreglane om betaling av latente skatteskyldnader frå før omlegginga av reiarlagskattetordninga i 2007 er i strid med forbodet i Grunnlova § 97 mot å gi lover med tilbakeverkande kraft.

Fleirtalet i Høgsterett la til grunn ei strengare norm for tillatt tilbakeverknad enn den norma som Lovavdelinga i Justisdepartementet, Regjeringa og Stortinget hadde bygd på i samband med lovsaka, og som mindretalet i Høgsterett såg som den rette. Den strengare norma for ei lov med slik verknad som overgangsreglane frå 2007 krev at det ligg føre sterke samfunnsmessige omsyn for at tilbakeverknaden skal vere i samsvar med Grunnlova, mens den norma som Stortinget hadde lagt til grunn, krev at tilbakeverknaden ikkje må verke klart urekkeleg eller urettferdig.

Høgsterett sin dom fører til at den løysinga for å handsame dei latente skatteskyldnadene som stortingsfleirtalet vedtok ikkje kan gjennomførast. I lys av dette må Stortinget gjere ei ny vurdering av spørsmålet om handsaminga av dei latente skatteskyldnadene. Dette kan no skje på grunnlag av denne proposisjonen. Ved vurderinga må ein ta omsyn til grensene i Grunnlova for Stortinget sin råderett, slik dei er utlagt av Høgsterett i plenumsdommen.

Reiarlaga har inga rettkommen von om å bli stilt betre enn etter ordninga for å handsame latente skatteskyldnadene som gjaldt før endringane i 2007. Stortinget står derfor fritt til å gi påbod om at dei latente skatteskyldnadene skal handsamast etter ordninga som gjaldt før endringane i 2007, det vil seie etter ein uttaksmodell. I plenumsdommen uttalar førstvoterande, som talsmann for fleirtalet, mellom anna (premiss 156 og 164):

«(156) Til bruk i avveginga vil eg summere opp situasjonen for reiarlaga. På tidspunktet for overgang frå 1996-ordninga til 2007-ordninga var skattepliktene for reiarlaga for inntektsåra frå og med 1996 til og med 2006 avgjorde, uavhengig av om sjølvé likningane for 2006 var avslutta eller ikkje. Dei årlege inntektene var skattefrie for reiarlaga, men slik at det kvilte ein latent skatt på dei etter nærmare reglar. Tidspunktet for utdeling eller utreden og med det inntektsskatt var opp til det enkelte reiarlaget, innanfor dei rammene økonomien og andre konkrete omstende tilsa. Ved overgangslova er to tredelar av dei skattefrie inntektene gjorde til gjenstand for skatt, medan det framleis er ei latent skatt for den siste tredelen. Overgangslova knyter ikkje skatten til hendingar eller handlinigar etter skjeringstidspunktet for ordningane.

(...)

(164) Etter mitt syn hadde reiarlaga ei rett-

komen forventing om at skattespørsmålet var avgjort for tida fram til det kom nye reglar, og at nye reglar på vanleg måte skulle gjelde framover, likevel slik at dei kunne omfatte også det året dei vart gitt. At reieri, ikkje minst gjennom Norges Rederiforbund, argumenterte for endring av regelverket, endrar ikkje dette. Så lenge det ikkje var gitt andre reglar, hadde reiarlaga grunn til å basere seg på dei som låg i 1996-ordninga. Skjeringspunktet for forventing om nye reglar låg i alle fall ikkje i tid før den kunngjeringa finansministeren gav om ei ny ordning og som vart gitt 7. september 2006.»

Forslaget i denne proposisjonen går ut på ei retablering av ein uttaksmodell, likevel slik at nye inntekter opptent frå og med 2007 skal vere skattefrie, og ikkje latent skattepliktige. I dette tiltaket ligg det ingen reell tilbakeverknad, sjølv om det inneber at enkelte oppheva element i skatteregimet frå før 2007 blir teke inn att i lovgivinga.

Dei foreslårte, innstrammande justeringane i basisordninga, mellom anna ei ny rekkjefølgjeregel, heng nøyne saman med den endelege skattefritaket frå 2007 for nye skipsfartsinntekter i reiarlagskattetordninga. Justeringane ligg godt innanfor formålet med ordninga. Også tidlegare, før 2007, har Stortinget stramma inn enkeltelement i reiarlagskattetordninga utan at Grunnlova har vore noko hinder. Departementet legg til grunn at Stortinget har eit vidt høve til slike formålsgrunna justeringar i skattetordninga, i lys av utviklinga og det nye regimet for inntekter etter 2006.

Den foreslårte oppgjersordninga er eit rimelig alternativ til basismodellen for reiarlag som ønskjer å ta eit oppgjer av dei latente skatteskyldnadene. Dette valhøvet for reiarlaga gjer at basisordninga, inklusive dei innstrammande elementa i ho, ikkje blir obligatorisk. Ut frå dette legg departementet til grunn at Stortinget har desto større høve etter Grunnlova til å gjere slike innstrammande grep i basisordninga.

## 4.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er svært vanskeleg å vurdere provenyverknadene av endringane som er omtalt over. Provenyverknadene kjem i hovudsak an på kor mange som vel frivillig oppgjer av dei latente skatteskyldnadene. Dersom alle reiarlaga vel dette, vil samla proveny over dei tre åra vere noko meir enn 4 mrd. kroner. Dette er lite truleg. Sjølv om basisordninga er stramma inn noko gjennom ein rekkjefølgjeregel, skjerping av krava til realkapital og avvikling av hø-

vet til skattefritak gjennom miljøfondsordninga, må det truleg leggjast til grunn at mange reiarlag som ikkje har planar om større utbytteutdelingar på kort sikt, eller planar om å flytte reiarlaget til utlandet, vil velje å drive vidare med dei latente skatteskyldnadene i basisordninga. Eit svært usikkert overslag er at om lag halvparten av skatteskyldnadene blir betalt inn i tråd med oppgjersordninga, slik at i overkant av 2 mrd. kroner blir betalt inn over tre år. Da vil bokført proveny i 2011 kunne vere om lag 700 mill. kroner.

Det kan òg tenkjast at rekkjefølgjeregelen vil føre til auka proveny fordi dei reiarlaga som vel å bli i basisordninga og deler ut utbytte o.a., vil bli råka av denne regelen. Det er likevel ikkje truleg at dette

vil gi eit serleg stort proveny på kort sikt. For det første vil dei reiarlaga som har planer om store utbytter, truleg velje oppgjersordninga, som gjer ein mye lågare skatt på den ikkje skattlagde kapitalen. For det andre vil laga med overskot etter 2006 og stort utbyttebehov truleg dele ut (eller ha delt ut) mykje før åra 2007 og 2008, ettersom dette kan gjerast skattefritt.

Endringane i basisordninga for å handsame latente skatteskyldnader frå før 2007 vil føre med seg ein del ekstra arbeid for skattekontoret. Jo fleire reiarlag som vel oppgjersordninga, jo mindre omfang vil det bli på langvarig handsaming av den ikkje tidsavgrensa basisordninga for reiarlaga og likningsstellet.

## 5 Opplysningsplikt for oljeselskap om sal av naturgass utvunne frå norsk kontinentalsokkel

### 5.1 Innleiing og samandrag

Oljeselskap er særskattepliktige for inntekt frå gas-sal frå norsk kontinentalsokkel i følgje petroleums-skattelova § 5. Ved likninga er fakturerte gassals-prisar utgangspunktet for å fastsetje inntekta til skattytar. Med heimel i skattelova § 13-1 kan likningsstellet likevel fråvike dei fakturerte prisane når gassen blir sold til eit nærståande selskap, og inntekta er redusert som følgje av interessefellesskapet (interne sal).

Fram til 2002 blei alt norsk sal av tørrgass samordna gjennom Gassforhandlingsutvalet (GFU), som i hovudsak forhandla fram langsiktige kontraktar med uavhengige kjøparar. Derfor kunne dei avtalte salsprisane leggjast til grunn ved skattlegginga av dei ulike selskapa.

Etter avviklinga av GFU i 2002 har rettshavara-ne sjølv hatt ansvaret for å avsetje eigenprodusert gass. Selskapa kan dermed selje gass til nærståande selskap. Mange oljeselskap er integrerte selskap som driv både utvinningsverksemd og nedstraums-verksemd, som inneber ulike formar for industriell foredling og omarbeiding eller distribusjon og sal av naturgass (i Noreg og i utlandet). Inntekt frå nedstraumsverksemd blir skattlagt etter allmenne reglar med lågare skattesats enn utvinning. Selskapa har derfor sterke incentiv til å overføre mest mogleg av inntektene frå norsk sokkel til nedstraumsdelen, ved å avtale lage prisar i interne gas-sal.

Å vurdere om avtalte prisar mellom nærståande kan leggjast til grunn for skattlegginga er særslig resurskrevjande for likningsstellet. Skatteinntektene frå sal av gass utgjer ein vesentleg del av skattepro-venyet frå petroleumsverksemda på norsk sokkel. På grunn av stort salsvolum, kan sjølv mindre avvik frå marknadsprisen avtalt mellom nærståande ha stor betydning for skatteinntektene. For å sikre rikti-ge likningsavgjelder, er det viktig at likningsstellet har eit breitt faktagrunnlag for vurderingane deira, som også omfattar marknadsinformasjon.

Departementet meiner at gjeldande føresegner i likningslova og petroleumsskattelova ikkje gir til-strekkeleg heimel for systematisk å hente inn relevante opplysningar om gassal, som er naudsynt for

ein så god likningskontroll som ønskjeleg. Departementet foreslår derfor ein regel i petroleumsskatte-lova § 6 nytt nr. 6 som pålegg oljeselskap å gi likningsstellet opplysningar om gassal frå norsk kontinentalsokkel. Utfyllande reglar om innhaldet i opplysningsplikta blir foreslått fastsett i forskrift.

### 5.2 Bakgrunn

Fram til 2002 blei alt norsk sal av tørrgass samordna gjennom Gassforhandlingsutvalet (GFU). Stat-oil, Norsk Hydro og Saga Petroleum (fusjonert med Hydro i 1999) var faste medlem i GFU. Oljeselskap kunne ikkje selje eigen gass, og deltakarane i GFU måtte tre ut av utvalet når dei hadde interesser på kjøparsida i forhandlingane. GFU forhandla oftast fram langsiktige, feltnøytrale kontraktar, som blei lagt fram for styresmaktene for godkjenning. Ordninga innebar eit klårt skilje mellom seljar og kjøpar av norsk gass, og medlemmene i GFU hadde klåre bedriftsøkonomiske interesser i å maksimere inntektene frå sal av norsk gass. Derfor kunne også dei avtalte salsprisane leggjast til grunn ved skattlegginga av dei ulike selskapa.

GFU blei avvikla frå 1. januar 2002. Etter avviklinga har selskapa sjølv hatt ansvaret for å avsetje eigenprodusert gass. Selskapa kan dermed selje gass til nærstående selskap. Bakgrunnen er at oljeselskap ofte er integrerte selskap som driv både utvinningsverksemd og nedstraumsverksemd, som inneber ulike former for industriell foredling og omarbeiding eller distribusjon og sal av naturgass (i Noreg og i utlandet). Gasskjeda er også meir integrert dei seinare åra på grunn av fusjonar mellom oljeselskapa, auka internasjonalisering blant dei norske selskapa, og ved at europeiske nedstraums-selskap har etablert seg på norsk sokkel.

Selskap som driv utvinning av gass har ein høgre skattesats enn selskap som driv nedstraumsaktivitet. Staten eig petroleumsressursane på norsk sokkel. Petroleum er ei avgrensa naturressurs, og produksjon av petroleum gir opphav til ekstraordinær avkastning. Derfor betaler oljeselskapa ein særskatt på 50 prosent i tillegg til ordinær selskapskatt på 28 prosent, dvs. ein samla skattesats på 78

prosent. Inntekt fra nedstraumsverksemd blir skattlagt etter allmenne reglar med lågare skattesats enn utvinning. Selskapa har derfor sterke incentiv til å overføre mest mogleg av inntektene fra norsk sokkel til nedstraumsdelen, ved å avtale lage prisar i interne gassal.

Å vurdere om avtalte prisar mellom nærtståande kan leggjast til grunn for skattlegginga er særskrevjande for likningsstellet. Skatteinntektene fra sal av gass utgjer ein vesentleg del av skattekonvenyet frå petroleumsverksemda på norsk sokkel. Dei siste åra har produksjonen av gass auka, mens produksjonen av olje minkar. På grunn av stort salsvolum, kan små avvik frå marknadsprisen avtalt mellom nærtståande ha stor betydning for skatteinntektene (i inntektsåret 2008 hadde særskattepliktige selskap brutto salsinntekter for tørrgass, inkludert LNG på om lag 163 mrd. kroner, der om lag 62 mrd. kroner gjaldt sal til nærtståande selskap). For å sikre riktige likningsavgjørder, er det særskilt viktig at likningsstellet har eit breitt faktagrunnlag for vurderingane deira, som også omfattar marknadsinformasjon.

Etter gjeldande reglar har oljeselskapa plikt til å gi opplysningar om sal av petroleum for skatteføremål mellom anna i følge reglar i likningslova og petroleumsskattelova. I avsnitt 5.4 nedanfor er ei framstilling av gjeldande reglar om opplysnings- og dokumentasjonsplikt.

Departementet meiner at gjeldande føresegner i likningslova og petroleumsskattelova ikkje gir tilstrekkeleg heimel for systematisk å hente inn relevante opplysningar om gassal, som er naudsynt for ein så god likningskontroll som ønskjeleg. Departementet foreslår derfor ein regel i petroleumsskattelova § 6 nytt nr. 6 som pålegg oljeselskap å gi likningsstellet opplysningar om gassal frå norsk kontinentalsokkel. Vurderingane og forslaget frå departementet er gjort greie for under avsnitt 5.6.

I avsnitt 5.3 er marknaden for sal av norsk tørrgass, inkludert LNG (Liquid Natural Gas) omtala.

### 5.3 Sal av norsk tørrgass, inkludert LNG

Då GFU blei avvikla blei størsteparten av tørrgassen frå norsk sokkel levert under langsiktige kontraktar til store gasskjøparar på kontinentet. Kontraktane var i stor grad avtala mellom uavhengige partar og såleis på marknadsvilkår. Etter overgangen til at selskapa sjølv sel gass, har det vore ei gradvis utvikling der ein aukande del av gassen blir overdratt til nærtståande selskap. Dette gjeld spesielt gass som ikkje var bunden opp i eksisterande

avtaler, men det har også skjedd overdragingar av partsstillinga i tidlegare avtaler inngått av GFU, sånn at avtaler som opphavleg var mellom uavhengige partar no er mellom nærtståande. Føresegner om prisrevisjon har vore vanleg i langsiktige avtaler, sånn at prismekanismen kan bli justert når føresetnadene for revisjon er oppfylte. Dersom det skjer prisrevisjon eller reforhandling av avtalevilkår mellom nærtståande selskap i ein tidlegare GFU-kontrakt, kan ikkje utan vidare vilkåra leggjast til grunn som marknadsvilkår. Det same gjeld avtaler inngått direkte mellom nærtståande.

Norsk gass blir i hovudsak selt til kontinentet på langsiktige avtaler med 10-30 års lengd. Sjølv om dei konkrete utformingane og prisinga i dei langsiktige kontraktane ikkje er allment kjend, er framgangsmåten for å fastsetje dei langsiktige kontraktprisane kjend. Det har vore vanleg å fastsetje prisen som ein fast basispris og eit variabelt ledd, som knyter gassprisen opp mot prisutviklinga på alternative energikjelder som gassolje, fyringsolje, kol og elektrisitet. Dette skal sikre kjøpar og seljar at gassprisen blir tilpassa over tid, sånn at den er konkurransedyktig samanlikna med andre energikjelder. Størsteparten av salet av gass i desse avtalelane skjer ved direkte kontakt mellom seljar og kjøpar, sånn at det er relativt lite open marknadsinformasjon om salsverdien av gassen. For desse kontraktane fører forskjellar mellom kontraktsvilkåra til store variasjonar i marknadsverdien av gassen. Det er liten open marknadsinformasjon om prisane for gass i ulike kontraktar, noko som fører til store utfordringar ved vurdering av interne sal.

I tillegg til dei langsiktige salsavtalane har det gradvis utvikla seg europeiske spotmarknader for kjøp og sal av gass. I ein spotmarknad blir prisen fastsett jamleg ut frå kjøp- og salstilbod. Den britiske salsmarknaden er den klart mest likvide marknaden i Europa. Størsteparten av spothandelen på marknadsknutepunktet (National Balancing Point) er konfidensiell, men estimat av marknadsprisen for ulike grupper av spothandlar blir publisert av byrå. Anslaga blir brukt som grunnlag for prisindeksering i andre kontraktar. Det finst også ein velfungerande framtidssmarknad (futures). Prisinga av både kortsiktige og meir langsiktige kontraktar i Storbritannia blir dermed i større grad knytt opp mot utviklinga i marknadsnoterte gassprisindeksar. Storbritannia var tidlegare sjølvforsynt med gass, men er i dei siste åra blitt ein stadig viktigare marknad for sal av norsk gass. Norsk gass står for om lag 20 prosent av den britiske gassforsyninga.

Det skjer også organisert spothandel av gass i dei kontinentale gassmarknadene. Zeebrugge i Belgia var lenge den viktigaste marknaden for handel

med gass på kontinentet, men posisjonen er seinare teke over av Title Transfer Facility i Nederland. Også i Tyskland og Frankrike går det i retning av auka omsetning av gass i spotmarknader. Spotmarknadsprisane i Storbritannia og dei ulike marknadene på kontinentet følgjer kvarandre i stor grad, men likviditeten varierer mye.

I Storbritannia og på kontinentet er det bygt fleire anlegg for mottak av LNG. LNG fører til at gassprisane i dei ulike regionale marknadene vil nærme seg kvarandre. Dersom forskjellane i prisar mellom til dømes Europa og USA opnar for arbitrasje (med omsyn til forskellar i transportutgifter o.a.) vil ledig LNG gå til den marknaden som betaler mest og bidra til utjamning av prisar.

Samla interne sal av tørrgass, inkludert LNG har auka frå 4,2 mrd. kroner i 2002 til 61,8 mrd. kroner i 2008. Auken skuldast både auka volum og prisauke på gassen. Interne sal som del av samla gassal auka frå 9 pst. i 2002 til 38 pst. i 2008. Sjølv om gassprisane var særleg høge i 2008 samanlikna med tidlegare år, utgjer interne sal av tørrgass, inkludert LNG etter kvart sære store verdiar. Sal av gass til nærliggande skjer til dels basert på spotmarknadsprisar for gass (direkte eller indirekte), dels basert på oljeprisindeksering og dels basert på vidaresalsprisar.

Ein stor del av norsk gassal (eksternt og internt) skjer på langsiktige kontraktar med oljeprisindeksering. For såinne kontraktar fører forskellar i kontraktsvilkåra til store variasjonar i marknadsverdien av gassen. Det er lite open marknadsinformasjon om prisane for gass i ulike kontraktar, noko som fører til store utfordringar ved vurdering av interne sal. Når det gjeld interne sal som byggjer på marknadsnoteringar eller vidaresalsprisar, er det vanleg med justering av prisen for å ta omsyn til forskellar mellom vilkåra i avtalen som er inngått og den avtalen marknadsnoteringa eller vidaresalsprisen har som føresetnad. Det kan vere ei utfordrande oppgåve å vurdere storleiken på slike justeringar.

Norsk oljeproduksjon er redusert med om lag 30 prosent i perioden 2002 til 2008. I same perioden har produksjonen av gass auka med om lag 50 prosent. I følgje tal frå Oljedirektoratet var samla gassal for 2009 om lag 103 mrd. Sm<sup>3</sup>. Det er venta at sallet av gass vil auke vidare til om lag 112 mrd. Sm<sup>3</sup> i 2012 og halde seg på det nivået til 2014.

Størsteparten av eksporten av norsk gass går til Storbritannia, Tyskland og Frankrike. Norske gasprodusentar har også gassalsavtaler med kjøpare i Nederland, Belgia, Italia, Spania, Tsjekkia, Østerrike, Danmark o.a. I tillegg blir det selt LNG til Nord-Amerika, Europa og Asia.

## 5.4 Gjeldande rett

Etter likningslova § 4-1 har skatttytar ei allmenn plikt til utan oppmoding å gi opplysningar om eigne forhold, og bidra til at skatteplikta blir riktig fastsett og oppfylt til rett tid. Skatttytar må sjølv skaffe og melde frå om dei naudsynte opplysningane, slik at likninga blir fullstendig og riktig. Likningslova § 4-3 seier at sjølvmeldinga skal innehalde ei spesifisert oversikt over brutto formue og inntekt, frådragspostar og andre opplysningar med betyding for likninga til skatttytaren. I følgje likningslova § 4-8 kan likningsstellet oppmode skatttytar om å gi opplysningar om særskilte økonomiske og andre forhold av betyding for kontrollen eller vurderinga av skatteplikta, og å leggje fram legitimasjonar og utskrifter av regnskap o.a. Det same gjeld opplysningar som skatttytar ikkje har sjølv, men som utan urimelege kostnadar kan hentast frå tredjepart. Styremaktene kan påleggje skatttytar å gi dei naudsynte opplysningane viss han ikkje leverer dei av fri vilje, jf. likningslova § 4-10.

Fra 2007 har det gjeldt reglar om oppgåve- og dokumentasjonsplikt for transaksjonar mellom nærliggende selskap (internprising), jf. likningslova § 4-12. Desse reglane gjeld også for sal av gass frå oljeselskap. Opgåveplikta betyr at selskapa i sjølvmeldinga må leve ei oppgåve over art og omfang av transaksjonar mellom nærliggende, og disposisjonar mellom fast driftsstad og andre delar av føretaket. Dokumentasjonsplikta inneber i utgangspunktet at skatttytar skal utarbeide og oppbevare lovpålagt dokumentasjon, og at informasjonen berre skal leverast etter pålegg frå styremaktene, sjå Ot.prp. nr. 62 (2006-2007), forskrift av 7. desember 2007 og fastsette retningslinjer.

Likningslova kapittel 6 har reglar om kontrollopplysningar og likningsoppgåver frå tredjepartar. Mellom anna kan likningsstellet krevje at ein som driv ei næringsverksemde gir opplysningar om eit-kvart økonomisk uteståande med ein namngitt næringsdrivande når det har tilknyting til verksemde ne til begge partane. Opgåvene kan gjelde varelevering og -kjøp, tenester, vederlag og andre forhold som gjeld det uteståande og oppgjøret for dette.

I 2005 blei det innført ei føresegn i petroleums-skattelova § 6 nr. 5 som gir oljeselskapa tilgang til å få bindande førehandsutsegn om kva som skal rekna som skattepliktig inntekt ved sal av naturgass, jf. Ot.prp. nr. 1 (2005-2006). Føresegna gjeld berre for transaksjonar mellom nærliggende partar. Bakgrunnen for ordninga var at det er ressurskrevjande å vurdere om avtalte prisar ved sal av naturgass til nærliggende selskap kan leggjast til grunn

for skatteformål. Dessutan inneber skjønnsmessig fastsettjing av gassprisar ved likninga uvisse for selskapa. Ei ordning med bindande førehandsutsegn er sikrare for selskapa, samstundes som likningsstellet får god tilgang til informasjon om omstende som betyr noko for marknadsverdet av gassen. For å få fastsett eit bindande førehandsutsegn føresett forarbeida at selskapa må sende inn utkast til gasalsavtale i tillegg til

«annen informasjon som er relevant for ligningsmyndighetenes vurdering av den anmodeide pris. Det må redegjøres for alle forhold som kan tenkes å påvirke prisen (leveringssted og leveringstidspunkt, risiko- og funksjonsdeling, fordeling av kostnader og rabatter osv., jf. blant annet OECDs retningslinjer for internprising). Relevant dokumentasjon kan for eksempel være sammenlignbare priser i det uavhengige markedet, videresalgspris til tredjepart, faktisk noterte priser osv».

Ordninga med bindande førehandsutsegn er valfri for oljeselskapa, og har blitt brukt i særskilt liten grad (pr. i dag er det berre gitt eit sånt utsegn.)

I følgje petroleumsskattelova § 4 kan Olje- og energidepartementet (delegert til Petroleumsprisrådet), fastsetje normprisar for petroleum som blir utvunne på norsk kontinentsokkel. Normprisen skal svare til det petroleum kunne blitt omsett for mellom uavhengige partar på den frie marknaden. Ved likninga blir fastsette normprisar lagt til grunn i staden for prisen seljar faktisk har oppnådd, både i transaksjonar mellom nærtståande og uavhengige partar. Grunngjevinga for at normprissystemet blei innført, jf. Ot.prp. nr. 26 (1974-1975), var dei store problema med internprising som finst i oljeindustrien. Reglane blei gitt for å unngå at skattegrunnlaget blei redusert som følge av internprising, og for å minke ressurskrevjande arbeid ved verdsettinga av petroleum for skatteføremål.

Petroleumsskattelova § 4 gir heimel til å fastsetje normpris for alle typar petroleum, dvs. også naturgass, men det har hittil berre blitt fastsett normpris for råolje.

Oljeselskap er pålagt ei særskild opplysningsplikt knytt til normprissystemet. Etter § 9 i forskrift 25. juni 1976 nr. 5 om fastsettjing av normprisar er kvar ein

«som ved utligning av inntekts- og formuesskatt, herunder særskatt i henhold til Petroleumsskatteloven § 5, vil få normpris lagt til grunn ved ligningen, ... pliktig til å gi alle opplysninger som kreves for fastsettelse av normpris. Vedkommende skal også av eget tiltak gi ytterligere opplysninger dersom disse må antas å være av betydning for verdsetting av petro-

leum utvunnet i de områder som er nevnt i Petroleumsskattelovens § 1, a-b.».

Vidare fastsett føresegna at styresmaktene kan krevje opplysningsar om sal o.a. av petroleum produsert på norsk kontinentsokkel på særskilde prisoppgåveskjema fastsett av departementet. Olje- og energidepartementet har utarbeida eit rapporteringsskjema for råolje og våtgass som skal bli brukt for all produksjon frå norsk sokkel, og som inneber at selskapa kvar måned skal sende departementet skjema for alle råolje- og våtgassleveransar.

Dei nemnde reglane gjeld plikta oljeselskapa har til å gi opplysningsar for skatteføremål. Petroleumslova med forskrifter inneheld reglar som pålegg rettshavarane å gi opplysningsar til Olje- og energidepartementet som forvaltar av petroleumsressursane.

I følgje forskrift 27. juni 1997 til lov om petroleumsverksem (petroleumsforskrifta) § 49 skal rettshavarane gi opplysningsar til Olje- og energidepartementet om sal av petroleum, inkludert opplysningsar om mengda som er avhenda siste kvartalet, kven petroleumen er avhenda til og kva prisar som er oppnådd. Rettshavar skal også gi fullstendige opplysningsar om andre særskilde omstende som kan ha verka inn på prisar eller betalingsvilkår. Rapporteringa skjer etter ein fastsett mal. Det følger av føresegna at rettshavarane ikkje har plikt til å gi opplysningsar etter petroleumsforskrifta § 49 i den grad dei same opplysningsane blir gitt etter petroleumsskattelova.

Petroleumsforskrifta § 19 fastsett dessutan at rettshavar skal gi Olje- og energidepartementet opplysningsar om framtidige leveransar av gass, inkludert ei overordna volumprofil for plikter til å leve rik- og tørrgass, og ei framstilling av hovedføresetnadene for pliktene inngått i førre kvartal.

## 5.5 Merknader frå høyTINGSinstansane

I januar 2010 sendte departementet ut til høyring eit forslag om opplysningsplikt for oljeselskap om gassal frå norsk kontinentsokkel.

Sju av høyTINGSinstansane har sendt svar til departementet. Oljeindustriens Landsforening, Olje- og energidepartementet, Oljeskattekontoret og Skattedirektoratet har realitetsmerknader til forslaget. Oljeskattekontoret støttar forslaget. Olje- og energidepartementet meiner at det er tenleg med ei felles rapporteringsordning som både dekkjer deira behov og behovet likningsstellet har for opplysningsar, og dermed unngå unødig dobbelrapportering.

Berre Oljeindustriens Landsforening har innvendingar mot forslaget.

*Oljeindustriens Landsforening (OLF)* uttalar mellom anna:

«Oppsummeringsvis har OLF følgende kommentarer til forslaget:

- Forslaget legger opp til systematisk bruk av informasjon som skattyterne ikke selv har tilgjengelige ved vurdering av internprisingen herunder bruk av «secret comparables» i strid med anbefalingene i OECDs Transfer Pricing Guidelines
- Det vil etter OLFs oppfatning ikke være mulig å oppnå den utsatte intensjonen og forespeide nytte med forslaget
- Forslaget drøfter ikke de konkurranserettslige aspekter av informasjonsinnhenting og bruken av de innsamlede data. I vedlagte notat [...] konkluderes det med at lovforslaget kan eksponere både utvinningsselskapene og Staten for risiko for overtredelse av konkurransereglene. Dersom en nærmere vurdering av de konkurranserettslige aspekter bekrefter en slik mulig eksponering vil OLF åpenbart sterkt fraråde introduksjon av de foreslalte regler.
- De eksisterende regler om rapportering og dokumentasjon av internsalg er etter OLFs mening tilstrekkelige og hensiktsmessige for at ligningsmyndighetene skal kunne vurdere armlengdemessigheten av selskapenes konserninterne priser.

OLF's vurdering er at forslaget i sin helhet bør skrinlegges.»

*Skattedirektoratets Seksjon for skatteforvaltning* opplyser om at:

«ligningsloven kapittel 6 systematisk benytter betegnelsen 'ukrevet' om opplysninger oppgavegiver skal gi uten særskilt pålegg. Finansdepartementet bør vurdere om det er hensiktsmessig å ta inn en tilsvarende presisering i forslaget til ny petroleumsskattelov § 6 nr. 6 andre ledd, første punktum.»

Departementet vurderar vesentlege merknadar i høyingsrunden under kapittel 5.6 Vurderingar og forslag frå departementet.

## **5.6 Vurderingar og forslag frå departementet**

### **5.6.1 Generelt**

I dag sel utvinningsselskap sjølve sin eigen gass. Ein aukande del blir selt til nærliggande selskap. Det er store forskjellar i kontraktsvilkår for ulike

gasskontraktar, og marknadsverdet kan variere stort som følgje av dette. I tillegg skjer framleis hoveddelen av salet gjennom langsiktige avtalar med direkte kontakt mellom kjøpar og seljer. Dette fører til relativt lite open marknadsinformasjon om salsværdet av gassen.

Ved likninga skal som eit utgangspunkt skattatars fakturerte prisar ved sal av gass bli lagt til grunn ved fastsettinga av inntekta. Likningsstellet kan likevel fråvike dei fakturerte prisane med heimel i skattelova § 13-1 dersom gassen blir selt til nærliggande selskap, og inntekta er redusert som følgje av tilknytinga. Dersom vilkåra for å fråvike avtalt pris er oppfylt, skal inntekta bli fastsett som om tilknytinga mellom selskapene ikkje fanst (arm lengdeprinsipp). I tilfeller med skatteavtale med eit anna land som inneholder ei føresegne lik som artikkel 9 i mønsteravtala til OECD, skal det takast omsyn til retningslinene for internprising for fleirnasjonale føretak og skattestyrsmakter ved vurderinga av om inntekta er redusert, og ved fastsettinga av den skjønsmessige inntekta. Også i andre tilfelle bør retningslinene takast omsyn til så langt som dei passer. Sjå skattelova § 13-1, jf. fjerde ledd, og meir omtale av regelen i Ot.prp. nr. 62 (2006-2007).

For likningsstellet er det særskilt krevjande å vurdere om prisen for sal av gass frå oljeselskap til nærliggande skal bli lagt til grunn ved likninga, og eventuelt fastsetje armlengdeprisen ved skjøn. Petroleumsskattelova § 4 har heimel for å fastsetje normpris også for gass, men heimelen er ikkje brukt så langt. Då det blei innført ei ordning med bindande førehandsutsegn for gassal frå oljeselskap til nærliggande selskap, jf. avsnitt 5.4 ovanfor, vurderte departementet eit alternativ med normpris for sal av tørrgass. Den gongen kom departementet fram til at det ikkje var tenleg med ei slik løysing. Grunngjevinga var at vilkåra i kontraktane var relativt ulike, og at det ikkje fanst ein likvid og transparent gassmarknad. Sjå utfyllande omtale i Ot.prp. nr. 1 (2005-2006) avsnitt 23.5.2.

Likningsstellet er avhengig av eit breitt faktagrundlag og best mogleg informasjon om relevante forhold i gassmarknaden for å kunne treffe riktige avgjelder ved handsaminga av likninga. Samanlikning av prisar og vilkår i transaksjonar mellom uavhengige partar og mellom nærliggande selskap, er eit viktig element ved vurderinga av om vilkåra for å justere inntekta ved skjøn er oppfylt og for å fastsetje armlengdeprisen for nærliggande selskap, jf. retningslinene til OECD om internprising. Kjennskap til marknaden er nødvendig for å finne fram til det beste grunnlaget for samanlikning, og for å justere forskjellar mellom den aktuelle transaksjonen og transaksjonen den blir samanlikna med. Mang-

lande tilgang til relevante grunnlag for samanlikning er derfor eit problem ved fastsettinga av prisar for skatteføremål.

Grunna den høge skattesatsen på inntekt frå utvinningsverksemdu, har oljeselskapet sterke incentiv til å redusere inntekta i særskatteregimet ved sal til nærtståande selskap. Omsynet til å få riktig likning, og unngå reduksjon av skattegrunnlaget frå utvinningsverksemdu, tilseier at faktagrundlaget som den enkelte avgjera byggjer på, er så breitt som mogleg.

Når det gjeld sal av olje (og våtgass) produsert på norsk sokkel, mottek styresmaktene nærmare informasjon om transaksjonar i samanheng med fastsetting av normprisar, jf. avsnitt 5.4 ovanfor. Departementet meiner at likningsstellet har same behovet for opplysningar om pris og andre vilkår for å fastsette inntekta for sal av gass ved likninga. Mellom anna er marknadane for sal av gass mindre likvide enn for råolje. Vidare må det ved likninga takast stilling til kva som er riktig pris for gassen basert på dei ulike vilkåra i kvar enkelt transaksjon.

Oljeselskapet har allereie plikt til å automatisk sende inn visse opplysningar om gassal ved likninga, og eventuelt ved etterfølgjande førespurnad frå likningsstellet, jf. avsnitt 5.4. Departementet meiner at gjeldande regler ikkje gir tilstrekkeleg heimel for systematisk innhenting av all relevant marknadsinformasjon for gassal som er naudsynt for ein så god likningskontroll som ønskja. Mellom anna gjeld føresegna i likningslova § 4-12 om oppgåve- og dokumentasjonsplikt berre transaksjonar o.a. mellom nærtståande, og ikkje sal mellom uavhengige partar. Reglane er dessutan delt inn i respektive ei oppgåve- og ei dokumentasjonsplikt, der dokumentasjonsplikta berre gjeld på oppfordring frå likningsstellet. Oppgåveplikta inneber at ei oppgåve med summariske opplysningar skal bli levert saman med sjølvmeldinga. Likningslova § 6-3 gjeld også transaksjonar med uavhengige næringsdrivande, men krev at avtaleparten er namngitt. Føresegna er såleis ikkje nok i forhold til eit behov for ei generell opplysningsplikt om avtale- og salsvilkår for gass for skatteføremål.

Departementet derfor at ein bør innføre ein ny regel i petroleumsskattelova om at særskattepliktige selskap har plikt til å gi opplysningar om sal av gass til likningsstellet.

Opplysningar om avtale- og salsvilkår må i tilfelte hentast inn frå selskapet for kvar avtale og det ein-skilde salet. Innsend informasjon skal bli samla i ein database, som vil vere til stor nytte for likningsstellet i arbeidet med å sikre at gass blir verdsett til marknadspris ved interne sal. Departementet meiner det er ein føresetnad for eit godt faktagrundlag

at databasen omfattar det meste av avtalar og transaksjonar som gjeld sal av gass frå norsk kontinentalsokkel.

*OLF* skriv i høyningsmerknaden at forslaget inneber noko prinsipielt nytt fordi innsendte opplysningar også skal bli brukt som grunnlag for å fråvike prisen i kontraktar som andre selskap har inngått med nærtståande selskap. På denne måten blir det lagt opp til systematisk bruk av opplysningar som skattytar ikkje har tilgang til, inkludert bruk av skjulte samanlikningsgrunnlag («secret comparables») i strid med tilrådingar frå OECD, jf. prinsippet om kontradiksjon.

Departementet viser til at føremålet med opplysningsplikta er å gi likningsstellet betre kjennskap om gassmarknaden, inkludert kva som er vanlege, kommersielle vilkår i kontraktar. Likningsstellet har tilgang til tilsvarende opplysningar i dag også, men forslaget legg opp til ein meir systematisk og obligatorisk innsending av opplysningane. Forslaget inneber derimot inga endring når det gjeld *bruk av opplysningane i konkrente likningssaker*. Dersom prisinga i interne sal skal fråvikast, skal likningsstellet framleis vere bunden av dei allmenne reglane i skatte- og likningslova, inkludert retningslinene til OECD om internprising, som ikkje stengjer for bruken av informasjon som skattytaren ikkje kjenner til, men som oppmodar til varsemd med korleis den brukast sånn at skattytaren får eit rimeleg hove til å forsvare seg og tryggje rettsleg kontroll ved domstolane. Omsyna til løyndom og innsyn i grunnlaget for eiga likning, skal framleis i samsvar med OECD-retningslinene bli tryggja gjennom anonymisert bruk av opplysningar der det er naudsynt. Forslaget inneber derfor ingen endringer i forvaltningsprinsippa som ligg til grunn for handsaminga av likninga.

*OLF* skriv vidare at høyningsnotatet ikkje drøftar dei konkurranserettslege sidene ved innsamling og bruk av dei innhenta opplysningane. *OLF* peikar på at forslaget gir risiko for at konkurranseregular blir brote. Grunngjevinga er at opplysningsplikta kan føre til (indirekte) utveksling av informasjon mellom selskapet via likningsstellet, ved at det gjennom fråvik ved likninga veks fram ein referansepris. Det kan gjere det lettare for selskapet å drive ulovleg koordinert framferd.

Departementet viser til at forslaget som nemnt ikkje fører til nokon endring av dei allmenne reglane for å fråvike likninga, jf. særleg skattelova § 13-1. Vurderinga etter denne føresegna byggjer på konkret skjøn basert på forholda i den einskilde avtalen. Departementet legg til grunn at det er lite truleg at eventuelle avvik ved likninga skal føre til at det blir danna ein referansepris for gassal. I tillegg

skal omsynet til innsyn i grunnlaget for eiga likning framleis tryggjast gjennom anonymisert bruk av opplysningar underlagt teieplikt. Ein føresetnad for brot på konkurransereglane er dessutan at selskapa ved ulovleg framferd sokjer å hindre konkurransen. Departementet meiner at det ikkje er grunnlag for å seie at ein regel som pålegg oljeselskap å gi opplysningar til likningsstellet vil vere i strid med konkurransereglane.

I tillegg hevdar OLF at det ikkje er mogleg å oppnå føremålet med forslaget. OLF viser til at forslaget undervurderer kompleksiteten og variasjonane i avtalane som er inngått mellom uavhengige partar, og at prisane ofte ikkje kan samanliknast direkte. Vidare blir det peika på at dei gjeldande reglane om rapportering og dokumentasjon av interne sal er høvelege og strekk til for at likningsstellet skal kunne vurdere om dei interne sala er fastsett etter armlengdeprinsippet.

Departementet peiker på at det er særskilde krevjande for likningsstellet å kontrollere at prisen på interne sal av gass er riktige, sjá avsnitt 5.2 og vurderinga ovanfor om dei særskilde omsyna som gjeld på dette området. Sjølv om det er forskjellar mellom vilkåra i gasskontraktar, som må takast omsyn til ved samanlikning av avtalene, er opplysningar om marknadsvilkår naudsynte og verdefulle for likningsstellet. Departementet er ikkje einig med OLF i at gjeldande reglar om opplysningsplikt og dokumentasjon er gode nok for at likningsstellet kan gjøre naudsynte kontrollar av internprising. Departementet viser også til at tilsvarande reglar om opplysningsplikt gjeld for olje etter normprisordninga.

Departementet foreslår derfor å innføre ein ny regel i petroleumsskattelova om at særskattepliktige selskap har plikt til å gi opplysningar om sal av gass til likningsstellet. I avsnitt 5.6.2 nedanfor blir utforminga av regelen omtala.

Departementet viser til forslag til § 6 nytt nr. 6 i petroleumsskattelova.

## 5.6.2 Meir om forslaget

### 5.6.2.1 Transaksjonar som skal vere omfatta av opplysningsplikta

Føremålet med ei særskild opplysningsplikt er å bidra til at likningsstellet kan fastsette riktig inntekt for skatteføremål når utvinningsselskap sel gass til nærliggande, og salet fell inn under særskatteplikta i petroleumsskattelova § 5.

Det må bli fastlagt kva for transaksjonar, og eventuelt disposisjonar, som skal falle innanfor opplysningsplikta.

Departementet legg til grunn at sal av eigenprodusert gass frå utvinningsselskap skal vere omfatta.

Det same gjeld eit selskap som byter eigen gass med andre selskap, og eit selskap som sel gass som er kjøpt inn for å dekkje eigne leveringsplikter frå eit felt. Desse transaksjonane fell etter gjeldande reglar innanfor særskatteplikta.

Viss eit utvinningsselskap har kjøpt gass med sikt på vidaresal, vil derimot vidaresalet normalt ikkje bli sett på som ein del av den særskattepliktige verksemda. Det gjeld sjølv om gassen blir selt til eit selskap som også er rettshavar på norsk kontinentalsokkel. Opplysningar om pris o.a. ved vidaresal ville også vere nyttig for likningsstellet å ha ved handsaminga av likninga når prisen på gass selt mellom nærliggande selskap skal bli kontrollert. Eit alternativ kunne derfor vere å påleggje ei plikt til å gi opplysningar om alle sal av gass produsert på norsk kontinentalsokkel frå eit særskattepliktig selskap, uavhengig av om den einskilde transaksjonen skal reknast til særskatteregimet eller ikkje. Eit sånt alternativ ville på den andre sida føre til ei omfattande opplysningsplikt dersom det blir drevet stor tradingverksemd, dvs. gasshandel utover den direkte avsetninga av produksjonen frå selskapet på kontinentalsokkelen. Departementet foreslår derfor at opplysningsplikta blir avgrensa til sal av gass som er særskattepliktig etter petroleumsskattelova § 5, dvs. at vidaresal som hovudregel fall utanfor.

I følgje retningslinene fra OECD om internprisering er det transaksjonar mellom uavhengige tredjepartar som skal bli brukt som grunnlag for samanlikning, og ikkje prisar og vilkår som er avtalt mellom nærliggande partar. Departementet meiner likevel at opplysningar om sal av gass frå norsk sokkel frå ein rettshavar til eit nærliggande selskap vil ha informasjonsverdi for likningsstellet. Derfor foreslår departementet at opplysningsplikta skal gjelde transaksjonar både mellom uavhengige og nærliggande partar. Ein sånn regel inneber at det ikkje er naudsynt å ta stilling til om det føreligg interessefellesskap mellom partane ved vurderinga av om opplysningsplikta gjeld.

Einskilde selskap driv utvinningsverksemd på norsk sokkel gjennom filial av utanlandsk selskap. I følgje § 12 i forskrift 30. april 1993 nr. 316 om skattekjøring av inntekt vunne ved utvinning og rørleidningstransport av petroleum (petroleumsskatteforskrifta) skal inntekt og frådrag i desse tilfella bli fordelt slik at «*inntekt av utvinning og rørledningstransport, ansettes som om denne virksomheten var drevet av frittstående foretak*». Dersom det føreligg skatteavtale med staten der verksemda høyrer heime, og som inneheld ei føresegr som svarar til artikkel 7 i mørnsterskatteavtala frå OECD, skal det i følgje skatteavtalen på same måten skje ei tilord-

ning av fortene til den faste driftsstaden som om verksemda der var driven av eit særskild og sjølvstendig føretak. Departementet viser også til føresegna i skattelova § 9-14 om plikt til å skattleggje gevinst når eidealar blir teke ut av norsk skattleggingsområde. Viss ein særskattepliktig filial overfører gass utvunne på norsk kontinentsokkel til andre delar av føretaket, skal det derfor bli fastsett ein verdi ved uttak frå særskattepliktig verksemd (eventuelt norsk skattleggingsområde) ved fastsetttinga av særskattepliktig inntekt. Verdien skal fastsettast etter dei same prinsippa som gjeld for transaksjonar mellom nærståande, jf. armlengdeprinsippet. Departementet foreslår ei plikt til å opplyse om marknadsverdien av gassen når den blir teke ut frå fast driftsstad som driv særskattepliktig verksemd på norsk sokkel, på same måten som for transaksjonar mellom nærståande selskap.

Staten deltar i petroleumsverksemda på norsk kontinentsokkel gjennom SDØE (Statens direkte økonomiske engasjement). Etter Avsetnadsinstruksen for Statoil ASA skal selskapet stå for avsetnaden av petroleum som blir produsert frå deltakardlane til staten. For tørrgassen til staten forhandlar og inngår Statoil avtalar i Statoil sitt namn, men for rekninga og risikoen til staten. Departementet meiner at også gassen Statoil avsett på vegner av staten skal vere omfatta av opplysningsplikta. Staten er generelt unntekte frå (sær)skatteplikt, jf. skattelova § 2-30 første ledd bokstav b. Det må derfor seiast uttrykkeleg i lova at opplysningsplikta også gjeld denne avsetninga.

Når det gjeld kva slags gass opplysningsplikta skal omfatte, reknar departementet med at likningsstellet i første omgang har særskilt bruk for informasjon om sal av tørrgass, jf. ovanfor om avviklinga av GFU. Det kan likevel vere aktuelt å innhente fleire opplysningsplikta også om sal av annan slags gass, som våtgass og eventuelt rikgass. I dag rapporterer utvinningsselskapene opplysningsplikta om våtgass under normprisordninga, jf. forskrift 25. juni 1976 nr. 5 om fastsetting av normprisar. Det kan i framtida vere føremålstenleg at denne informasjonen heller blir sendt til Oljeskattekontoret.

Departementet foreslår at heimelen skal dekkje realisasjon av all naturgass. Omgrepene «naturgass» omfattar tørrgass, inkludert LNG, rikgass og våtgass, inkludert kondensat. Samstundes blir det foreslått at departementet kan avgjere at opplysningsplikta ikkje skal gjelde for einskilde typar gass. Same typen løysing er valt for ordninga med bindande førehandsutsegn, jf. petroleumsskattelova § 6 nr. 5 tredje ledd.

Departementet viser til forslag til § 6 nytt nr. 6 første og fjerde ledd i petroleumsskattelova.

### 5.6.2.2 Opplysningsplikta

Departementet har vurdert kva slags informasjon selskapet måtte gje.

For å ha eit godt faktagrunnlag for å fastsettje riktig inntekt ved gassal ved transaksjonar og disposisjonar mellom nærståande, har likningsstellet bruk for konkret avtale- og salsinformasjon, i tillegg til generell marknadsinformasjon. Avtale- og salsinformasjon må bli henta inn frå selskapet.

Avtaleinformasjon er opplysningsplikta om avtalepartane (namn på seljer og kjøpar), datoene avtalen blei inngått, leveringsperiode, leveringsstad, kontraktskvantum, fordeling av risiko, fleksibilitet, ev. mogleg avbryting, pris/prismekanisme o.a. Det er ganske vanleg at faktisk pris ikkje kjem direkte fram av avtalen, men at det er fastsett ein indeks eller prisformel som skal bli brukt når prisen blir fastsett. Det er også vanleg at leveringsplikta (energi-mengd) ikkje kjem direkte fram av avtalen, men at for eksempel kjøpar kan nominere kor stor mengd som skal bli levert dagleg innanfor nokre skrankar som er fastsett i avtalen. Det vil derfor vere bruk for opplysningsplikta om faktiske prisar og mengder for ein periode frå faktura/fakturagrunnlag (salsinformasjon). Dersom avtalen fastsett at det skal skje frådrag for ulike typar kostnad, rabattar o.a. er det også aktuelt med ei spesifisering av beløpa det gjeld. Utgangspunktet er elles at opplysningsplikta gjeld faktaopplysningsplikta, og ikkje vurderingar som byggjer på skjøn. Utkast til forskrifter om opplysningsplikta vil bli sendt på høyring, sjå nedanfor.

Ved uttak av gass frå fast driftsstad finst ikkje avtaler o.a. på same måten som ved sal til eit anna selskap. Opplysningsplikta må derfor bli tilpassa desse tilfellene.

Departementet foreslår at utfyllande reglar om innhaldet av opplysningsplikta blir fastsett i forskrift. Det er også tenleg å utarbeide eigne skjema for innsending av opplysningsplikta.

I følgje petroleumsskattelova § 8 tredje ledd kan departementet gi forskrifter til gjennomføring og utfylling av lova. Departementet legg til grunn at denne føresegna heimlar dei omtalte forskriftsføresegna. Utkast til forskrift om meir inngående innhald i opplysningsplikta o.a. blir sendt på høyring.

Opplysningsplikta som blir sendt inn skal inngå i ein database, som etter kvart vil innehalde stort materiale. For å lette handteringa av innsend informasjon og oppbygginga av databasen, foreslår departementet at likningsstellet kan krevje at opplysningsplikta blir sendt elektronisk.

I tillegg til sals- og avtaleopplysningsplikta gitt i fastsett oppgåveskjema, jf. ovanfor, kan likningsstellet ha bruk for å sjå sjølvje avtalene inngått mellom par-

tane. I dei fleste tilfelle vil likningsstellet ha heimel i dei allmenne reglane i likningslova til å pålegge skattytar å sende inn slik dokumentasjon. For å unngå tvil om dette, foreslår departementet at det blir fastsett utrykkeleg at Oljeskattekontoret kan pålegge selskapet å sende inn kopi av avtale om særskattepliktig realisasjon av naturgass.

Departementet viser til forslag til petroleums-skattelova § 6 nytt nr. 6 første og andre ledd.

#### *5.6.2.3 Mottakande organ og rapporteringsfrist*

Oljeselskapa blir likna av Oljesattenemnda i første instans, medan Klagenemnda for petroleumsskatt er klageinstans. Oljeskattekontoret er sekretariat for og førebur sakene for nemndene. Departementet foreslår at opplysningane skal bli sendt til Oljeskattekontoret.

Oljeselskap sel gass jamleg i løpet av året. Eit spørsmål er på kva tidspunkt selskapa skal ha plikt til å gi opplysningar, inkludert kor ofte rapportering av gassal skal skje.

Føremålet med opplysningsplikta er at likningsstellet skal ha eit breit og mest mogleg oppdatert faktagrunnlag for å gjere riktige verdsettingar av gassal ved handsaminga av likninga, og i endrings- og klagesaker, jf. også avsnitt 5.6.2.4 nedanfor om innrapportering av gassal til Olje- og energidepartementet. Dette kan tale for at opplysningane bør bli sendt inn jamleg etter kvart som dei einskilde sala skjer. På den andre sida vil ei så hyppig rapportering vere ressurskrevjande for selskap med mange transaksjonar.

I høyringsnotatet foreslo departementet at innrapporteringa skulle skje kvart kvartal. *OLF* meiner at rapporteringa heller bør skje årleg (dvs. innan 1. desember for det foregående gassår).

Departementet viser til at rapportering til Olje- og energidepartementet etter reglane i petroleumsforskrifta § 49 skal skje kvart kvartal. Dersom opplysningar om gassal etter petroleumsskattelova § 6 nr. 6 skal bli rapportert så sjeldan som kvart år, vil ordninga ikkje dekkja behovet Olje- og energidepartementet har for informasjon frå selskapa om sal av gass. Viss det skal skje ei samordning av opplysningspliktene etter petroleumslova og forslaget her, må opplysningane derfor bli rapportert kvar-talsvis.

Ei avveging av dei ulike omsyna tilseier at opplysningar om gassal som eit utgangspunkt bør bli sendt inn kvart kvartal. Departementet foreslår at pliktige avtale- og salsopplysningar for gass som er realisert i løpet av eit kvartal, skal sendast til Oljeskattekontoret innan ein månad etter utløpet av kvartalet. Departementet foreslår likevel at ein hei-

mel for i forskrift å fastsetje ein annen rapporteringsfrist, blir teke inn i lovforesegena. På den måten kan departementet fastsetje ein annen rapporteringsfrist dersom det er grunnlag for det. Opplysningsplikta vil bli sett i verk først etter at forskrifter er fastsett, og utkast til forskrifter har vore på høyring.

Departementet viser til forslag til petroleums-skattelova § 6 nytt nr. 6 andre ledd.

#### *5.6.2.4 Samordning med opplysningsplikt for rettshavarar etter petroleumsforskrifta § 49*

I følgje petroleumsforskrifta § 49 skal rettshavar gi Olje- og energidepartementet opplysningar om sal av petroleum, inkludert opplysningar om kvanta som er avhenda siste kvartalet, kven dei er selt til og kva prisar som er oppnådd o.a. Vidare skal rettshavar gi fullstendige opplysningar om andre særskilde omstende som kan ha verka inn på prisar eller betalingsvilkår. Rapporteringa skjer etter eit fastsett skjema. Petroleumsskatteforskrifta § 19 sei-er at rettshavar mellom anna skal gi Olje- og energidepartementet ei framstilling av hovudvilkåra for kontraktar inngått i førre kvartal.

Rapporteringsordninga som er etablert i samsvar med petroleumsforskrifta omfattar opplysningar som er dekkja av forslaget her. For å unngå unødig dobbelrapportering for rettshavarane, er det tenleg med ei felles rapporteringsløysing som gir opplysningane som trengst både for å handsame likninga og som ledd i ressursforvaltinga til Olje- og energidepartementet. Departementet foreslår derfor at rettshavarane skal rapportere til likningsstellet, og at Olje- og energidepartementet får tilgang til opplysningane som er sendt til Oljeskattekontoret. Vidare foreslår departementet at Olje- og energidepartementet får tilgang til databasen som blir oppretta, og til bruken av databasen som er relevant for ressursforvaltinga.

*OLF* meiner det «er betenklig med en slik vid informasjonsutveksling, og mener det må vurderes mer konkret hvilken informasjon OED skal ha tilgang til og hvilken bruk departementet kan gjøre av informasjonen i databasen.» Finansdepartementet viser til at opplysningane Olje- og energidepartementet skal få tilgang til, er informasjon som departementet i utgangspunktet allereie har heimel til å hente inn etter gjeldande reglar i petroleumslova med forskrifter. Departementet føresett dessutan at opplysningane blir nytta for å ta hand om forvaltningsoppgåvene til Olje- og energidepartementet, under her ressursforvaltning og administrering av normprisordninga. Finansdepartementet meiner at det ikkje

er bruk for ein meir konkret utgreiing om kva dei innsendte opplysningane kan bli brukt til, utover dei allmenne rammene som gjeld for Olje- og energidepartementet for bruk av informasjon.

Petroleumsforskrifta § 49 fastsett allereie i dag at rettshavarane ikkje plikter å gi opplysningar som blir gitt etter petroleumsskattelova. Rapporteringsplikta etter § 49 vil derfor falle bort når den foreslåtte opplysningsplikta i petroleumsskattelova blir sett i kraft. Departementet foreslår å lovfeste uttrykkeleg at føresegnene i likningslova om teieplikt ikkje hindrar at opplysningane blir gitt vidare til Olje- og energidepartementet.

Olje- og energidepartementet vil framleis ha behov for opplysningar om framtidige leveransar av gass, jf. petroleumsforskrifta § 19. Forslaget her inneber ikkje endringar av dette.

Departementet viser til forslag til petroleumsskattelova § 6 nytt nr. 6 andre ledd.

#### *5.6.2.5 Sanksjonar ved brot på opplysningsplikta*

I følgje dei allmenne reglane i likningslova kan det ha ulike følgjer for skattytar at opplysningsplikta ikkje er innfridd ved likninga. Nokre døme er reglane i likningslova §§ 8-1 og 8-2 om skjønslikning, fristreglane for endring av likning i § 9-6 og føresegnene om tilleggsskatt i § 10-2.

Felles for dei nemnde reglane er at det å ikkje følgje den underliggjande opplysningsplikta først og fremst har konsekvensar for likninga av den opplysningspliktige. Grunngjevinga for forslaget om å påleggje utvinningsselskapa opplysningsplikt, er at likningsstellet skal få eit breiare faktagrunnlag for å verdsette gassen for skatteføremål ved transaksjonar mellom nærståande partar. Manglande innsending av opplysningar treng ikkje ha noko å seie for likninga av den opplysningspliktige. Dei allmenne reglane i likningslova inneheld derfor følgjer og sanksjonar som i liten grad er tilpassa brot på opplysningsplikta som er foreslått her.

I følgje § 9 i forskrift 25. juni 1976 nr. 5 om fastsetting av normprisar plikter einkvar som ved utlikning av inntekts- og formuesskatt, inkludert særskatt etter petroleumsskattelova § 5, vil få normpris lagt til grunn ved likninga å gi alle opplysningar som trengst for å fastsette normpris. Selskapet skal også av eige tiltak gi ytterlegare opplysningar dersom desse må reknast å påverke verdsetting av petroleum utvunne på norsk sokkel, jf. avsnitt 5.4 ovanfor. Å bryte denne føresegna blir straffa med böter, jf. straffelova § 339 nr. 2, dersom ikkje det gjeld ei strengare føresegn om straff.

Departementet har kome fram til at det ikkje bør gjelde ein tilsvarande straffreaksjon når opp-

lysningsplikta som er foreslått ikkje blir følgt, men at det er meir føremålstenleg med eit gebyr som blir gitt administrativt. Gebyret bør bli fastsett til ein fast sum kvar dag for kvar oppgåve, og eventuelt avtale, som ikkje blir sendt inn. Departementet foreslår å sjølv fastsette størrelsen på gebyret. Forslag om størrelsen på gebyret vil bli sendt på høyring saman med forslag om det nærmare innhaldet av opplysningsplikta o.a., jf. ovanfor.

Viss den oppgåvepliktige godtgjer at feilen kjem av grunnar som han ikkje kan lastast for, kan gebyret falle bort.

Departementet foreslår også at gebyret skal bli skrive ut av Oljeskattekontoret. Vedtak om gebyr skrive ut av Oljeskattekontoret kan bli klaga inn for Skattedirektoratet.

Departementet viser til forslag til petroleumsskattelova § 6 nr. 6 nytt tredje ledd.

## **5.7 Økonomiske og administrative følgjer**

Forslaget fører til noko meir arbeid for oljeselskapa fordi dei jamleg må sende inn informasjon om avtale- og salsvilkår. Fordi selskapa slepp å sende informasjon om gassal til Olje- og energidepartementet med dei nye reglane, blir det ekstra arbeidet mindre. På den andre sida vil informasjonen gjere det enklare for likningsstellet å kontrollere prisen som er avtalt mellom nærståande partar, og å fastsetje riktig inntekt for sal av gass frå norsk sokkel. Likningsstellet har middel til å utvikle ein database med opplysningar om gassal frå oljeselskap.

Føremålet med opplysningsplikta er å bidra til at likningsstellet kan fastsetje riktig inntekt for skatteføremål ved sal av gass som fell innanfor særskatteplikta i petroleumsskattelova § 5. Informasjonen som blir sendt inn blir samla i ein database, som vil vere til stor nytte for likningsstellet i arbeidet med å sikre at gassen blir verdsett til marknadsporis. Forslaget vil synleggjere avvik mellom oppnådde prisar for selskapa, og såleis avgrense moglegheita selskapa har til å redusere særskattepliktig inntekt gjennom internprising ved sal til nærståande. Dersom skattemotivert internprising skjer, vil forslaget føre til auka skatteinntekter frå utvinningsselskapa. Verknaden for provenyet er særusikker sidan det ikkje føreligg informasjon om omfanget av feilprising ved interne sal av gass.

## 5.8 Iverksetjing

Departementet foreset at det skal fastsetjast føresegner i forskrift før opplysningsplikta blir sett i verk. Utkast til forskrift vil bli sendt på høyring når lovheimelen føreligg. Tidspunktet for iverksetjing av ordninga blir derfor ikkje endeleg fastsett.

Opplysningsplikta gjeld for gass som blir reali-

sert etter tidspunktet for iverksetjing. Viss sal av gass skjer under ein avtale som er inngått tidlegare, vil oljeselskapa ha plikt til å gi opplysningar om avtalevilkåra utan samanheng med om avtalen er inngått før eller etter tidspunktet for iverksetjing av den nye regelen om opplysningsplikt.

Departementet foreslår at petroleumsskattelova § 6 nytt nr. 6 skal gjelde frå det tidspunktet departementet avgjer.

## 6 Endring av meirverdiavgiftskompensasjonslova

### 6.1 Innleiing

Finansdepartementet foreslår endringar i lov 12. desember 2003 nr. 58 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner og fylkeskommuner mv. Endringane inneber at retten til papirinnlevering av kompensasjonsoppgåve for meirverdiavgift blir teke vekk, slik at alle som har rett på kompensasjon frå no av må levera kompensasjonsoppgåve elektronisk.

### 6.2 Bakgrunn

Kompensasjonslova gir heimel til å yte kompensasjon for meirverdiavgift til kommunar, fylkeskommunar og visse private og ideelle verksemder. For å oppnå kompensasjon må ein levera kompensasjonsoppgåver. Oppgåvene leverast normalt elektronisk via Altinn i seks terminar. Verksemder utanom kommunar og fylkeskommunar har likevel høve til å levera éin årsoppgåve på papir.

Papirinnlevering av kompensasjonsoppgåver skapar betrakteleg meirarbeid for skatteetaten samanlikna med elektronisk innlevering. Samstundes har behovet for papirinnlevering minka betrakteleg dei seinare åra. Til dømes har Skatt øst opplyst at i Oslo blir under 10 prosent av oppgåvene levert på papir, likevel brukar Skatt øst i Oslo meir tid på å handsame oppgåvene som blir levert på papir, enn på dei resterande 90 prosent som blir levert elektronisk.

Det er fleire årsaker til at det er meir tidkrevjande å handsame papiroppgåvene. For det første må ein leggja papiroppgåvene manuelt inn i MVA-systemet. For det andre inneholder desse oppgåvene betydeleg fleire formalfeil enn dei elektronisk innleverte oppgåvene. Døme på feil er at verksemda ikkje har oppgitt korrekt organisasjonsnummer, at oppgåva ikkje er underteikna av ein person som kan forplikte eininga, at revisor ikkje har oppgitt fødselsnummer ved attestasjonen, eller at oppgåva ikkje inneholder korrekt beløp, t.d. fordi sjølv avgifta som blir kravd refundert ikkje reflekterer avgiftsgrunnlaget oppgitt i oppgåva. Dersom organisasjonsnummer eller fødselsnummer ikkje er tekne

med eller skrive utydelig, er det òg i ein del tilfelle vanskeleg å identifisere kven som har sendt inn oppgåva.

Desse feilane i oppgåvene fører til meirarbeid for skattekontora fordi det må utførast manuell sakshandsaming, mellom anna ved at ein må skrive brev til innsendaren der det blir bede om at feilen blir retta. Når skattekontoret mottek svaret, krev dette ytterlegare manuell sakshandsaming. I tillegg fører formalfeil i innsende papiroppgåver til at oppgåva i mange tilfelle må avvisast og såleis bli rekna for ikkje å ha kome fram. Fordi kommunikasjon med innsendar ved papirinnlevering av kompensasjonsoppgåve skjer manuelt (skriftleg) vil det kunne bli kort eller inga tid til å rette formalfeil i papiroppgåvene før oppgåvefristen er ute. Dette er ein ulempe for innsendaren, som i stor grad ikkje vil være tilstades ved elektronisk innsending av oppgåver.

Årsaka til at det er lite formalfeil i kompensasjonsoppgåvene som blir sendt elektronisk til MVA-systemet gjennom Altinn, er at desse blir maskinelt kontrollert ved utfyllinga, slik at det ikkje er mogleg å få lagt inn oppgåva før feilen(e) blir retta. Innleveringssystemet gir såleis ein maskinell «sakshandsaming» ved at oppgåva ikkje blir akseptert. Innsendar får ikkje elektronisk kvittering så lenge ikkje kvart punkt er korrekt utfylt. Forutan organisasjonsnummer og namn, vil Altinn kontrollere signatur mot kven som kan forplikte eininga i følgje Enhetsregisteret, og revisorattesten mot kven som i Altinn er tildelt revisorrolla for eininga. Altinn gir også ein automatisk kontroll av at oppført avgiftsbeløp som blir kravd refundert er korrekt utrekna samanlikna med det oppførte avgiftsgrunnlaget.

Vidare vil det i Altinn berre vere tilgjengeleg oppgåver til utfylling for den aktuelle terminen kor innleveringsfristen ikkje er gått ut. Krav for tidlegare terminar må såleis med på ny oppgåve for ein etterfølgjande termin dersom desse skal gi grunnlag for kompensasjon. Ved innlevering av papiroppgåver kan søker i prinsippet fylle ut kva for ein tidsperiode han ynskjer, dvs. òg for år kor innleveringsfristen og eventuelt foreldingsfristen er ute. Dersom reglane for innleverings- eller foreldingsfristane ikkje er overhalde, fordrar dette igjen sakshand-

saming frå skattekontoret, mellom anna i form av brev til innsendaren. Som det går fram av ovan nemnde, vil det dessutan òg kunne bli kort eller ingen tid til retting av formalfeil på papiroppgåvene før oppgåvefristen er ute.

Ved innføring av gjeldande kompensasjonsordning i 2004 var det ulike årsaker til at ein valde ei løysing der kompensasjonsoppgåver òg kunne leverast på papir. Mellom anna peikte ein den gongen på einskilde tekniske hindringar som ville kunne lede til at nokre ikkje kunne leverere kompensasjonsoppgåve elektronisk. Andre argumenter for å behalde papirinnlevering blei òg framheva. Sjå næra re om dette i punkt 6.5.

I perioden som har gått sidan gjeldande kompensasjonsordning blei innført, har det vore ein kraftig nedgang i prosentdelen verksemder med rett til papirinnlevering, som har nytt seg av slik levering. I 2004 valde 46,25 prosent av desse verksemde papirinnlevering. I 2008 var dette talet gått ned til ca. 12,75 prosent.

Finansdepartementet sende 4. mai 2009 på høyring eit forslag om å oppheve retten til papirinnlevering av meirverdiavgiftskompensasjonsoppgåve i lov om kompensasjon for meirverdiavgift § 7. Høyringsfristen blei satt til 4. august 2009.

Høyringsforslaget blei sendt til følgjande instansar og organisjonar:

- Alle departementer
- Alle fylkeskommunar
- Arbeidsgiverforeningen SPEKTER
- Barnehageforbundet
- Bedriftsforbundet
- Brønnøysundregistrene
- Datatilsynet
- Den Norske Advokatforening
- Den norske kirke
- Den norske Revisorforening
- Den norske tannlegeforening
- Fagforbundet
- Fellesorganisasjonen
- Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)
- Folketrygfondet
- forbund for kommunal økonomiforvaltning og skattefordring
- Forbrukerrådet
- Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH)
- Kirkelig arbeidsgiver og interesseorganisasjon
- KS
- Kristne friskolers forbund
- Landsorganisasjonen i Norge
- Norsk Montessoriforbund
- Norges Juristforbund
- Norges kommunerevisorforbund

- Norske Fag- og Friskolers landsforbund
- NTL-Skatt
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Organisasjonen for Private Barneverntiltak
- Private Barnehagers Landsforbund
- Sivilombudsmannen
- Skattedirektoratet
- Skatteetatens Landsforbund
- Skattebetalerforeningen
- Skatterevisorenes Forening v/Marit Ringestad Sogn og Fjordane fylkesskattekontor
- Småbedriftsforbundet
- Steinerskoleforbundet
- Toll- og avgiftsdirektoratet
- Utdanningsforbundet
- Økonomiforbundet

Følgjande instansar har uttalt at de ikkje har merknader til forslaget, eller at dei avstår frå å kome med merknader:

- Barne- og likestillingsdepartementet
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- Helse- og omsorgsdepartementet
- Justis- og politidepartementet
- Kommunal- og regionaldepartementet
- Kunnskapsdepartementet
- Landbruks- og matdepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Utenriksdepartementet
- Arbeidsgiverforeningen SPEKTER
- Den norske revisorforening
- Fagforbundet
- Finansnæringens hovedorganisasjon
- Landsorganisasjonen i Norge
- Toll- og avgiftsdirektoratet

Følgjande instansar har kome med realitetsmerknader til forslaget:

- Bedriftsforbundet
- Brønnøysundregistrene
- Datatilsynet
- Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon (HSH)
- Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon
- Kirkerådet
- NTL-Skatt
- Private Barnehagers Landsforbund
- Skattedirektoratet
- Skattebetalerforeningen
- Økonomiforbundet

Dei fleste av høyringsinstansane som har kome med realitetsmerknader er positive til forslaget. Dei konkrete synspunktene til høyringsinstansane blir gått igjennom i punkt 6.4.

## 6.3 Gjeldande rett

Formålet med kompensasjonslova er å nøytralisere ei eventuell konkurransevriding som kan oppstå som ei følgje av meirverdiavgiftssystemet. Kommunar og fylkeskommunar kan produsere eigne tenester ved bruk av eigne tilsette utan at dette vil utløse ei plikt til å betale meirverdiavgift. Tenesteproduksjonen blir rekna som ein del av den interne drifta og er ikkje omsetning til andre som vil vere avgiftspliktig. I dei tilfella kommunane og fylkeskommunane kjøper tenester frå registrerte næringsdrivande skal det svarast meirverdiavgift da dette vil vere omsetning som er avgiftspliktig. Det er berre tenester som blir utførte av kommunar eller fylkeskommunar i eigenregi, som inneber at meirverdiavgiftssystemet kan verke konkurransevridende. Kompensasjonslova gir heimel til å yte kompensasjon for meirverdiavgift til kommunar, fylkeskommunar og enkelte private og ideelle verksemder. Meirverdiavgifta vil soleis ikkje motivera kommunar og fylkeskommunar til å produsere tenester med eigne tilsette framfor å kjøpe frå andre.

For å få kompensert meirverdiavgift må dei aktuelle verksemndene som blir omfatta av ordninga, sende kompensasjonsoppgåve til skattekontoret. Det kan ikkje framsetjast krav om kompensasjon før meirverdiavgiftskostnadane i eit kalenderår utgjer minst 20 000 kroner.

Etter lov om kompensasjon for meirverdiavgift § 6 skal kompensasjonsoppgåvene i utgangspunktet leverast periodevis kvar annan månad, dvs. seks gonger i året. I lova § 6 tredje ledd, siste punktum, er det likevel fastsett at verksemder utanom kommunar og fylkeskommunar kan framsetje krav som omfattar eit heilt kalenderår på oppgåva for 6. periode. Dette alternativet kan nyttast av

- interkommunale og interfylkeskommunale samslutningar organisert etter kommunelova eller annan kommunal særlovsgiving,
- private eller ideelle verksemder som produserer helsetenester, undervisingstenester eller sosiale tenester som kommunen eller fylkeskommunen ved lov er pålagt å utføre,
- barnehagar som nemnt i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar § 6 og
- kyrklege fellesråd/sokneråd.

Kompensasjonsoppgåvene skal i utgangspunktet leverast elektronisk, jf. § 7 tredje ledd første punktum. Dette blir gjort på [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Oppgåver som omfattar eit heilt kalenderår, kan likevel sendast inn på papir jf. § 7 tredje ledd siste punktum.

Det går fram av § 7 første ledd første punktum

at oppgåve må vere kome fram til skattekontoret innan 1 månad og 10 dagar etter utløpet av kvar periode. Oppgåve som blir sendt i posten, blir rekna for å ha kome fram i rett tid om den er poststempla innan utløpet av fristen, jf. § 7 første ledd, siste punktum. I samsvar med forskrift (nr. 128) om kompensasjon av meirverdiavgift til kommunar, fylkeskommunar mv. § 2 reknast elektronisk oppgåve for å ha kome fram når den er godkjent i mottaksentralen. Forskrifta inneheld òg nærmare reglar om ulike feil som gjer at oppgåve ikkje blir rekna for å ha kome fram.

## 6.4 Høyringsinstansanes syn

*Skattedirektoratet, NTL-Skatt, Brønnøysundregistrene, HSH og Private Barnehagers Landsforbund* har uttalt at dei støttar forslaget. Dei hadde elles ingen vesentlege merknader.

*Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon* (KA) har uttalt følgjande om forslaget:

«KA har forståelse for at hensynet til effektiv saksbehandling vektlegges og vi er også enig i at de tekniske hindre for elektronisk innlevering er lavere nå enn i 2004 når loven ble vedtatt. Vi er likevel bekymret for at det fortsatt eksisterer tekniske hindre for en del av de mindre virksomhetene.

Kirkelige fellesråd og barnehager omtales i høringsnotatet. I tillegg omfattes også menighetsråd av ordningen, og mange av disse virksomhetene har begrensede administrative ressurser.

Vi ber derfor om at iverksettelsen av forslaget først skjer for rapporteringen av 2010-kompensasjonen, dvs. rapporteringen som skjer i februar 2011. Da vil virksomhetene få tid til å innrette regnskapsføringen allerede fra begynnelsen av regnskapsåret 2010.»

*Kirkerådet* bad om at sokneråda får moglegheit for å velje papirinnlevering også i 2009, men hadde elles ingen merknader til forslaget.

*Datatilsynet* hadde ingen merknader til sjølve forslaget om å oppheve retten til papirinnlevering av kompensasjonsoppgåver. Dei hadde likevel ein merknad om praksisen i Altinn Sentralforvaltning om å loggføre diverse opplysningar ved elektronisk innlevering av kompensasjonsoppgåve og uttalte om dette:

«Datatilsynet gjennomførte kontroll hos Altinn Sentralforvaltning og Skattedirektoratet den 14. og 15. mai 2008. I etterkant av kontrollen har Datatilsynet blant annet fattet vedtak om at Altinn Sentralforvaltning må avslutte logging av

fødselsnummer og tilhørende IP-adresse, jf. forskrift om kompensasjon av merverdiavgift § 3. Frist for gjennomføring av vedtaket er satt til 31.12.2009, jf. sak 08/00291 (vår ref.). Tilsynet forutsetter at avvik i henhold til personopplysningslovens bestemmelser er rettet opp før en obligatorisk innlevering av kompensasjonsoppgave for merverdiavgift trer i kraft. Datatilsynet har i det øvrige ingen merknader til forslaget.»

*Skattebetalerforeningen, Økonomiforbundet og Bedriftsforbundet* er dei einaste av høyringsinstansane som har gått i mot forslaget. Skattebetalerforeningen og Økonomiforbundet er av den oppfatninga at det er for tidleg å oppheve retten til å leve oppgåve på papir, medan Bedriftsforbundet ønskjer at næringsdrivande enno skal ha høvet til å leve papiroppgåve. Subsidiært ønskjer Bedriftsforbundet ein lengre overgangsordning.

## 6.5 Vurderingar og forslag frå departementet

Det er først og fremst mindre verksemder som leverer på papir etter gjeldande ordning. Dette som følgje av at papirinnlevering berre er mogleg for dei som leverer berre éi oppgåve per år. Større verksemder med rett på kompensasjonsbeløp av ein viss storleik vil ha eit sjølvstendig incitament til å velje terminvis innlevering på grunn av likviditetsfordelen ved slik hyppigare levering.

Departementet viser elles til at kompensasjon etter kompensasjonslova berre ytast dersom meirverdiavgiftskostnadane i ei verksemd overstig 20 000 kroner i løpet av eit år. Dette inneber at svært små verksemder ikkje har rett på kompensasjon, og dermed ikkje blir påverka av eit krav om elektronisk levering.

Erfaringar frå Skatt øst betyr at det særleg er barnehagar som nyttar seg av ordninga med papiropplevering. Det er berre barnehagar av ein bestemt storleik, jf. § 6 i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar, som kan ha rett på kompensasjon. Derfor vil dei minste barnehageverksemndene, typisk små familiebarnehagar, dagmammaverksemd og korttidspass av barn, ikkje bli påverka av omlegginga. Vidare er det einskilde kyrklege fellesråd og sokneråd som òg nyttar seg av retten til å leve kompensasjonsoppgåve på papir. I dei andre gruppane leverer dei aller fleste elektronisk, men her er det òg einskilde verksemder som leverer papiroppgåver.

Som nemnt under punkt 6.2 var det ulike årsaker til at ein ved innføringa av gjeldande kompensasjonsordning valde ei løysing der kompensasjons-

oppgåver òg kunne leverast på papir. Mellom anna blei det peikt på visse tekniske hindringar. Desse tekniske hindringane dreidde seg om problem knytt til levering frå verksemder som nytt Mac i staden for PC, og dessutan levering frå utanlandske personar utan norsk adresse. Skattedirektoratet har opplyst at desse hindringane no er rydda av vegen.

Vidare blei det den gongen rekna med at einskilde av dei minste verksemndene ikkje hadde datamaskin med internetttilgang internt i verksemda. Til sist blei det peikt på at ein del verksemder med rett på kompensasjon er små, og har avgrensa administrative ressursar. Som følgje av at elektronisk levering kunne bli oppfatta som noko krevjande for einskilde av desse verksemndene, valde ein ei løysing der det òg var mogleg å leve oppgåve på papir.

Departementet vurderer det slik at den teknologiske utviklinga har gjort at desse argumenta ikkje er like aktuelle i dag som dei var da ordninga blei innført. Departementet legg til grunn at det i dag har blitt betydeleg færre verksemder som ikkje har tilgjenge til datamaskin med internetttilkopling. Det er i dag vanskeleg å sjå for seg ei verksemd som fyllar vilkåra for å sende inn krav om kompensasjon for meirverdiavgift, men som ikkje skulle ha tilgang til datamaskin med internetttilkoppling. Den betydelege nedgangen i mengda leverte papiroppgåver i perioden 2004 til 2008 underbygger dette.

Eit argument mot å oppheve retten til papirinnlevering av kompensasjonsoppgåver kan vere at elektronisk levering framleis kan bli oppfatta som noko krevjande for einskilde av dei minste verksemndene med liten administrasjon. Dette gjeld sjølv om dei har tilgang til elektronisk kommunikasjon. Desse verksemndene kan i ein overgangsperiode oppleve noko meirarbeid ved å måtte nytte elektronisk innlevering, da verksemndene må setje seg inn i dei rutinane og prosedyrane som gjeld for slik levering. Departementet antek likevel at når prosedyren for slik levering først er blitt kjent, så vil arbeidet med å leve kompensasjonsoppgåver elektronisk totalt sett både vere, og opplevast å vere, mindre arbeidskrevjande enn å sende inn papiroppgåver. Over tid vil derfor overgang til elektronisk innlevering òg for desse små verksemndene gi ein arbeidssparing.

Departementet foreslår på denne bakgrunn at retten til papirinnlevering av kompensasjonsoppgåve opphevast. Departementet viser til forslag til endringar i lov om kompensasjon for meirverdiavgift § 7.

Som følgje av at pålegg om elektronisk levering ikkje lenger er knytt opp mot dei ulike leveringsfristane, men frå no av omfattar alle verksemder

uansett leveringsfrist, gjer departementet framlegg om at neverande § 7 tredje ledd første punktum, som seier at kompensasjonsoppgåve skal leverast elektronisk, blir flytt til § 6 da dette gir betre samanheng med overskriftene i paragrafane. Departementet viser til forslag til ny § 6 første ledd, andre punktum.

## 6.6 Iverksetjing

På bakgrunn av innspel i høyringsrunden har departementet kome til at opphevinga av retten til papirinnlevering først bør tre i kraft frå 2011, slik at verksemndene som må leggja om leveringsrutinane sine får tilstrekkeleg tid til å førebu seg på omlegginga. Departementet foreslår at endringane trer i kraft med verknad frå 1. januar 2011.

## 6.7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at forslaget ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for dei med rett på kompensasjon. Som

nemnt over kan avvikling av retten til papirinnlevering medføre noko meir arbeid for ein skilde verksemder i ein overgangsperiode. Departementet vurderer det slik at meir arbeidet vil vere ubetydeleg, og ikkje ha nemneverdige økonomiske konsekvensar. På den anna side vil som nemnt overgang til elektronisk innlevering på sikt kunne vere ein arbeidsmessig fordel for desse verksemndene. Vidare vil verksemndene nyte godt av den maskinelle kontrollen ved leveringa. Denne sikrar i større grad enn papirinnlevering at dei innleverte oppgåvene er korrekt utfylt, noko som igjen reduserer behovet for seinare supplering eller korrigering av opplysningar.

For skattekontora vil forslaget bety mindre arbeid i samanheng med mottak av oppgåvene, ved at det blir redusert behov for manuell sakshandsaming og mindre behov for seinare innhenting av opplysningar.

## 7 Skattlegging av attlevande sambuar i uskifte

Ved lov av 19. desember 2008 nr. 112 fekk arvelova (lov 3. mars 1972 om arv m.m.) eit nytt kapittel III A om rett til arv og uskifte på grunnlag av sambuarskap. Etter § 28 c i arvelova kan såleis sambuar som har, har hatt eller ventar barn med den avdøde, ta over uskift mellom anna felles bustad, innbu, bil og fritidseigedom som den avdøde eigde.

For andre eidedelar etter avdøde, til dømes bankinnskot, aksjar og næringseigedom, gjeld sambuaren sin rett til uskift overtaking berre dersom det er bestemt i testament, eller dei andre arvingane samtykkjer. Attlevande sin eigen formue, også erverv etter dødsfallet, går berre inn i det uskifte buet så langt den høyrer naturleg saman med dei eidedelane frå avdøde som dette buet inneheld, jf. arvelova § 28 siste ledd.

Skattelova § 2-15 andre ledd regulerar skattlegging av attlevande ektefelle i uskifte. Av denne reghelen følgjer at skattelova § 2-10 om likning av ektefellars inntekt, § 2-11 om særskilt likning av ektefellars inntekt, og § 2-13 om fordeling av skatt mellom ektefellars, skal gjelde også i dødsfallsåret når attlevande ektefelle tek buet over uskift. Etter dødsfallsåret skattleggjast attlevande ektefelle for buets formue og inntekt.

Skattereglane om ektefellars gjeld etter skattelova § 2-16 også for visse sambuarar som har meldeplikt etter folketrygdlova, men ikkje generelt for sambuarar.

Etter departementets vurdering bør attlevande sambuar som tek over buet uskift, handsamast likt skattemessig med attlevande ektefelle som tek over buet uskift. Dette inneber at skattelova § 2-15 andre ledd må endras, slik at den også gjeld for attlevande sambuarar. Også i § 15-4 femte ledd om personfrådrag bør det presiserast at attlevande sambuar skal handsamast likt med attlevande ektefelle. Departementet viser til forslag om endringar i skattelova §§ 2-15 andre ledd og 15-4 femte ledd.

Ein attlevande sambuars overtaking av bu uskift skjer på grunnlag av skifteattest frå tingretten, jf. arvelova § 28 g. Retten legg da til grunn arvelova sin

definisjon av sambuar. Likningsmaktene kan utan vidare bygge på dette, utan omsyn til mogleg avvikande definisjonar av sambuarstatus i andre delar av skatteregelverket.

For formueslikninga blir den praktiske verknaden av forslaget at attlevande sambuar blir likna for heile det uskifte buet, saman med evt. eigen formue som fell utanfor buet. Berre for dødsfallsåret får attlevande dobbelt formuesfrådrag på grunn av felleslikninga med avdøde. Eventuell formue etter avdøde som fell utanfor det uskifte buet, blir eit særskild dødsbu som liknast etter dei generelle reglane for slike, so lenge buet står under offentleg eller privat skifte.

Ved inntektslikninga må avdøde sine inntekter i dødsfallsåret i tilfelle fordelast etter si nærmere tilknyting. Avkastning tilknytta eidedelane i særskild dødsbu utanfor det uskifte buet, liknast på det særskilde dødsbuet si hand. Avkastning som er tilknytta avdødes del av eidedelane i det uskifte buet og gjeld tida før dødsfallet, kan liknast særskild på avdøde si hand. Det same gjeld avdøde sine arbeids- og pensjonsinntekter mv. Anna inntekt, mellom anna avkastning etter dødsfallet av eidedelane i det uskifte buet, liknast hos attlevande sambuar. Dersom felleslikning av inntekta til avdøde og attlevande gir lågare samla skatt enn særskild likning, vil felleslikning i klasse 2 bli resultatet.

For åra etter dødsfallsåret blir attlevande sambuar likna for all inntekt, unntekje avkastninga i eit eventuelt særskild dødsbu utanfor det uskifte buet. Slik er og reglane for attlevande ektefelle.

Forslaget omfattar og dei tilfelle der sambuara før dødsfallet blei likna likt med ektefellars. Felleslikning av formue har da vore etablert frå før, og dei nye reglane om felleslikning ved buovertaking uskift vil i mindre grad bety endring av likningsmåten.

Forslaget vil ikkje ha monalege administrative eller økonomiske verknader.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2009.

## 8 Fritak frå grunnavgifta på fyringsolje for tang- og taretrålarar

Mineralolje til bruk i skip i utanriks fart, gods- og passasjertransport i innanriks sjøfart, fiske og fangst i nære og fjerne farvatn og forsyningsflåten på kontinentalsokkelen er friteke for grunnavgift på fyringsolje. Mineralolje til tilnærma alle skip i næring har dermed fritak.

Fritaket for fiske og fangst i nære farvatn gjeld skip som er ført opp i Registeret over merkepliktige norske fiskefartøy. Tang- og taretrålarar kan ikkje oppførast i registeret og har derfor ikkje avgiftsfritak. Departementet kan ikkje sjå nokon grunn til at

tang- og taretrålarar skal betale avgift når alle andre skip har fritak. Departementet legg derfor fram forslag om at mineralolje til skip som blir nytta til tang- og taretråling blir friteke for avgift. Det blir anslått at endringa vil gi eit provenytap på om lag  $\frac{1}{2}$  mill. kroner påløpt og bokført i 2010.

Tang- og taretråling er fiske og fangst som er utanfor EØS-avtala og fritaket kan derfor innførast utan omsyn til regelverket for offentleg støtte i EØS-avtala.

## **9 Omtale av fastsetjing av likningsverdi for bustader som blir leigd ut som del av næringsverksemd**

Departementet foreslo i Ot.prp. nr. 1 (2008-2009) at næringseigedomar som blir leigd ut skulle få fastsett likningsverdi ut frå faktisk utleigeverdi. I proposisjonen blei det uttala at med «næringseiendom menes også bolig- og fritidseiendom som leies ut i næringsvirksomhet». Bakgrunnen var at gjeldande likningsverdiar for bustader var låge og vilkårlege, og derfor meinte departementet at også bustader og fritidsbustader som blei leigd ut i næringsverksemd burde vere omfatta av forslaget. Stortinget støtta forslaget, og det blei også vedteke ein forskriftsheimel om at kva som skal bli rekna som næringseigedom kan fastsetjast av departementet, jf. skattelova § 4-10. Definisjon av næringseigedom er i dag inntekte i samleforskrift til skattelova (FSFIN) § 4-10-2.

I Prop. 1 L (2009-2010) blei det foreslått eit nytt system for å fastsetje likningsverdiar for næringseigedom som ikkje blir leigd ut. Samstundes blei det foreslått eit nytt system for å fastsetje likningsverdiar for bustader unntekje fritidsbustader, bustader i utlandet og jordbruksseigedom. Likningsverdiane av bustadene som er omfatta av det nye systemet skal fastsetjast ut frå registrerte omsetningsprisar, areal, geografisk plassering og bustadtype. I Prop. 1 L (2009-2010) blei det uttala at grensa mellom bustader som er leigd ut i og utanfor næringsverksemd skulle gjelde også med dei nye reglane.

Likningsverdi for næringseigedom skal vere 40 pst. av berekna verdi for eigedomen. Dersom likningsverdien faktisk blir høgre enn 60 pst. av dokumentert marknadspris for ein eigedom, kan skattytar krevje at den blir sett ned. For bustader som blir brukt som eigen primærbustad vil likningsverdien med det nye systemet vere 25 pst. av berekna marknadspris for bustaden. Grensa for å krevje likningsverdien sett ned, er på 30 pst. av dokumentert marknadspris for primærbustader. For bustader som blir leigd ut utanfor næringsverksemd (sekundærbustader) skal derimot likningsverdien vere 40 pst. av berekna marknadspris for sekundærbustaden. Grensa for å krevje likningsverdien sett ned er den same for sekundærbustader som for næringseigedom, nemleg 60 pst. av dokumentert marknadspris for eigedomen.

I samråd med skatteetaten har departementet

vurdert å endre klassifiseringa av næringseigedom slik at også bustader som blir leigd ut i næringsverksemd får fastsett likningsverdi som sekundærbustader. Bakgrunnen er at det er enklare administrativt med eitt regelsett for alle bustader som blir leigd ut. Det kan vere ressurskrevjande både for skattytar og likningsstellet å vurdere om grensa for å drive verksemd er oppfylt, og såleis kva for regelsett bustadene skal få fastsett likningsverdi ut frå. For nokre utleigarar kan det også variere over tid om utleiga er næringsverksemd eller ikkje. Både reglane om fastsetjing av likningsverdi for næringseigedom og sekundærbustad er meint å treffe om lag 40 pst. av marknadsprisen for eigedomane. Grensa for når skattytar kan krevje å få sett ned likningsverdien, er også den same for begge regelsetta. Ideelt sett skal dermed ein og same bustad få tilnærma same likningsverdi med begge regelsetta.

Departementet har derfor kome til at verdsetjingsreglane for sekundærbustad også bør gjelde utleigebustader i eigaren si næringsverksemd. Departementet vil endre forskrifta til skattelova § 4-10-2 (FSFIN), slik at bustader som blir leigd ut i næringsverksemd ikkje lenger får fastsett likningsverdi som næringseigedom. Dei vil då i staden falle inn under regelverket for utleigebustader (sekundærbustader). Generell bruk av sekundærbustadmetoden for bustader som blir leigd ut, også når utleiga har næringskarakter, inneber reelt sett ei forenkling av regelverket utan større materielle endringar.

Endringa inneber at utleigarar som leiger ut bustader som del av næringsverksemd også vil få tilsendt skjema for å rapportere opplysningar om areal o.a. for bustadene dei leiger ut. Dei same utleigarane slepp derimot årleg å rekne ut likningsverdiane for bustadene i skjemaet RF-1098, som er ordninga i dag. Forslaget vil truleg ikkje ha nokon vesentleg provenyverknad sidan både sekundærbustader og bustader som blir leigd ut i næringsverksemd blir verdsett til 40 pst. av estimert marknadsverdi, og har same grensa på 60 pst. for å kunne krevje at likningsverdien blir sett ned.

Departementet har heimel til å endre definisjonen av næringseigedom i forskrift, jf. skattelova § 4-10 femte ledd, og det er derfor ikkje naudsynt med

eit lovforslag for å endre klassifiseringa av næringseigedom slik at bustader som blir leigd ut i næringsverksemnd også får fastsett likningsverdi som sekundær bustader. Fordi føresetnadene i forarbeida er så klåre når det gjaldt klassifisering av bustader som blir leigd ut i næringsverksemnd, velgjer departementet likevel å orientere Stortinget om forskriftsendringa. Endringa skal gjelde frå og med inntektsåret 2010.

Fritidsbustader er ikkje omfatta av dei nye reg-

lane om fastsetjing av likningsverdi for bustader, og har same grensa for å krevje nedsett likningsverdi som gjeld for primærbustader. Derfor må fritidsbustader som blir leigd ut som del av næringsverksemnd framleis få fastsett likningsverdi etter reglane om næringseigedom. Departementet vil heller ikkje gjere endringar i reglane om klassifisering av bustader i utlandet eller som del av jord- og skogbruksseigedom.

## 10 Produktavgift på førstehandsomsetning av fisk

Av næringsinntekt skal det normalt svarast 11 pst. trygdeavgift, mens satsen er 7,8 pst. for lønnsinntekt. Næringsdrivande i primærnæringane betaler også 7,8 pst. trygdeavgift. I fiskerinæringa blir mellemlegget opp til 11 pst. dekt av ei særskilt produktavgift. Det skal svarast produktavgifta av all fangst frå norskregistrerte fartøy. Produktavgifta skal, utan å dekkje mellomlegget i trygdeavgifta, òg dekkje kollektiv medlemspremie til yrkesskadetrygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar for manntalsførte fiskarar og utgifter i samband med stønad til arbeidsledige i næringa. I statsbudsjettet for 2010 blei det vedteke å setje produktavgifta til 2,9 pst. for 2010. I brev 30. april 2010 tilrår Fiskeri- og kystdepartementet at satsen blir oppjustert med 0,2 prosentpoeng til 3,1 pst. frå og med 1. juli 2010. I brevet frå Fiskeri- og kystdepartementet heiter det mellom anna:

«Fiskeri- og kystdepartementet har innhentet ny mengde- og prisprognose for 2010, oppdaterte opplysninger om innbetalt produktavgift,

kostnader knyttet til utbetalt syketrygd og arbeidsledighetstrygd for fiskere.

Den reviderte prognosene for 2010 tilsier at det er grunnlag for å endre avgiftssatsen for produktavgiften for andre halvår 2010 i forhold til tidligere prognoser. (...)

De nye beregningene på grunnlag av revisert prognose over førstehåndsverdi og utgiftssiden viser at riktig sats på produktavgiften vil være 3,0 % (avrundet fra 2,97) for hele 2010, noe som ville gitt en avgift på 3,1 % for andre halvår. Dette er en økning på 0,2 prosentpoeng i forhold til opprinnelig sats.»

Fiskeri- og kystdepartementet gjer merksam på at ein vanlegvis ikkje har endra satsen midt i året dersom avviket frå den gjeldande satsen har vore mindre enn 0,5 prosentpoeng. Når ein i år likevel går inn for ei slik endring, heng det saman med at det over fleire år har vore ubalanse mellom inn- og utbetalingar i ordninga, slik at tidligare overskott er brukt opp.

## 11 Presisingar og opprettingar i lovtekst

### 11.1 Endringar i meirverdiavgiftslova

#### Innleiing

Ny lov om meirverdiavgift, jf. Ot. prp. nr. 76 (2008–2009) Om lov om merverdiavgift (Merverdiavgiftsloven), blei vedteke av Stortinget 19. juni 2009. Lova trådde i kraft 1. januar 2010. I denne proposisjonen legg departementet fram forslag om enkelte mindre tekniske justeringar og opprettingar i lova.

#### § 3–11

Meirverdiavgiftslova § 3–11 andre ledd bokstav j viser til hamne- og farvatnlova kapittel VI, dvs. lov 8. juni 1984 nr. 51. Lova er oppheva og erstatta av ny lov om hamner og farvatn av 17. april 2009 nr. 19. Den nye lova har ikkje noko eige kapittel om hamneavgiftar og tilvisninga til kapittel må dermed ute-latast.

#### § 4–1

Meirverdiavgiftslova § 4–1 andre ledd bokstav c viser til forsinkingslova. Rett lov skal være forsinkingsrentelova.

#### § 8–8

I overskrifta til meirverdiavgiftslova § 8–8 står det «inngående avgift». Elles i lova er det konsekvent nytta uttrykket «inngående merverdiavgift» og ikkje «inngående avgift». Departementet foreslår at overskrifta rettast opp i tråd med dette.

#### § 10–6

Etter meirverdiavgiftslova § 10–6 første ledd kan lottfiskarar gis refusjon av meirverdiavgift ved kjøp av reiskap. I praksis gir ein også refusjon av meirverdiavgift ved leige av reiskap. Departementet foreslår at lova endrast i samsvar med dette.

#### § 12–1

Meirverdiavgiftslova § 12–1 andre ledd viser til § 10–5. Denne paragrafen er oppheva, og § 12–1 må endrast i samsvar med dette.

#### § 15–1

Meirverdiavgiftslova § 15–1 åttande ledd fastset mellom anna at «den avgiftspliktige» skal gjere sitt til at avgiftsplikten i rett tid blir klarlagt og oppfylt. Elles i meirverdiavgiftslova er nytta termen «avgiftssubjektet», og departementet foreslår derfor at «den avgiftspliktige» endrast til «avgiftssubjektet». Det vises til forslag om endring i meirverdiavgiftslova § 15–1 åttande ledd.

#### § 15–7

Ved lov 26. mars 2010 nr. 7 om endringer i lov om merverdiavgift, jf. Prop. 73 L (2009–2010) Endringer i lov om merverdiavgift, vedtok Stortinget at ved omsetning av klimakvotar til næringsdrivande og offentleg verksemde heimehørande i meirverdiavgiftsområdet, skal kjøparen av kvotane beregne og betale meirverdiavgift.

For kjøparar som er registrerte i Merverdiavgiftsregisteret, skal ein føre utgåande meirverdiavgift på kjøp av klimakvotar på den alminnelege omsetningsoppgåva, jf. meirverdiavgiftslova § 15–1 første ledd bokstav c. Mottakarar av klimakvotar som ikkje er registrerte i Merverdiavgiftsregisteret skal etter meirverdiavgiftslova § 15–6 andre ledd leve særskilt omsetningsoppgåve. Utgangspunktet etter meirverdiavgiftslova er at ein skal leve omsetningsoppgåve for kvar termin sjølv om ein ikkje bereknar meirverdiavgift i terminen.

For mottakarar av fjernleverbare tenester følger det av meirverdiavgiftslova § 15–7 første ledd tredje punktum at ein berre skal leve særskilt omsetningsoppgåve dei terminane ein skal beregne meirverdiavgift.

I Prop. 73 L (2009–2010) blei det ikkje foreslått å endre meirverdiavgiftslova § 15–7 første ledd tredje punktum slik at ho også omfattar kjøparar av klimakvotar som ikkje er registrerte i Meirverdiavgiftsregisteret. Departementet kan ikkje sjå at det er no-

kon grunn for at kjøparar av klimakovtar som ikkje er registrerte i Meirverdiavgiftsregisteret skal leve særskilt omsetningsoppgåve for terminar ein ikkje bereknar meirverdiavgift for. Departementet foreslår derfor å endre meirverdiavgiftslova § 15-7 første ledd tredje punktum slik at alle som brukar særskilt omsetningsoppgåve berre skal levere slik oppgåve for dei terminane ein bereknar meirverdiavgift.

#### § 15-11

Meirverdiavgiftslova § 15-11 fjerde ledd andre punktum fastset kven som ber ansvaret for at opplysnings- og oppgaveplikta blir oppfylt i føretak og selskap. Føresegna er ei videreføring av § 51 i meirverdiavgiftslova frå 1969, som og nemner samvirkeføretak i oppregninga over samskipnader som skal gi oppgåver og opplysningar. Ved ein inkurie falt «samvirkeføretak» ut i den tekniske revisjonen av meirverdiavgiftslova. Departementet foreslår å ta «samvirkeføretak» inn i oppregninga i § 15-11 fjerde ledd over dei som skal gi oppgaver og opplysnigar etter føreseagna i lova.

#### § 22-2

Etter meirverdiavgiftslova § 22-2 tredje ledd blir mellom anna § 9-4 oppheva med verknad frå 1. januar 2011. Rett paragraf er § 9-8, ikkje § 9-4.

## 11.2 Endringar i tollova

Tollova § 1-2 tredje ledd bokstav a viser til meirverdiavgiftslova 1969. Tilvisinga må rettast til meirverdiavgiftslova 2009.

## 11.3 Endringar i havressurslova

Havressurslova § 23 første ledd viser til den beløpsgrensa som gjeld for registrering i meirverdiavgiftsmanntallet etter meirverdiavgiftslova 1969 § 28 første ledd første punktum. I meirverdiavgiftslova 2009 er beløpsgrensa fastsett i § 2-1 første ledd første punktum. Havressurslova må endrast i tråd med dette.

## 11.4 Endringar i meirverdikompensasjonslova

I samband med vedtaking av ny lov om meirverdiavgift blei det i lov om kompensasjon av meirverdi-

avgift § 4 første ledd nr. 2 berre vist til meirverdiavgiftslova § 8-3. Det blei ikkje vist til meirverdiavgiftslova § 8-4. Kompensasjonslova må ha ein slik tilvisning, da det ikkje har vore tiltsikta å endre dette regelverket.

## 11.5 Endringar i dokumentavgiftslova

Lov 16. juni 1989 nr. 53 om eiendomsmegling blei 1. januar 2008 erstatta av lov 29. juni 2007 nr. 73 om eiendomsmegling. Departementet foreslår at tilvisinga i dokumentavgiftslova § 6 andre ledd rettast opp, slik at ein viser til den nye lovas § 6-9 første ledd nr. 1, 2 eller 4.

Inntil 1. juli 2009 følgde det av dokumentavgiftslova § 7 fjerde ledd første punktum, jf. første ledd, at ved innløysing av festetomter skulle ein legge salsverdien til grunn som dokumentavgiftsgrunnlag, med mindre innløysinga hadde skjedd «med heimel i lov til pris som er fastsett med heimel i [...] lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste». Frå 1. juli 2009 blei § 7 fjerde ledd første punktum endra slik at føreseagna også viser til lov 7. juni 1996 nr. 33 om Opplysningsvesenets fond. Det går fram av Ot.prp. nr. 95 (2008-2009) avsnitt 8.1 at alle tomtefesteartaler som blir regulerte av tomtefesteinstrukturen skulle omfattast av endringa. Endringa i dokumentavgiftslova § 7 fjerde ledd omfatta likevel ikkje tomter som blir innløyst etter instrukturen frå andre bortfestarar enn Opplysningsvesenets fond. På bakgrunn av dette foreslår departementet å endre dokumentavgiftslova § 7 fjerde ledd, slik at føreseagna i staden viser til tomtefesteinstrukturen.

Dokumentavgiftslova § 7 femte ledd andre punktum viser til lov 22. desember 1950 nr. 2. Denne lova blei erstatta av lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven). Departementet foreslår at tilvisinga rettast opp. § 7 femte ledd andre punktum nyttar vidare omgrepene «utskiftning». Departementet foreslår at ein endrar dette til omgrepene «jordskifte» som ein nyttar i dag.

## 11.6 Endringar i skattebetalingslova

#### § 1-1

Skattebetalingslova § 1-1 regulerer lova sitt virkeområde. I tredje ledd bokstav c er det vist til lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift. Denne lova er oppheva og erstatta med lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift. Departementet foreslår at tilvisinga blir retta opp, og viser til forslag til opprettning av § 1-1 tredje ledd bokstav c.

**§ 5-7**

Skattebetalingslova § 5-7 gir regler om yttingar det ikkje skal gjennomførast forskottstrekks i. I § 5-7 første ledd bokstav b er det gitt regler om trekkfritak for mellom anna utbetaling av pensjon i desember månad.

Ved lov 6. mars 2009 nr. 14 om endringar i skateloven mv. blei det frå 1. januar 2010 innført nye reglar om kjeldeskatt på pensjon. Kjeldeskatten er ein bruttoskatt, som blir betalt gjennom forskottstrekks etter den skattesatsen som blir fastsett for kjeldeskatten på pensjonar mv. i det årlege skat vedtaket til Stortinget, jf. skattebetalingslova § 5-6 første ledd bokstav g, jf. § 5-5 femte ledd. For at trekk gjennom året skal samsvare med utligna skatt kan det ikkje gjelde noko trekkfritak for desember månad for forskottstrekks til dekning av kjeldeskatt på pensjon. Dette bør klargjerast, og Departementet viser til forslag til nytt tredje punktum i § 5-7 første ledd bokstav b.

**§ 7-1**

I skattebetalingslova § 7-1 første ledd første punktum er det vist til «fristene i § 4-7». Som følgje av at skattebetalingslova § 4-7 no er endra, slik at den berre inneheld ein frist, bør ordlyden her oppdaterast. Departementet viser til forslag til endring av § 7-1 første ledd første punktum.

**§ 8-2**

Skattebetalingslova § 8-2 gir særskilde regler om fordeling av skattefrådrag.

I skattebetalingslova § 8-2 første ledd anna punktum er det vist til skattelova § 17-10. Denne tilvisinga er overflødig, da det i anna punktum også er vist til første punktum, der skattelova § 17-10 også er nemnd. Departementet foreslår derfor at tilvisinga til skattelova § 17-10 i skattebetalingslova § 8-2 første ledd anna punktum fjernast. Departementet viser til forslag til endring av § 8-2 første ledd anna punktum.

**§ 10-51**

Skattebetalingslova § 10-51 bokstav f har dei siste åra blitt endra fleire gonger for å oppdatere tilvisingar til forskjellige regler i andre lover som har blitt oppheva eller endra. Først blei den endra ved lov 23. desember 2008 nr. 100 for å få inn ei tilvising til folketrygdlova § 24-4 tredje ledd, og for å fjerne tilvisinga til særavgiftslova § 4 første ledd. Denne endringa blei ved ein feil overskreve av ei tidligare en

dring, som trådde i kraft på eit seinare tidspunkt, og som berre hadde til hensikt å oppdatere tilvisinga til ny tollov. Denne feilen blei forsøkt oppretta ved endringslov 19. juni 2009 nr. 55. Men same dagen blei det vedteke to andre lover, nr. 49 og nr. 58, som begge to også endra § 10-51 bokstav f. Desse to endringslovane tok ikkje omsyn til endringslov nr. 55 eller til kvarandre. Endringslov nr. 49 gjaldt ei utviding av tilvisinga til likningsloven, og endringslov nr. 58 gjaldt oppdatering av tilvisinga til ny meirverdiavgiftslov. Endringslov nr. 58 kom sist, og er derfor gjeldande. Denne endringslova tek som nemnd ikkje omsyn til dei andre endringane, og det er derfor behov for å gjere opprettningar i § 10-51 bokstav f slik at endringane i endringslov nr. 49 og nr. 55 også kommer med. Departementet viser til forslag til opprettning i § 10-51 bokstav f.

**§ 10-52**

I skattebetalingslova § 10-52 er det vist til ansvarskrav etter lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister (artistskatteloven) § 8. Da det er § 7 i artistskattelova som regulerar kven det er som er ansvarleg for å gjennomføre og innbetale skattetrekk, bør tilvisinga i skattebetalingslova § 10-52 reflektere dette. Departementet viser til forslag til opprettning i § 10-52.

**§ 10-60**

Skattebetalingslova § 10-60 fjerde ledd blei endra ved lov 19. juni 2009 nr. 58 som følgje av ny meirverdiavgiftslov. Ved ein inkurie blei ordlyden samtidig endra frå «krav på utbetaling av merverdiavgift» til «krav på tilbakebetaling av merverdiavgift». Departementet foreslår at ordlyden endrast tilbake til «utbetaling», og viser til forslag til opprettning av § 10-60 fjerde ledd.

**§ 11-4**

Skattebetalingslova § 11-4 regulerer spørsmål om rentegodtgjersle. I tredje ledd er det vist til lov om 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift. Denne lova er oppheva og erstatta med lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift. Departementet foreslår at tilvisinga blir retta opp og viser til forslag til opprettning av § 11-4 tredje ledd.

**§ 16-20**

Skattebetalingslova § 16-20 andre ledd viser til at «bestemmelsen i første ledd første punktum gjelder tilsvarende.» Denne tilvisinga er misvisande.

Det er her meint å vise til regelen om ansvarsavgrensing i første ledd tredje punktum. Departementet foreslår at tilvisinga blir retta opp, og viser til forslag til oppretting av § 16-20 andre ledd.

## 11.7 Endringar i skattelova

### § 2-38 Fritaksmetodens verknad for SE/SCE-selskap samt selskap heimehøyrande eller stifta i utlandet

#### Europeiske selskap og samvirkeføretak

Ved lov av 1. april 2005 nr. 14 om europeiske selskap (SE-lova) og lov av 30. juni 2006 nr. 50 om europeiske samvirkeføretak (SCE-loven) blei det gitt reglar om to nye føretaksformer. Lovene inkorporerte i norsk rett rådsforordning (EF) nr. 2157/2001 av 8. oktober 2001 om vedtekten for det europeiske selskap (SE) og rådsforordning (EF) nr. 1435/2003 om vedtekten for europeiske samvirkeføretak (SCE-føretak) i norsk rett.

I samsvar med SE-lova gjeld allmennaksjelova så langt ho passar for europeisk selskap med forretningskontor i Noreg. For europeisk samvirkeføretak med forretningskontor i Noreg gjeld samvirke-lovvinga så langt ho passar. Av Justisdepartementets merknader til lovutkasta i Ot.prp. nr. 17 (2004-2005) og Ot.prp. nr. 60 (2005-2006) går det fram at også andre reglar om allmennaksjeselskap og samvirkeføretak skal gjelde tilsvarende så langt dei passer for europeiske selskap og europeiske samvirkeføretak.

Føresegne i bokstavane i og j i første ledd i skattelova § 2-38 blei innført ved lov 27. juni 2008 nr. 60 med verknad frå og med inntektsåret 2008, jf. avsnitt 10.1 i Ot.prp. nr. 59 (2007-2008). Her blei det presisert at europeiske selskap og samvirkeføretak er omfatta av fritaksmetoden som subjekt.

Departementet legg til grunn at det ikkje er naudsynt at skattelova presiserar at europeiske selskap og samvirkeføretak skattemessig skal handsamast likt med andre aksjeselskap og samvirkeføretak, når slik eins handsaming følgjer av forarbeida til lovene om europeiske selskap og samvirkeføretak. Når disse selskapsformene er uttrykkeleg nemnde i skattelova § 2-38 første ledd, kan det skape tvil ved tolkinga av skattereglar som ikkje nemner europeiske selskap eller samvirkeføretak. Ein foreslår derfor at disse selskapsformene heller ikkje nemnast i skattelova § 2-38 første ledd.

Departementet viser til forslag om at reglane i gjeldande bokstavar i og j i skattelova § 2-38 første ledd opphevast. Endringa vil ikkje ha materielle verknader.

Ein foreslår at endringa trer i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2010.

### *Selskap som høyrer skattemessig heime i utlandet og selskap som er stifta i utlandet, men skattemessig høyrer heime i Noreg*

Skattelova § 2-38 første ledd regulerer kva for selskap med vidare som er omfatta av fritaksmetoden som subjekt.

Norske selskap som er omfatta av skattelova § 2-38 første ledd bokstav a, er selskap som nemnt i skattelova § 2-2 første ledd bokstavane a til d. Dette er aksjeselskap og allmennaksjeselskap, sparebankar og anna sjøleigande finansieringsføretak, gjensidig forsikringsselskap og samvirkeføretak.

Gjeldande bokstav k i skattelova § 2-38 første ledd opnar for at utanlandske selskap kan vere omfatta av fritaksmetoden, dersom dei tilsvarer norske selskap som omfattast. Med utanlandske selskap etter denne regelen meinast selskap som skattemessig ikkje høyrer heime i Noreg. Slike selskap kan vere stifta i utlandet eller i Noreg. Regelen i bokstav k bør etter departementets syn presiserast slik at denne forståinga kjem klårt fram. Ein viser til utkast til endring i skattelova § 2-38 første ledd bokstav i. Bokstav i vil erstatte bokstav k når innhaldet i dei gjeldande bokstavane i og j blir oppheva, sjå avsnittet foran om europeiske selskap og samvirkeføretak. Det er ønskeleg å presisere forståinga av omgrepene «utenlands selskap» i § 2-38 andre ledd bokstav a på tilsvarende måte. Ein viser til utkast til endring av skattelova § 2-38 andre ledd bokstav a.

Når det gjeld selskap med vidare som er stifta etter utanlandsk rett, men som flytter leiinga til Noreg og blir skattemessig heimehøyrande her etter skattelova § 2-2 første ledd, er det sikker rett at slike selskap skal kunne vere omfatta av fritaksmetoden. Dette er også lagt til grunn i likningspraksis. Denne forståinga går likevel ikkje direkte fram av ordlyden. Departementet foreslår derfor at dette presiserast. Ein viser til utkast til endring av skattelova § 2-38 første ledd bokstav a.

Desse presiseringane vil ikkje ha materielle verknader.

Ein foreslår at endringane trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2010.

### § 6-30

Ved lov 27. juni 2008 nr. 62 om individuell pensjonsordning blei det gitt heimel for frådrag for kostnader til den nye pensjonsordninga i skattelova § 6-47 første ledd bokstav c. Samstundes blei bokstavane c, d og e i § 6-47 første ledd endra til nye d, e og f.

Ved ei feil blei tilvisinga i skattelova § 6-30 andre ledd første punktum til § 6-47 første ledd bokstaven c til e ikkje endra på same måten. Rett tilvising skal vere til skattelova § 6-47 første ledd bokstavane d til f. Departementet foreslår derfor at skattelova § 6-30 andre ledd første punktum endrast i samsvar med dette.

## 11.8 Endringar i folketrygdlova

### § 23-2

Folketrygdlova § 23-2 regulerer kva for ytingar som det skal betalast arbeidsgivaravgift av. Tredje ledd omhandlar naturalytingar og godtgjeringar som skal dekke utgifter i samband med utføring av arbeid, oppdrag eller verv, og viser til lov om betaling og innkrevjing av skatt 21. november 1952 nr. 2 §§ 5 og 6. Denne lova er oppheva og erstatta med lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingslova). Departementet foreslår at tilvisinga blir retta opp, og viser til forslag til oppretting av folketrygdlova § 23-2 tredje ledd.

## 11.9 Dobbel heimel til å frita frå teieplikta i samband med vitneprov for retten i sakar som gjeld likning, toll og meirverdiavgift – endringar i likningslova, tollova og meirverdiavgiftslova

Likningslova § 3-13, tollova § 12-1 og meirverdiavgiftslova § 13-2

Likningslova § 3-13 nr. 3 bokstav b, tollova § 12-1 tredje ledd bokstav b og meirverdiavgiftslova § 13-2 tredje ledd bokstav b har føresegr om unntak frå teieplikta for opplysningar som blir gitt som «vitneprov eller dokumenttilgang under rettergang», når departementet samtykkjer i dette. Det same er lovfesta i straffeprosesslova § 118 og tvistelova § 22-3 andre ledd. Departementet har såleis dobbel heimel til å frita frå teieplikta i samband med vitneprov for retten i sakar som gjeld likning, toll og meirverdiavgift.

Årsaka til at departementet har dobbel heimel er historisk. Før gjekk det ikkje fram av rettsstellovene at det er departementet som må samtykkje til unntak frå teieplikta. Avgjerdsmakta låg til «vedkommende myndighet». Det var derfor nødvendig å ha eigne føresegner som gjorde det klart at avgjerdsmakta ligg hos departementet.

No er det lovfesta direkte i rettsstellovene at det er vedkomande departement som har kompetanse til å frita frå teieplikta. Dei nemnde føresegnene i likningslova, tollova og meirverdiavgiftslova er derfor overflødige.

Departementet meinar at dei doble heimlane gjer at regelverket kan verke uklart. Etter departementet sitt syn vil regelverket bli meir oversiktleg dersom føresegna i likningslova § 3-13 nr. 3 bokstav b, tollova § 12-1 tredje ledd bokstav b og meirverdiavgiftslova § 13-2 tredje ledd bokstav b blir oppheva. Forslaget inneber inga realitetsendring.

Departementet viser til forslag om å oppheve likningslova § 3-13 nr. 3 bokstav b, tollova § 12-1 tredje ledd bokstav b og meirverdiavgiftslova § 13-2 tredje ledd bokstav b.

Finansdepartementet

til rår :

At Dykker Majestet godkjener og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringar i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift
- lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.
- lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkrevjing av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
- lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)
- lov om endring i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av villevante marine ressursar (havressurslova)
- lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)

og

- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om energiavgift på naturgass og LPG for budsjetterminen 2010
  - vedtak om endringar i Stortingets vedtak om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkter for budsjettterminen 2010
  - vedtak om endringar i Stortingets vedtak om grunnavgift på fyringsolje mv. for budsjettterminen 2010
  - vedtak om endringar i Stortingets vedtak om avgift på sluttbehandling av avfall for budsjetterminen 2010
  - vedtak om endringar i Stortingets vedtak om avgift på utslipp av NO<sub>x</sub> for budsjetterminen 2010
  - vedtak om endringar i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2010
- 

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringar i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift
- lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.
- lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
- lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endring i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)
- lov om endring i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av villevante marine ressursar (havressurslova)
- lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)

og

- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om energiavgift på naturgass og LPG for budsjetterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkter for budsjetterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om grunnavgift på fyringsolje mv. for budsjettterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om avgift på sluttbehandling av avfall for budsjetterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om avgift på utslipp av NO<sub>x</sub> for budsjetterminen 2010
- vedtak om endringar i Stortingets vedtak om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval- og selfangstnæringen for 2010

i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

**A****Forslag**

**til lov om endring i lov 13. juni 1975 nr. 35 om  
skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.**

**I**

I lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v. gjer ein følgjande endring:

Overskrifta i § 6 skal lyde:  
 § 6 Ligning og bindende forhåndsuttalelse. Klage.  
 Søksmål. *Opplysningsplikt.*

§ 6 nytt nr. 6 skal lyde:

*Skattepliktig som nevnt i § 5 skal gi opplysninger om avtale- og salgsvilkår for all realisasjon av naturgass som er skattepliktig etter § 5. Uttak av naturgass fra virksomhet som nevnt i § 5 skal likestilles med realisasjon etter foregående punktum så langt det passer. Opplysningsplikten etter dette ledd gjelder tilsvarende for den som på vegne av staten realiserer naturgass som produseres fra statens deltakerandeler i utvinningstillatelser på norsk kontinentalsokkel (SDØE), for så vidt gjelder slik gass. Oljeskattekontoret kan pålegge opplysningspliktig etter dette ledd å sende inn kopi av avtale om realisasjon av naturgass.*

*Opplysninger om avtale- og salgsvilkår for natur-*

*gass som er realisert i et kvartal, skal ukrevet sendes Oljeskattekontoret innen én måned etter utløpet av kvartalet. Departementet kan i forskrift fastsette annen frist for innsending av opplysninger. Opplysningsene kan kreves innsendt elektronisk. Opplysninger gitt etter første ledd kan gis til Olje- og energidepartementet uten hinder av taushetsplikten.*

*Den som ikke sender inn opplysninger eller avtale etter første ledd innen fastsatt frist, kan ildges et gebyr. Gebyret skal være et fastsatt beløp per dag for hver oppgave eller avtale som ikke innsendes. Departementet fastsetter gebyrets størrelse. Gebyret ildges av Oljeskattekontoret. Hvis det godt gjøres at feilen skyldes årsaker den opplysningspliktige ikke kan lastes for, kan gebyr frafalles. Vedtak om gebyr truffet av Oljeskattekontoret kan påklages til Skattedirektoratet.*

*Departementet kan bestemme at første ledd ikke skal gjelde for enkelte typer naturgass.*

**II**

Endringslova tek til å gjelde frå den tid departementet bestemmer.

**Forslag**

**til lov om endringar i lov 12. desember 1975 nr. 59 om  
dokumentavgift**

**I**

I lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift gjer ein følgjande endringar:

§ 6 andre ledd første punktum skal lyde:

Erververen av grunnbokshjemmel og meglerfører som bistår med oppgaver som nevnt i lov 29. juni 2007 nr. 73 om eiendomsmegling § 6-9 første ledd nr. 1, 2 eller 4, er i forhold til avgiftsmyndighe-

ten ansvarlig for at riktig avgift, tilleggsavgift og renter blir betalt.

§ 7 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Er eiendoms- eller bruksrett til fast eiendom overtatt med hjemmel i lov til pris som er fastsatt med hjemmel i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker, i lov 11. juni 1993 nr. 66 om pristiltak, i lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste eller i instruks om innløysing og regulering av

*festeavgift i festeforhold der staten eller statleg styrde verksemder eig tomta skal avgiften beregnes etter denne pris.*

II

Endringslova tek til å gjelde straks.

§ 7 femte ledd andre punktum skal lyde:  
Denne regel gjelder også ved *jordskifte etter lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a.*

## Forslag

### til lov om endringar i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)

I

I lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 3-13 nr. 3 skal lyde:

3. Departementet kan uten hinder av nr. 1 gi *opplysninger til* forskningsformål i samsvar med forvaltningsloven § 13 d.

II

Endringslova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 23-2 tredje ledd skal lyde:

Av naturalytelser og av godtgjørelse som skal dekke utgifter i forbindelse med utførelse av arbeid, oppdrag eller verv som nevnt i skatteloven § 5-10 bokstavene a og b, skal det betales avgift i den utstrekning naturalytelsene og godtgjørelsene skal

tas med ved beregningen av forskottstrekk, se skattetalingsloven §§ 5-6 og 5-8. Det skal likevel betales avgift for verdien av fri kost på sokkelen, jf. skatteloven § 5-15 første ledd bokstav e nr. 1, uavhengig av om verdien inngår i trekkgrennlaget.

II

Endringslova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)

#### I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 2-15 andre ledd skal lyde:

(2) Gjenlevende ektefelle *eller samboer* som sitter i uskiftet bo, skattlegges for boets formue og inntekt. Har dødsfallet funnet sted i inntektsåret, og den gjenlevende har overtatt boet uskiftet, gjelder §§ 2-10, 2-11 og 2-13 tilsvarende for avdødes og *gjenlevendes inntekt* og skatt.

§ 2-38 første ledd bokstav a skal lyde:

a. selskap mv. som nevnt i § 2-2 første ledd a til d *og tilsvarende selskap stiftet i utlandet som er hjemmehørende i Norge*,

§ 2-38 første ledd bokstav i skal lyde:

i. *selskap mv. hjemmehørende i utlandet som tilsvarer selskap* mv. som omfattes av dette ledd.

§ 2-38 første ledd bokstavane j og k blir oppheva.

§ 2-38 andre ledd bokstav a skal lyde:

a. gevinst eller tap ved realisasjon eller uttak av eierandel i selskap mv. som nevnt i første ledd a til c eller *tilsvarende selskap mv. hjemmehørende i utlandet*, samt lovlig utdelt utbytte som nevnt i § 10-11 annet ledd, jf. tredje ledd på slik eierandel,

§ 6-30 andre ledd første punktum skal lyde:

(2) Før øvrig omfatter minstefradraget fradrag for forsikringspremie mv. etter § 6-47 første ledd d til f.

§ 15-4 femte ledd nytt sjuande punktum skal lyde:

*Reglene om ektefeller i dette ledd gjelder tilsvarende for gjenlevende samboer som overtar boet uskiftet i medhold av arveloven § 28c.*

#### II

Endringslova tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2009.

Endringane i § 6-30 og § 2-38 tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2010.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

#### I

I lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. gjer ein følgjande endringar:

§ 4 første ledd nr. 2 skal lyde:

2. For merverdiavgift på anskaffelser som nevnt i merverdiavgiftsloven § 8-3 og § 8-4.

§ 6 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

*Kompensasjonsoppgave skal sendes inn elektronisk.*

§ 7 skal lyde:

*§ 7 Oppgavefrist*

Oppgaven må være kommet frem til skattekontoret innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver periode. Fristen for 3. periode, mai og juni, er likevel 20. august.

*Krav* om kompensasjon for merverdiavgift på anskaffelser gjort i løpet av en periode kan tidligst fremslettes ved periodens *utløp*.

#### II

Endringslova tek til å gjelde straks.

Endringane i §§ 6 og 7 tek til å gjelde 1. januar 2011.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)

#### I

I lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 1-1 tredje ledd bokstav c skal lyde:

c) tvangsmulkt etter § 5-16, lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver § 43, *merverdiavgiftsloven* § 21-1 og ligningsloven § 10-6.

§ 5-7 første ledd bokstav b nytt tredje punktum skal lyde:

*Fritaket gjelder ikke når trekket beregnes etter § 5-5 femte ledd.*

§ 7-1 første ledd første punktum skal lyde:

(1) Når ligningen er gjennomført, skal forskuddstrekk, utskrevet forskuddsskatt og tilleggsforskudd innbetalt innen *fristen* i § 4-7 gå til fradrag i utlignet skatt.

§ 8-2 første ledd andre punktum skal lyde:

Fradrag som nevnt i § 8-1 tredje ledd skal fordeles før fordeling av fradrag som nevnt i første punktum og fradrag som nevnt i *annet* ledd.

§ 10-51 bokstav f skal lyde:

f) tilleggsskatt etter ligningsloven §§ 10-2 til 10-5, tilleggsavgift etter merverdiavgiftsloven § 21-3, *folketrygdloven* § 24-4 tredje ledd, lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver § 44, lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter § 3, lov

19. juni 1959 nr. 2 om avgifter vedrørende mottorkjøretøy og båter § 3, og tilleggstoll etter tolloven § 16-10.

**§ 10-52** skal lyde:

Ansvarskrav etter kapittel 16, ansvarskrav etter § 4-1 annet ledd og ansvarskrav etter lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v. § 7 skal betales senest to uker etter at melding om kravet er sendt, jf. tvangsfyllbyrdeloven § 4-18.

**§ 10-60** fjerde ledd skal lyde:

(4) For krav på *utbetaling* av merverdiavgift til registrerte næringsdrivende etter merverdiavgiftsloven § 11-5 regnes fristen fra omsetningsoppgaven er mottatt av avgiftsmyndigheten.

§ 11-4 tredje ledd skal lyde:

(3) Ved utbetaling av merverdiavgift som tidligere ikke er innbetalt, ytes renter fra tre uker etter fristen for innlevering av oppgave for vedkommende termin, jf. *merverdiavgiftsloven* § 15-8.

§ 16-20 andre ledd andre punktum skal lyde:  
Bestemmelsen i første ledd *tredje punktum* gjelder tilsvarende.

II

Endringslova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### **til lov om endringar i lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)**

I

I lov 14. desember 2007 nr. 107 om endringar i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjer ein følgjande endringar:

X. Overgangsregler. Ved ikrafttredelse av endringene under V §§ 8-14, 8-15 og 8-17 gjelder følgende overgangsregler:

(1) For selskaper som er lignet etter den særskilte beskatningsordningen i henhold til skatteloven § 8-10 til 8-20 for inntektsåret 2006, og som for inntektsåret 2007 fortsatt skal lignes etter den særskilte beskatningsordningen, skal det foretas et inntektsoppgjør per 1. januar 2007. Utgangsverdien ved dette inntektsoppgjøret fastsettes til summen av kostpris for selskapets finansielle eiendeler og aksjer i selskaper som nevnt i § 8-11 første ledd d og g som ville vært frittatt fra beskatning ved realisasjon etter § 2-38, skattemessig verdi av øvrige finansaktiva, og regnskapsmessig verdi per 31. desember 2006 av selskapets øvrige eiendeler, fratrukket skattemessig verdi av gjeld. Inngangsverdien fastsettes til saldoen på kontoen for tilbakeholdt skattlagt inntekt i selskapet ved uttredelsesårets begynnelse, tillagt tidligere innbetalt aksjekapital og overkurs. Departementet kan gi forskrift om jus-

tering av regnskapsmessige verdier etter annet punktum.

(2) *Gevinst* beregnet etter første ledd skal føres på en egen *oppgjørskonto*. Det gjøres fradrag i *oppgjørskontoen* for:

- a. *Gevinst som er frittatt for skatteplikt etter tredje ledd,*
- b. *korreksjonsinntekt etter skatteloven § 10-5 første ledd for inntektsårene 2007, 2008 og 2009, som skyldes utdeling av gjenstående ubeskattet gevinst beregnet etter første ledd og som ikke senere er fradragstiltak etter skatteloven 10-5 sjette ledd,*
- c. *beløp som er inntektsført etter femte ledd, og*
- d. *beløp som er inntektsført etter tolvte ledd.*

(3) Inntil en tredjedel av gevinst beregnet etter første ledd er frittatt for skatteplikt, så langt et beløp lik 28 prosent av gevinsten brukes til miljøtiltak m.v. *Fritak etter foregående punktum* gis bare for kostnader til miljøtiltak når det før 26. mars 2010 er oppstått en ubetinget forpliktelse for skattyteren til å dekke eller innfri kostnaden eller når det før 26. mars 2010 er inngått en bindende avtale som medfører en slik ubetinget forpliktelse. Departementet kan gi forskrift om kvalifiserende miljøtiltak m.v. etter foregående punktum, om frist for når kostnadene må

være pådratt, og om inntektsføring når miljøtiltak m.v. ikke er gjennomført ved fristens utløp.

(4) Tap beregnet etter første ledd kan fremføres til fradrag i fremtidig finansinntekt i den utstrekning tapet ligger innenfor fremførbart finansunder-skudd per 31. desember 2006.

(5) *Ved utdelinger som nevnt i skatteloven § 10-5 tredje ledd, jf. niende ledd, skal det inntektsføres et beløp som, etter at beregnet skatt av bruttobeløpet er trukket fra, tilsvarer det utbyttet eller konsernbidraget som er avsatt eller utdelt. Utbytte og konsernbidrag som er avsatt i årsoppgjøret for 2009, og vedtatt på generalforsamlingen etter 25. mars 2010, skal inntektsføres for inntektsåret 2010 så langt utdelingen ikke har medført inntektsføring etter skatteloven § 10-5 første ledd i 2009. Dersom samlet utdelt beløp overstiger selskapets oppgiørskonto per 1. januar i inntektsåret, jf. annet ledd, skal det ikke foretas inntektsføring for det overskytende. Gjenstående ubeskattet gevinst beregnet etter første ledd skal ikke anses som en midlertidig forskjell etter skatteloven § 10-5 annet ledd. Inntekt etter skatteloven § 10-5 første ledd for inntektsårene 2007, 2008 og 2009 som skyldes utdeling av gjenstående ubeskattet gevinst beregnet etter første ledd og som ikke senere er fradragstilt etter skatteloven § 10-5 sjette ledd, kan ikke kreves fradratt i senere års inntekt etter sistnevnte bestemmelse.*

(6) Ved uttreden av rederiskatteordningen skal eventuell gjenstående ubeskattet gevinst etter *annet ledd* tas til inntekt i uttredelsesåret.

(7) For selskap som har gjenstående ubeskattet gevinst etter *annet ledd*, kan inntektsføring etter *femte ledd* og skatteloven § 10-5 annet ledd unnlates innenfor et beløp lik samlet netto regnskapsmessig resultat før skatt for inntektsårene 2007 og 2008. Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om beregningen av samlet netto regnskapsmessig resultat før skatt etter foregående punktum.

(8) For selskaper som ikke er lignet etter den særskilte beskatningsordningen i henhold til skatteloven §§ 8-10 til § 8-20 for inntektsåret 2006, og som trer inn i ordningen med virkning fra inntektsåret 2007 eller 2008 eller fra 1. januar 2009, skal det ved inntektsoppgjøret etter skatteloven § 8-14 tredje ledd legges til grunn regnskapsmessige verdier for driftsmidler og andeler i selskaper som nevnt i skatteloven §§ 10-40 og 10-60. Gevinst ved realisjon eller uttak av driftsmidler og andeler i selskaper som nevnt i skatteloven §§ 10-40 og 10-60, som ikke omfattes av skatteloven § 2-38, herunder realisasjon eller uttak av driftsmidler fra underliggende selskap som nevnt i skatteloven §§ 10-40 og 10-60, skal være skattepliktig ved realisasjon eller uttak innen 3 år etter inntreden. Det samme gjelder urealisert gevinst på driftsmidler og andeler i selskaper

som nevnt i skatteloven §§ 10-40 og 10-60, som ved en tenkt realisasjon ikke ville være omfattet av skatteloven § 2-38, ved uttreden av rederiskatteordningen innen 3 år. Ved gevinstberegningen skal den verdien som er lagt til grunn ved inntredenbeskatningen utgjøre inngangsverdien. Departementet kan gi forskrift om justering av regnskapsmessige verdier etter første punktum. Departementet kan også gi nærmere regler om beskatning ved realisasjon, uttak eller uttreden etter annet, tredje og fjerde punktum.

(9) Underskudd fastsatt etter reglene i skatteloven § 8-15 annet til fjerde ledd kommer ikke til fradrag i inntekt fastsatt *etter femte og åttende ledd*.

(10) Selskap som har gjenstående ubeskattet gevinst etter *annet ledd* kan ikke yte lån til eller stille sikkerhet til fordel for *skattytere med direkte eller indirekte eierinteresser i selskapet*. Tilsvarende gjelder for lån til eller sikkerhetsstillelse til fordel for selskap som slik skattyter har direkte eller indirekte eierinteresser i, eller til skattyterens nærliggende. Som nærliggende regnes skattyterens foreldre, ektefelle, ektefelles foreldre, barn, barnebarn, samboer eller samboers foreldre. *Med lån menes også ytterligere utlån knyttet til eksisterende låneavtaler*. Første og annet punktum gjelder ikke *avtale om sikkerhetsstillelse til fordel for selskap innenfor ordningen inngått før 26. mars 2010, eller avtale om sikkerhetsstillelse til fordel for selskap utenfor ordningen inngått før 26. mars 2010* når sikkerheten er stilt overfor en finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt etter finansieringsvirksomhetsloven eller tilsvarende finansinstitusjon med konsesjon til å yte kreditt i annen stat. *Første og annet punktum gjelder heller ikke for lån til selskaper innenfor ordningen ytet før 11. mai 2010. Departementet kan gi forskrift om unntak fra første og annet punktum for ytterligere utlån knyttet til eksisterende låneavtaler inngått før 11. mai 2010. Videre gjelder første og annet punktum ikke for fordring som er oppstått som følge av beslutning om å yte konsernbidrag, jf. aksjeloven § 8-5 og allmennaksjeloven § 8-5, jf. aksjeloven § 8-2 og allmennaksjeloven § 8-2*. Selskapet anses trådt ut av ordningen fra og med det inntektsåret da vilkårene i dette ledd brytes. Skatteloven § 8-17 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende.

(11) *Selskap som har vært lignet etter den særskilte beskatningsordningen i henhold til skatteloven §§ 8-10 til 8-20 for alle inntektsårene fra og med 2006 til og med 2009 og som for inntektsåret 2010 fortsatt skal lignes etter den særskilte beskatningsordningen, kan for inntektsåret 2010 velge et oppgjør av gevinst beregnet etter første ledd. Oppgjøret gjennomføres ved at et beløp lik to tredjedeler av gevinsten beregnet etter første ledd, dividert med 2,8, tas til inn-*

tektsårene 2010, 2011 og 2012. For selskaper som velger oppgjør etter første og annet punktum skal det ikke foretas inntektsføring etter femte ledd. Gjenstående ubeskattet gevinst etter annet punktum skal anses som en midlertidig forskjell etter skatteloven § 10-5 annet ledd. Ved utreden av ordningen skal eventuell gjenstående ubeskattet gevinst etter annet punktum tas til inntekt i utredelsesåret.

(12) Selskap som har gjenstående ubeskattet gevinst etter annet ledd kan ikke ha en lavere realkapitalandel enn gjennomsnittet av selskapets realkapitalandel for inntektsårene 2007 til 2009, beregnet på grunnlag av eiendelenes verdi ved avslutningen av det enkelte inntektsår. Dersom brudd på vilkåret i dette ledd ikke er rettet innen 31. desember i det påfølgende inntektsåret, må selskapet for dette inntektsåret og hvert påfølgende inntektsår frem til vilkårsbruddet er rettet inntektsføre en del av saldoen på oppgjørskontoen ved inntektsårets avslutning. Inntektsføringen fra oppgjørskontoen skal svare til den forholdsmessige reduksjonen av realkapitalandelen, sett i forhold til gjennomsnittet av selskapets realkapitalandel for inntektsårene 2007 til 2009, beregnet per 31. desember i det enkelte inntektsår. Ved beregningen av realkapitalandelen skal det tas utgangspunkt i selskapets balanseførte finanskapital og realkapital med følgende justeringer:

- Bokført verdi av aksjer eller andeler som nevnt i skatteloven § 8-11 første ledd e-g skal fordeles mellom realkapitalen og finanskapitalen tilsvarende forholdet mellom finanskapital og realkapital i det underliggende selskapet. Ved beregningen etter foregående punktum skal eiendelenes verdi fastsettes til verdien ved inntektsårets avslutning. Bokført verdi av aksjer eller andeler som nevnt i skatteloven § 8-11 første ledd d skal medtas som del av finanskapitalen.
- Resterende kontraktssummer for skip som ikke er levert per 31. desember i inntektsåret skal medtas som del av selskapets totalkapital, og føres til fra-

drag i selskapets finanskapital, men slik at den beregnede finanskapitalen skal settes til 0 dersom den blir negativ. Foregående punktum skal gjelde tilsvarende for selskap som nevnt i skatteloven § 8-11 e til g. Denne bokstav skal likevel ikke gjelde ved beregning av gjennomsnittet av selskapets realkapitalandel for inntektsårene 2007 til 2009.

- Bokført verdi av skip som leies ut på totalbefraktningsvilkår til et konsernforbundet selskap skal medtas som del av selskapets finanskapital, dersom skatten på inntekt fra driften av skipet på innleiers hånd er mindre enn en tredjedel av den skatten selskapet ville ha blitt ilignet dersom det hadde vært beskattet som hjemmehørende i Norge og utenfor ordningen. Med konsernforbundet selskap menes norsk eller utenlands selskap som tilhører samme konsern, jf. regnskapsloven § 1-3 første ledd. Vilkåret om bestemmende innflytelse i regnskapsloven § 1-3 annet ledd første punktum, jf. annet ledd annet punktum samt tredje og fjerde ledd, gjelder tilsvarende.
- Selskap som utarbeider selskapsregnskapet etter regnskapsloven § 3-9 tredje eller fjerde ledd skal korrigere for elementer i fond for urealiserte gevinst er aksjeloven § 3-3a eller allmennaksjeloven § 3-3a.

Departementet kan gi nærmere regler om beregning av realkapitalandelen.

## II

Denne endringslova tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2010.

Endringane under I femte ledd tek til å gjelde frå og med inntektsåret 2010, med verknad for utdelingar etter skattelova § 10-5 tredje ledd, jf. niande ledd, som er vedteke av generalforsamlinga etter 25. mars 2010.

## Forslag

### til lov om endring i lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven)

I

I lov 21. desember 2007 nr. 119 om toll og vareførsel (tolloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 1–2 tredje ledd bokstav a skal lyde:

- a) *lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)* og Stortingets vedtak om merverdiavgift, og

§ 12-1 tredje ledd skal lyde:

(3) Departementet kan uten hinder av første ledd godkjenne at opplysninger *gis til* forskningsformål i samsvar med forvaltningsloven § 13 d.

II

Endringslova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endring i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)

I

I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) gjer ein følgjande endring:

§ 23 første ledd første punktum skal lyde:

Ein person eller eit føretak kan per kalenderår ikkje omsetje fangst som er teken med fartøy som

ikkje er merkeregistrert, eller frå land, for meir enn den summen som er fastsett i *lov 19. juni 2009 nr 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) § 2–1 første ledd første punktum*.

II

Endringslova tek til å gjelde straks.

## Forslag

### til lov om endringar i lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven)

#### I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) gjer ein følgjande endringar:

§ 3–11 andre ledd bokstav j skal lyde:

- j) omsetning av rett til å disponere kommunal havn mot havneavgifter eller vederlag i samsvar med *havne- og farvannsloven*

§ 4–1 andre ledd bokstav c skal lyde:

- c) forsinkelsesrente etter *forsinkelsesrenteloven*

Overskrifta i § 8–8 skal lyde:

Betaling via bank som vilkår for fradrag for inngående *merverdiavgift*

§ 10–6 første ledd skal lyde:

(1) Lottfiskere som selv holder fiskeredskap i vedkommende fiske, har rett til refusjon av inngående merverdiavgift som er betalt ved kjøp *eller leie* av de redskapene lottfiskerne deltar med.

§ 12–1 andre ledd skal lyde:

(2) Tollregionen er avgiftsmyndighet når merverdiavgift skal beregnes ved innførsel av *varer og* ved refusjon etter §§ 10–7 til 10–9.

§ 13–2 tredje ledd skal lyde:

(3) Departementet kan uten hinder av første ledd gi *opplysninger til* forskningsformål i samsvar med forvaltningsloven § 13 d.

§ 15–1 åttande ledd skal lyde:

(8) Den som har plikt til å gi opplysninger etter dette kapittel, skal opprette aktsomt og lojalt. *Avgiftsubjektet* skal bidra til at avgiftsplikten i rett tid blir klarlagt og oppfylt, og også gjøre avgiftsmyndigene oppmerksom på feil ved avgiftsberegningen.

§ 15–7 første ledd tredje punktum skal lyde:

*Mottakere omfattet av § 15–6* skal bare levere oppgave for de terminer det oppstår plikt til å beregne merverdiavgift.

§ 15–11 fjerde ledd skal lyde:

(4) I enkeltpersonforetak påhviler opplysnings- og oppgaveplikten foretakets innehaver. I selskap, *samvirkeforetak*, forening, institusjon eller innretning påhviler plikten den daglige leder av virksomheten, eller styrelederen dersom virksomheten ikke har daglig leder.

§ 22–2 tredje ledd skal lyde:

(3) Denne loven § 3–3 første ledd annet punktum, § 9–1 tredje ledd og § 9–8 oppheves med virking fra 1. januar 2011.

#### II

Endringslova tek til å gjelde straks.

**B****Forslag**

**til vedtak om endringar i Stortingets vedtak 26. november  
2009 om energiavgift på naturgass og LPG for  
budsjetterminen 2010**

Frå 1. juli 2010 gjer ein følgjande endringar i Stortingets vedtak 26. november 2009 om energiavgift på naturgass og LPG for budsjetterminen 2010:

Vedtaket om energiavgift på naturgass og LPG blir oppheva.

**Forslag**

**til vedtak om endringar i Stortingets vedtak 26. november  
2009 om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkter for  
budsjetterminen 2010**

**I**

Frå 1. juli 2010 gjer ein følgjande endringar i Stortingets vedtak 26. november 2009 om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkter for budsjetterminen 2010:

§ 1 skal lyde:

Fra 1. juli 2010 skal det i henhold til lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter betales CO<sub>2</sub>-avgift til statskassen ved innførsel og innenlandsk produksjon av følgende mineralske produkter med følgende beløp:

- a) Mineralolje: kr 0,58 per liter. For mineralolje til innenriks luftfart skal det betales avgift med kr 0,68 per liter. For mineralolje til treforedlingsindustrien, sildemel- og fiskemelindustrien skal det betales avgift med kr 0,30 per liter.
- b) Bensin: kr 0,86 per liter.
- c) Naturgass: kr 0,43 per Sm<sup>3</sup>.
- d) LPG: kr 0,65 per kg.

*Det skal betales avgift med kr 0,05 per Sm<sup>3</sup> naturgass og kr 0 per kg LPG for naturgass og LPG som leveres til*

1. *industri og bergverk og som benyttes i forbindelse med selve produksjonsprosessen,*
2. *bruk som gir kvotepliktige utslipp etter klimakvoteoverien.*

*Fritaket i § 2 første ledd bokstav g kommer ikke til anvendelse for naturgass og LPG.*

Departementet kan gi forskrift om hva som omfattes av avgiftsplikten og om grunnlaget for avgiften.

§ 5 skal lyde:

*Det gis fritak, refusjon eller ytes tilskudd for CO<sub>2</sub>-avgift på naturgass og LPG til*

- a) kjemisk reduksjon eller elektrolyse, metallurgiske og mineralogiske prosesser,*
- b) veksthusnæringen,*
- c) motorvogner tilhørende diplomater mv.,*
- d) skip i utenriks fart,*
- e) fly i utenriks fart,*
- f) fiske og fangst i fjerne farvann,*
- g) fiske og fangst i nære farvann.*

*Det gis fritak, refusjon eller ytes tilskudd for avgift for andel biogass i naturgass og LPG.*

Gjeldande § 5 blir § 6. Andre ledd skal lyde:

Departementet kan ved overtredelse av §§ 2–5 nekte fritak, nedsettelse eller tilskudd for kortere eller lengre tid.

Gjeldande §§ 6 og 7 blir §§ 7 og 8.

II blir oppheva.

II

Frå den tid departementet fastset gjer ein følgjande

endringar i Stortingets vedtak 26. november 2009 om CO<sub>2</sub>-avgift på mineralske produkter for budsjetterminen 2010:

§ 5 første ledd ny bokstav h skal lyde:  
h) *godsr- og passasjertransport i innenriks sjøfart.*

## Forslag

### **til vedtak om endringar i Stortingets vedtak 26. november 2009 om grunnavgift på fyringsolje mv. for budsjetterminen 2010**

Frå 1. juli 2010 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 26. november 2009 om grunnavgift på fyringsolje mv. for budsjetterminen 2010:

§ 2 ny bokstav o skal lyde:

o) *benyttes til høsting av tang og tare.*

## Forslag

### **til vedtak om endringar i Stortingets vedtak 26. november 2009 om avgift på sluttbehandling av avfall for budsjetterminen 2010**

Frå 1. oktober 2010 gjer ein følgjande endringar i Stortingets vedtak 26. november 2009 om avgift på sluttbehandling av avfall for budsjetterminen 2010:

§ 3 blir oppheva.

§ 4 andre ledd blir oppheva. Gjeldande tredje ledd blir andre ledd.

Gjeldande §§ 4, 5 og 6 blir §§ 3, 4 og 5.

**Forslag**  
**til vedtak om endring i Stortingets vedtak**  
**26. november 2009 om avgift på utslipp av NO<sub>x</sub> for**  
**budsjetterminen 2010**

Frå 1. oktober 2010 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 26. november 2009 om avgift på utslipp av NO<sub>x</sub> for budsjetterminen 2010:

§ 1 andre ledd blir oppheva. Gjeldande tredje ledd blir andre ledd.

**Forslag**  
**til vedtak om endring i Stortingets vedtak 26. november**  
**2009 om produktavgift til folketrygden for fiskeri-, hval-**  
**og selfangstnæringen for 2010**

Frå 1. juli 2010 gjer ein følgjande endring i Stortingets vedtak 26. november 2009 om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringa for budsjetterminen 2010:

II første setning skal lyde:  
Produktavgifta skal vere 3,1 prosent frå og med 1. juli 2010.

---

